

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Eit forsøk på å utvide språket

Dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* i utbyggingsfasen fram til 1940

60 studiepoeng

Janne-Kristin Svarstad Nygård
Mai 2014

Abstract

What happens when one writes about a subject for which there are no words in the language one is using? This thesis is an investigation of the articles about natural sciences in the journal *Syn og Segn* during the Norwegian Nynorsk elaboration stage up until 1940. It is a study of the historical context in which these articles were written and read, taking the bilingual reality of the two Norwegian written standards Nynorsk and Bokmål into account. A quantitative analysis of the thematic content in the 75 first volumes of *Syn og Segn* has been carried out, in order to explain the role of the natural sciences in the journal. A qualitative analysis is done by reading and interpreting a selection of articles in *Syn og Segn* in the specific period, and has led to a synthetic presentation of a genre, as well as a particular presentation of four representative articles. Employing a cultural analysis approach, the focus is on explaining the rise and premises of the Norwegian language conflict, and how *Syn og Segn* was a product of this conflict.

The investigation shows that the articles were an effort to reach a language policy goal of writing in Norwegian Nynorsk about a wide range of subjects in a time when the language was gaining new users. The language went from formulation and codification stages into an elaboration stage where it was important to show that Norwegian Nynorsk could be a full-fledged and versatile language. The presentation shows that it is fruitful to emphasize other motivations than language purism and nationalistic considerations as far as the ideological background for the New Norwegian style is concerned. There are challenges attached to writing about “new” fields of research in a language that has no established terminology for the field, and the authors of the articles about natural science met these by taking various pedagogical measures. The articles helped expand the sphere of subjects that can be written about in Norwegian Nynorsk, but they are problematic when it comes to creating a foundation for natural scientific terminology. This is because the form, style and genre are more coloured by the ideal of turning colloquial language into print than by the ideal of communicating with the level of detail that natural science requires.

Innhold

ABSTRACT	III
FIGURLISTE	VII
FØREORD	IX
INNLEIING	1
Problemstilling og teori	5
Framstilling og metode	7
Tidlegare forskning på nynorsk i mellomkrigstida	9
Om <i>Syn og Segn</i> i mellomkrigstida	10
HOVUDEL 1	
KONTEKST: HISTORISK BAKGRUNN, NORMER OG SPRÅKPLANLEGGING	12
1.1 Språkplanlegging, ideologi og normer	12
1.1.1 Språkplanlegging	12
1.1.2 Fasar i språkplanlegginga	14
1.1.3 Prinsipp for språkplanlegginga	17
1.1.4 Språkplanlegging i Noreg	18
1.2 Normer	20
1.2.1 Normagentar	22
1.3 Den tidlege historia	25
1.3.1 Det norske språkspørsmålet og dei to svara	25
1.3.2 Omgrepet «målrørsla»	28
1.3.3 Den tidlege målreisinga og målreisingsorganisasjonane	29
1.3.4 Det Norske Samlaget	33
1.3.5 <i>Syn og Segn</i>	34
1.3.6 Føremålsteksten til <i>Syn og Segn</i>	38
1.4 Mellomkrigstida	40
1.4.1 Nynorskbruken ekspanderer	40
1.4.2 Målrørsla møter motstand	42
1.4.3 Nynorsk presse	45
1.4.4 Lov om målbruk i statstenesta	47
1.4.5 Nynorsknormering i mellomkrigstida	48
1.4.6 <i>Syn og Segn</i> i mellomkrigstida	52
1.4.7 Oppsummering	53
1.5 Oppsummering av den første hovuddelen	54

HOVUDEL 2

DEI NATURVITSKAPLEGE ARTIKLANE I <i>SYN OG SEGN</i>	56
2.1 Teoretiske refleksjonar	56
2.1.1 Stil og syntaks: Enkel og talemålsnær struktur	57
2.1.2 Purisme	59
2.1.3 Sjanger og teksttypar	61
2.1.4 Modernitet og den høge statusen til naturvitskapen	63
2.1.5 Terminologi og fagspråk	64
2.1.6 Nynorske fagtermar	66
2.1.7 Tidlege ordlistar og ordbøker med nynorsk fagterminologi	66
2.1.8 Tradisjon for normering av framandord i norsk	67
2.2 Kvantitativ innhaldsanalyse: Kva stod på trykk i <i>Syn og Segn</i>?	68
2.2.1 <i>Syn og Segn</i> 1894–1919	69
2.2.2 <i>Syn og Segn</i> 1920–1944	72
2.2.3 <i>Syn og Segn</i> 1945–1969	74
2.2.4 Oppsummering	76
2.2.5 Naturvitskaplege artiklar 1894–1969	76
2.2.6 Dei naturvitskaplege artiklane i mellomkrigstida	78
2.3 Kvalitativ analyse	79
2.3.1 Nye analyseverktøy og innleiande teoretiske refleksjonar	79
2.3.2 Syntetisk analyse	88
2.4 Partikulær analyse	101
2.4.1 Forfattarane	102
2.4.2 Nynorskkorpuset	102
2.4.3 «Livstilhøvi utanfor Jordi» (1936) av Svein Rosseland	103
2.4.4 «Ljosgangen i romet» (1921) av Anton Røstad	104
2.4.5 «Ymse prov på den daglege jordrørsla» (1923) av Hans Viksjø	105
2.4.6 «Dei øvste luftlaga» (1931) av Anton Røstad	106
2.4.7 Oppsummering	107
2.5 Oppsummering av den andre hovuddelen	109
SLUTTORD OG KONKLUSJON	110
REFERANSAR	115
SAMANDRAG	119
VEDLEGG	120
Vedlegg A: Naturvitskaplege artiklar i <i>Syn og Segn</i> 1919–1939	120

Figurliste

- Figur 1: Normagentar (side 23)
- Figur 2: Artiklar i *Syn og Segn* 1894–1919 fordelt på naturvitskaplege artiklar og andre artiklar (side 70)
- Figur 3: Artiklar i *Syn og Segn* 1894–1919 inndelt i hovudtema (side 71)
- Figur 4: Artiklar i *Syn og Segn* 1920–1944 fordelt på naturvitskaplege artiklar og andre artiklar (side 72)
- Figur 5: Artiklar i *Syn og Segn* 1920–1944 inndelt i hovudtema (side 73)
- Figur 6: Artiklar i *Syn og Segn* 1945–1969 fordelt på naturvitskaplege artiklar og andre artiklar (side 74)
- Figur 7: Artiklar i *Syn og Segn* 1945–1969 inndelt i hovudtema (side 75)
- Figur 8: Naturvitskaplege artiklar i *Syn og Segn* 1894–1969. Absolutt mengd fordelt på år (side 77)
- Figur 9: Naturvitskaplege artiklar i *Syn og Segn* 1894–1969. Relativ mengd fordelt på år (side 78)

Føreord

I arbeidet med oppgåva har eg tenkt, tvilt, og sett spørjeteikn ved mykje av det eg før kanskje ukritisk tok for å vere sanningar. Eg har lært mykje om nynorsk, målrørsla, og ikkje minst om meg sjølv.

For det vil eg takke dei som arbeider ved masterstudiet i nynorsk skriftkultur. Takk til medstudentane mine for alle dei interessante samtalene. Takk til Bente Riise, som var redaktør i *Syn og Segn* i tida då eg arbeidde der, og som har lært meg så mykje. Takk til min noverande arbeidsgjevar, Det Norske Samlaget, for tolmod, forståing og oppmuntring i dei mest hektiske periodane. Takk til prosjektet Norsk Ordbok 2014 for stipend og god hjelp. Takk til alle norsklærarar eg har hatt, for at de har gjort meg interessert i språk. Takk til rettleiaren min Gunvald Andreas Ims, som har kome med gode råd og alltid vore positiv. Takk til mamma og pappa som alltid har hatt trua på meg. Takk til Jørgen Eriksson Midtbø for at du alltid har noko fint å seie, og for at du alltid stiller opp. Til slutt vil eg takke Norsk Målungdom, som tok meg i mot, utfordra meg og gav meg stort ansvar. Utan dykk ville eg aldri ha kunne skrive denne oppgåva.

Oslo, 17. mai 2015

Innleiing

Språk oppstår, endrar seg og blir borte. Korleis menneska medvite og umedvite utviklar og blir styrde av skriftkulturar, har alltid fascinert meg. Denne teksten har òg vorte til gjennom det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen. Fordi eg har vakse opp i ein skriftkultur som alltid har vorte utfordra og stilt spørsmål ved, har eg vore nøydd til å ta stilling til mitt eige språk på ein måte som majoriteten i Noreg ikkje treng. Det har vore vanleg for meg å høyre utsegner som «Nynorsken er eit konstruert språk» og «Nynorsken er unaturleg». «Nynorsken er gamaldags» og «Nynorsken er unødvendig». «Nynorsken er norskare enn bokmål». Det er mange som meiner noko om nynorsk. Diskusjonar om nynorsk vekker spørsmål om kva språk er, kva ein skriftkultur er, og kva rolle språk og skriftkulturar har, og har hatt. Som ein inngang til desse spørsmåla kan det vere fruktbart å granske nynorsk i ein tidlegare periode.

Kan ein sminke seg på nynorsk? Dette spørsmålet stilte forfattar og samfunnsdebattant Olaug Nilssen på kronikkplass i Bergens Tidende i 2008 (Nilssen 2008). Trass i at ho konsekvent seier og skriv «auga», er det vanskeleg å seie noko anna enn «øyenskygge». «Augeskugge» ligg rart i munnen, og det står ikkje ein gong i nynorskordlista. Grunnen er at det aldri blir skriva noko om sminke på nynorsk, alle kvinneblada er redigerte på bokmål. Konsekvensen er at det er eit heilt felt med ein heilt eigen terminologi som er vanskeleg å skriva om på nynorsk, vi manglar ord. Og der vi manglar ord på nynorsk, nyttar vi oss gjerne av orda som allereie eksisterer på bokmål.

Det er menneske som skapar ein skriftkultur, og skriftkultur formar menneske. Å analysere nynorsk som skriftkultur er spennande. Det er ein relativ ung skriftkultur. Det er eit skriftspråk som har vakse fram i samspel med offentleg språkpolitikk heilt sidan Ivar Aasen la ut på reisene sine for å skriva ned norske dialektar. Det er ein godt dokumentert skriftkultur.

Det er ein skriftkultur som alltid har stått i eit tilhøve til majoritetsskriftsspråket som i 1929 fekk namnet bokmål, samstundes som landsmålet skifta namn til nynorsk. Nynorsk og bokmål konkurrerer om dei same språkbrukarane i Noreg. Språka er ikkje knytt til ulike folkegrupper, men er uttrykk for det same talespråket, norsk. For å vere konsekvent, vil eg heretter nemne dei som nynorsk og bokmål, òg når eg referere til dei i tida før det offisielle namneskiftet. Nynorsk er eit offisielt språk i Noreg, og eit språk som er mykje brukt både i staten, i litteraturen og som privat skriftspråk.

Den nynorske skriftkulturen er trygt etablert i Noreg i dag. I *Språkfakta 2010* skriv Ottar Grepstad at om lag 550 000 personar har nynorsk som hovudmål, mot fire millionar med bokmål som hovudmål. Av bokmålsbrukarane er kanskje så mange som fire av ti reelt tospråklege og nyttar nynorsk og bokmål like mykje. Grepstad oppsummerer situasjonen til nynorsken som stabil, men krevjande. Bokmålet si hovudutfordring er engelsk, særleg i akademia, der færre leverer masteroppgåver på bokmål enn før (Grepstad 2010: 30).

Det fins mange måtar å definere språk på. I daglegtaleten blir ordet brukt om forskjellige fenomen: Som samlenemning om alt som blir snakka eller skrive, om bestemte språk som tysk eller fransk, eller ein kan snakke om at personar kan ha sitt personlege språk. Dessutan har forskjellige fagfelt sin måte å definere og snakke om språk på. Å finne grensa mellom språk og dialekt er vanskeleg. Lingvistisk kan vi kome fram til eitt svar, medan sociolingvistikken har sin måte å kome fram til det same – av og til med forskjellige resultat. Det er ingen objektiv måte å kome fram til eit svar. Til sjuande og sist endar ein opp med ein definisjon som byggjer på nasjonar, riksgrenser, identitet og politikk – alt dette særly flytande og flyttbare storleikar. At to «språk» har «lingvistisk avstand» er òg vanskeleg å slå fast, særleg om dette byggjer på om språka er gjensidig forståelege eller ikkje. Skilnaden på kva folk *forstår* og kva folk *vil forstå* er vanskeleg å måle.

Har vi eitt eller to norske språk i Noreg? Er nynorsk eit språk? Eller er det kanskje ei målform, ein skriftnormal? I dag blir «språk» og «målform» brukt litt vekslende i offentlege samanhengar, og det ser ikkje ut til at det fins ein statleg politikk for anten den eine eller den andre nemninga. I målrørsla har denne problemstillinga vore oppe til diskusjon fleire gonger, og særleg dei siste åra. Diskusjonen handlar ikkje så mykje om kva som er lingvistisk rett, men kva som er politisk *smart* å kalle nynorsken. På det nasjonale vårseminaret til Noregs Mållag i 2015¹ vart dette diskutert grundig, med innleiingar frå språkforskarar. Ordskiptet i ettertid tyda på at Mållaget er delt i dette spørsmålet.

Eg vel å gjennomgåande ikkje nytte ordet «målform» i oppgåva mi, men brukar heller «språk», eller «skriftspråk» der det høver. Grunnane til det er dels fordi eg vil vere konsekvent, dels fordi eg meiner at språk og målform ikkje har dei same konnotasjonane og det difor ikkje bør vere tilfeldig kva nemning som blir brukt. Målform gjer implisitt uttrykk for språkpolitiske haldningar, språk eit allment meir korrekt ord og er meir nøytralt.

Mitt perspektiv er at nynorsken alltid har stått i eit forhold til bokmål, og at bokmål alltid har hatt eit hegemoni. Trass i vokster og auka oppslutnad om nynorsk, så har alltid det å skrive nynorsk vore noko anna, noko markert, noko eit mindretal gjer. Nynorskbrukarane kan ikkje fri seg frå den norske tospråkssituasjonen, og kunne det ikkje i den sterkaste utbyggingsfasen heller. Med utbyggingsfasen siktar eg her til eit omgrep i språkplanleggingsteorien, som eg vil greie meir ut om under kapittel 1.1.

I oppgåva mi undersøker eg kva som skjedde i ei tid då nynorsken utvida seg, voks, fekk nye ord og brukte ord på nye område i eit høgt tempo. På knapt tre mannsaldrar frå den første teksten kom på trykk i Morgenbladet i 1849 (Grepstad 2010: 11) vart eit heilt nytt språk introdusert og etablert i det norske språksamfunnet. I denne perioden auka nynorskbruken på

¹ Vårseminaret i Fredrikstad 14.-15. mars 2015. Helge Sandøy og Rolf Theil innleidde laurdag 14. mars til ordskipte under programpunktet «Nynorsk og bokmål – språk eller målformer?» Sandøy var for «målform», Theil var for «språk».

kostnad av bokmålet, men kurven flata ut etter krigen. Dei naturvitskaplege artiklane som stod på trykk i det nynorske tidsskriftet *Syn og Segn* frå det første nummeret i 1894 og i tiåra fram til 1940, representerer ei spesiell utviding av språket. Nynorsken vart brukt om nye og spesialiserte emne, ordforrådet og sjangerspennt vokst. Dette skjedde i ei tid der bruken av språket ekspanderte, ein kjempa fram nye språklege rettar i motsetnad til å berre forsvare status quo, og denne voksteren på fleire plan skjedde i eit høgt tempo.

Syn og Segn var ein del av ei større nynorsk presse som nytta nynorsk til å skrive om eit breitt spekter av tema, og saman var dei med på å utvide grensene for det nynorske språket. Dei naturvitskaplege artiklane er eit spennande materiale på fleire måtar. Naturvitskap er eit fagfelt som ikkje er så ofte skrive om på nynorsk, og det er ikkje mykje skrive om dei artiklane som finst. Frå hundreårsskiftet og fram mot andre verdskrigen skjedde det mykje revolusjonerande i den naturvitskaplege forskinga, og mykje av den nye forskinga vart presentert i *Syn og Segn* for eit allment publikum og på eit språk som nesten ikkje hadde vore brukt til å skrive om desse temaa. Albert Einstein sin relativitetsteori som endra måten vi tenkjer om tid og rom er eitt døme.

Frå Jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1885 og fram til den andre verdskrigen stod sigrane i kø for målrørsla. Fleire rettar for nynorskbrukarar vart lovfest, og skulekrinsar, kyrkjer og kommuneadministrasjonar gjekk over til nynorsk. Fleire nynorske aviser, blad og trykkeri vart starta, og den organiserte målrørsla tok form. Åra før den andre verdskrigen har i ettertida vorte kjend som den siste perioden der nynorsk ekspanderte på kostnad av bokmål. Denne perioden er interessant på eit allmennhistorisk nivå, men òg som ein språkhistorisk periode for nynorsken. Trass i at nynorsken vokst og kom meir i bruk, kan ein allereie før 1940 sjå teikna på det som skulle bli ei vanskeleg tid for nynorsken etter andre verdskrigen. Skiftande politiske tilhøve gjorde at den nye generasjonen målfolk måtte finne nye strategiar

for målarbeidet, og tilhøva til den nye partifloraen var problematisk. Det vart vanskelegare enn før å få politisk gjennomslag for målsaka.

Interessa for dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* dukka opp etter å ha bladd gjennom gamle årgangar av *Syn og Segn* då eg arbeidde som redaksjonsassistent i tidsskriftet ved sidan av studia for nokre år sidan. Eg vart overraska over det store mangfaldet av artiklar innanfor alle moglege tema. I dag blir det ofte snakka om at domenetap og manglande terminologi er eit trugsmål for både nynorsk, bokmål og norsk i andre former, og realfag er eitt av områda der norsk er utfordra. Ved å gå litt attende i tid, til tida før andre verdskrigen, kan eg observere det motsette av domenetap – domeneerobring.

Problemstilling og teori

Kva skjer når ein skriv om eit tema ein ikkje har ord for på det språket ein skriv? Dette spørsmålet er problemstillinga mi. Ein som skriv, gjer alltid ei rekkje med aktive val. Det er alltid fleire ord å velje mellom, og vala ein gjer, speglar haldningar, ideologi, normer og ideal knytt til språket. Det er desse haldningane bak ordval, sjangerval og stilval som eg har prøvd å leite meg fram til gjennom denne oppgåva. Eg granskar den nynorske skriftkulturen i den ekspansive perioden fram mot 1940, og eg les dei naturvitskaplege artiklane i tidsskriftet *Syn og Segn* som døme på ein vanleg teksttype frå denne perioden.

Oppgåva har to hovuddelar. I den første hovuddelen granskar eg den historiske konteksten desse artiklane vart til og kom ut i. I denne delen av oppgåva brukar eg språkplanleggingsteori for å undersøkje normering og strukturen kring utgjeving av tekstar, og eg brukar hovudsakleg verk av Einar Haugen, Lars Vikør og Helge Sandøy. Eg brukar teori om dei forskjellige fasane i språkplanlegginga og prinsipp som ligg til grunn for språkplanlegginga i Noreg, samt generelt om normer og normagentar. Spørsmål eg stiller, er: Korleis kan dei naturvitskaplege artiklane og terminologiutviklinga innanfor naturfag på

nynorsk forklarast som teikn på ein bestemt fase i språkutviklinga? I den språkhistoriske framstillinga har eg òg diskutert Oddmund Hoel si framstilling av språkhistoria i mellomkrigstida og Ottar Grepstad si nynorske pressehistorie. Kontekstundersøkinga er naudsynt ettersom mykje av oppfatningane om nynorsk i dag er prega av vår tids forståingshorisont. Eg ville derimot sjå artiklane med nye auge, og så godt som råd utifrå føresetnadane som gjaldt den gongen dei vart skrivne. Eg har likevel eit samtidig blick på artiklane og brukar nyare teoriar og perspektiv for å kunne seie noko om korleis det vart forhandla med det tospråklege og for å diskutere rolla dei naturvitskaplege artiklane kan ha hatt i tida dei kom ut. Denne undersøkinga vil eg bruke til å reflektere over korleis kontekst og råmevilkår kan leggje til rette for utviklinga av nye typar tekstar, og seie noko om kor aktuelle problemstillingane i dåtidas språksituasjon er i dag.

I den andre hovuddelen av oppgåva nærmar eg meg dei naturvitskaplege artiklane, og her brukar eg tekstar av Endre Brunstad for å diskutere stilideal i nynorsk og purisme. Eg gjer og nytte av ei systematisk organisering av norsk sakprosa i sjanger og teksttypar av Ottar Grepstad for å kunne seie noko om sjangeren og teksttypane eg finn i dei naturvitskaplege artiklane. Seier lesnadane mine noko nytt om perioden, eller stadfestar dei allmenne oppfatningar om perioden? Fins det nye perspektiv som bør granskast nærare? Det nynorske stilidealet blir mellom anna ofte skildra som talemålsnært og verbalt i syntaks, og få innslag av framandord. Dette blir forklart med purisme og omsynet til det nasjonale. Men kanskje er det fleire motiv bak artiklane som treng ei utdjuping? Kan det vere at artiklane er prega av andre omsyn heller enn eller like mykje som puristiske og nasjonale omsyn?

Det teoretiske grunnlaget eg har nemnt her er det mest sentrale, men det er ikkje fullstendig. I byrjinga av kvar av hovuddelane har eg ein innleiingsdel der eg presenterer, reflekterer rundt og diskuterer teori eg brukar i den aktuelle delen av oppgåva. Desse teoretiske refleksjonane er å finne i kapittel 1.1, 1.2, 2.1 og 2.3.1.

Framstilling og metode

Framstillinga mi er todelt. I den første hovuddelen granskar eg den historiske konteksten, medan eg i den andre hovuddelen nærles ein sjanger, og kjem nærare inn på dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn*. Eg har ei kulturfagleg tilnærming der eg kombinerer ein teoretisk diskusjon med kvantitativ og kvalitativ metode. Eg har gjort ei kvantitativ analyse av det tematiske innhaldet i dei 75 første årgangane av *Syn og Segn* for å kunne gjere greie for naturfaget sin plass i tidsskriftet. Den kvalitative metoden, som går ut på lese og tolke utvalde artiklar i *Syn og Segn* i den bestemde perioden, har ført til ei syntetisk framstilling av ein sjanger, og ein partikulær presentasjon av fire representative artiklar.

I den første hovuddelen går eg altså inn i den historiske konteksten, og tek for meg opphavet til nynorsken og den tidlege målrørsla før eg nærmar meg skipinga av *Syn og Segn*. Eg går så vidare til å skildre målrørsla, *Syn og Segn* og stoda for nynorsken i utbyggingsfasen heilt fram til slutten av 30-talet for å forstå den samtidige konteksten dei naturvitskaplege artiklane kom ut i. Det tospråklege blikket er gjennomgåande i heile kontekstgranskinga. Dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* ligg eit stykke frå meg i tid og er om tema eg kanskje ikkje kjenner så godt, difor er det viktig å ha i bakhovudet at eg les dei i ein annan kontekst enn det dei intenderte lesarane på den tida. Dette påverkar måten eg les dei på. Difor har det vore viktig for meg å bruke tid på å sette artiklane inn i kontekst.

I den andre hovuddelen av oppgåva mi, ser eg på dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn*. Eg ser nærare på kva ideologiar, haldningar og normer som var styrande for stil og ordval, og korleis desse føringane får eit uttrykk i dei naturvitskaplege artiklane i det som med eit kjent omgrep i språkplanleggingsteori kallast utbyggingsfasen (Haugen 1969). Når eg ser nærare på artiklane, ser eg på kva teksttype dei representerer, kva haldningar og normer som ligg bak valet av stil og ordval, og kva funksjon artiklane hadde. Korleis løyser forfattarane

utfordringar knytt til å skrive om nye fagfelt på eit språk utan ein etablert terminologi, og korleis kommuniserer artiklane med lesarane? Eg vil òg sjå nærare på kva status dei naturvitskapelege faga hadde i *Syn og Segn*, og kva syn på naturvitskapen som kjem til uttrykk i artiklane.

I denne delen av oppgåva gjer eg òg greie for innhaldet i *Syn og Segn* frå det første nummeret i 1894 og fram til 1969, den perioden det fins tematisk ordna register. Fram til 1969 er det ført detaljerte register og oversyn over artiklane som stod på trykk, med ei tematisk inndeling av artiklane. Eg gjer ei grafisk framstilling av det tematiske spennet i artiklane som stod på trykk, og viser styrkeforholdet mellom naturvitskapelege artiklar i høve til dei andre artiklane på trykk. Dette er for å gje eit slags bilete av kor stort omfanget av dei naturvitskapelege artiklane var. Her snevrar eg inn fokuset på tidlegare forskning på *Syn og Segn* og den nynorske språkhistoria i mellomkrigstida, 1918–1940, som eg meiner fell saman med den perioden det nynorske språket var ferdig med den første etableringsfasen og gjekk over til ein utbyggingsfase.

Etter den kvantitative analysen, gjer eg ein kvalitativ analyse av artiklane. For å avgrense materialet til ei handterbar mengd med tekstar, har eg konsentrert lesinga mi om alle naturvitskapelege tekstar som stod på trykk mellom 1919 og 1939. Konkret er dette 69 tekstar, og desse artiklane er ført opp som eit vedlegg til slutt i oppgåva. Den kvalitative analysen inneheld òg ein næranalyse av fire utvalde tekstar for å kunne sjå heilt ned på ordnivået. Her har eg brukt søk i nynorskorpuset til Norsk Ordbok. Analyseverktya har eg plukka opp etter kvart som eg trong dei, og er grundigare forklart innleiingsvis i teksten der eg nyttar dei. I granskinga av kontekst i den kvalitative analysen har eg hovudsakleg brukt diskursanalytiske verkty.

Oppgåva vil på denne måten få ein struktur som bevegar seg frå den breie konteksten og smalnar seg inn mot detaljar i språket i ein bestemd periode. Eg har òg, i tillegg til å lese

det eg har kome over om målrørsla i denne perioden, tatt kontakt og snakka med personar som kan mykje om temaet for å kunne få meir utfyllande svar på dei spørsmåla eg måtte ha.

Tidlegare forskning på nynorsk i mellomkrigstida

I oppgåva mi skal eg som sagt gradvis snevre inn blikket på mellomkrigstida i Noreg. Det fins fleire grundige verk om denne perioden i norsk språkhistorie. Perioden blir likevel ofte omtala overflatisk og kort i dei allmenne språkhistoriske verka. I nynorskhistoria er dette likevel ein viktig og avgjerande epoke. Det var i løpet av mellomkrigstida at målrørsla gjekk frå å alltid vinne fram politisk med sine kampsaker, til å oppleve å gå på den første smellen – striden om bynamnet Nidaros i Trondheim. Det politiske landskapet endra seg, og målrørsla måtte endre argumentasjon og strategi for å vinne fram i ei tid der nasjonale og kulturelle problemstillingar ikkje lenger var blant dei avgjerande politiske spørsmåla.

Mellomkrigstida er eit omgrep som vart skapt i ettertid av den andre verdskrigen, og viser til tidsbolken mellom den første og den andre verdskrigen. Artikkane eg granskar i oppgåva mi, fell historisk under denne epoken. Eg argumenterer for at denne perioden i den nynorske språkhistoria representerer det som Einar Haugen kallar for ein utbyggingsfase, eit omgrep eg gjer meir greie for i kapittel 1.1. Nynorsk var etablert som eit reelt alternativ til bokmål, og mykje av målarbeidet handla om å få nynorsk inn på nye domene.

Utbyggingsfasen er ein kontinuerleg prosess som ikkje er avslutta, men utbygginga av domeneområder og ordforråd var meir intens og konsentrert her. To viktige rettskrivingsreformer kransar inn perioden, den første i 1917 og den andre i 1938.

Perspektivet mitt inneber òg eit samtidig blick. Eg set artikkane inn i ein historisk kontekst og ser perioden innanfrå, med det utgangspunktet at nynorsken var på veg ut av ein etableringsfase og inn i ein voksterperiode. Dei 69 artikkane eg har konsentrert lesinga mi om,

avgrensar seg til mellomkrigstida, men kontekstgranskinga peikar òg lenger attende i tid. Det siste og kanskje viktigaste språkhistoriske verket som tek for seg denne perioden er Oddmund Løkensgard Hoel si bok *Mål og modernisering 1868–1940* frå 2011, og av noko eldre dato er Per Ivar Vaagland sitt verk *Målrørsla og reformarbeidet i 30-åra* frå 1982. Elles er det gjeve ut nokre andre verk som tek utgangspunkt i spesielle rørsler eller kampsaker innanfor målrørsla i mellomkrigstida, men dei kan òg vere med å kaste lys over det meir allmenne ved perioden. Av verk det kan vere verdt å nemne i denne samanhengen, er skrivet til Olav Almenningen i boka *Målreising i 75 år: Noregs mållag 1906–1981* frå 1981, Ernst Håkon Jahr si bok *Østlandsmåla fram! Ei bok om østlandsk reising* frå 1978, Åse Wetås si bok *Namneskiftet Kristiania – Oslo* frå 2000, Oddrun Grønviks *Målbruken i offentleg teneste i tida 1930–1940* frå 1987, samt Kjell Hauglands *Striden om skulespråket: frå 1860-åra til 1902* frå 1985. Desse verka har vore viktige for meg for å kunne setje meg inn i og forstå både korleis målfolk i mellomkrigstida tenkte om sin eigen kamp, og korleis forskarar har vurdert perioden i ettertid.

Om *Syn og Segn* i mellomkrigstida

Medan eg har arbeidd med denne oppgåva har eg oppdaga at det er lite som er skrivi om *Syn og Segn*, både generelt om tidsskriftet og om artiklane som har stått på trykk. Her ligg det ei stor, upløgde mark med mykje materiale for vidare forskning. Eg har, så godt som råd, gjeve ei historisk framstilling av bladet i den første tida. Denne framstillinga kjem i hovuddel 1.

Om tidsskriftet *Syn og Segn* er det få vitskaplege verk som er skrivne, men det kan vere verdt å nemne hovudfagsoppgåva til Erling Ramsvik med tittelen *Litteraturkritikken i Syn og Segn 1894–1910*, levert ved Universitetet i Bergen i 1984. Han ser nærare på dei litterære normene i meldingar og omtaler av bøker i den tidlege tida til tidsskriftet, der ein av konklusjonane han dreg, er at dei ofte er prega av å vere målpolitisk orienterte og med

bondesamfunnet som ein sentral verdi. Det er òg interessant at Ramsvik merkar seg at det er ei stor vekt på omtaler av sakprosa-bøker frå slutten av 1800-talet, særleg det han kallar for lærebøker, folkelesnad og populærvitenskap (Ramsvik 1984: 89). Elles er det òg vorte skrive om *Syn og Segn* i Det Norske Samlaget si historie som vart gjeve ut ved 100-årsjubileet i 1968, *Det Norske Samlaget 1868-1968*, samt eit par enkeltartiklar som har stått på trykk i *Syn og Segn*.

Om naturvitenskaplege artiklar i andre nynorskeblad, står det litt i hovudfagsoppgåva til Aslaug Nyrnes *Det (ny)norske mennesket* frå 1981. Der står det litt om korleis teknikk og vitenskap vart formidla i det nynorske familiebladet *For Bygd og By*. Hennar funn er på somme punkt samanfallande med mine, og eg vil difor gjere ei kort jamføring av artiklane i *Syn og Segn* og *For Bygd og By* i den andre hovuddelen av oppgåva mi.

Hovuddel 1

Kontekst: Historisk bakgrunn, normer og språkplanlegging

Her gjer eg greie for den norske språkhistoriske konteksten artikkane vart til i. Den historiske framstillinga er todelt. Etter to avsnitt som presenterer teori om språkplanlegging og normer, går eg inn på den tidlege historia til målrørsla og ser nærare på Det Norske Samlaget og *Syn og Segn* for å forstå kva miljø tidsskriftet vaks fram i. Her viser eg kva plass *Syn og Segn* har i den nynorske språkhistoria.

I den andre delen kjem eg nærare inn på kva plass *Syn og Segn* har i det språkpolitiske landskapet i samtida i mellomkrigstida, som er kjend som ein sterk utbyggingsfase. Eg gjer ei framstilling av den ytre språkhistoria i samtale med Torp og Vikør (2003), Hoel (1996 og 2011), Grønvik (1987), Hyvik (2009) og Haugland (1985).

1.1 Språkplanlegging, ideologi og normer

Her kjem eg til å gje eit oversyn over språkplanleggingsteori og kva prinsipp som styrer språkplanlegginga. Framstillinga har eit overordna blick på språkplanlegging, ideologi og normer.

1.1.1 Språkplanlegging²

Ein kort og grei definisjon av omgrepet *språkplanlegging* finn vi i Store norske leksikon:

Språkplanlegging er ei medviten styring av språkforholda i eit samfunn. (SNL 2009). Ordet er

² Dette punktet er delvis henta frå «*Skal vi have norske tilstande?*» *Språkplanlegging, normeringsprinsipp og språkhaldningar i norsk og dansk*, semesteroppgåve av Janne Nygård i faget NYN303 – Målreisingar og språkplanlegging i komparativt perspektiv våren 2014, Høgskulen i Volda.

ei omsetjing av det engelske omgrepet *language planning*, først brukt offentleg av den norsk-amerikanske språkforskaren Einar Haugen (Vikør 2007: 94). Vanlegvis, i alle fall i norsk kontekst, blir omgrepet helst nytta om normeringa av skriftspråket, men definisjonen kan og bør òg innehalde normering og planlegging av talemålet, sjølv om eg kjem til å leggje vekt på normering av skriftspråket i denne oppgåva. I tillegg til normering, kan språkplanlegging òg vere språklover eller andre politisk fatta vedtak som vedkjem språkbruken i eit samfunn. I Norsk samanheng kan eg nemne *Jamstillingsvedtaket* og *Lov om målbruk i offentleg teneste*, som gjev nynorsk og bokmål status som offisielle språk i Noreg, og som regulerer bruken av språka i det offentlege.

Språkplanlegging i praksis er alltid normativ, av di ein heile tida må ligge ein ideologi eller eit verdisyn til grunn for vala ein tek undervegs. «Ei verdinøytral språkplanlegging er knapt tenkeleg» (Vikør 2007: 43). Definisjonen av språkplanlegging kan gjerast mykje vidare enn det eg gjer her, men eg ser det ikkje naudsynt for denne oppgåva. Det kan vere verdt å nemne at Noreg har hatt ein heilt spesiell plass i forskingslitteraturen på dette feltet, mykje takka vere den nemnde Einar Haugen, som i tillegg til å innføre sjølv omgrepet språkplanlegging, nytta Noreg som døme i fleire av artiklane sine (Vikør 2007: 13).

Når Vikør og Haugen skriv om språkplanlegging, er det som ein *metode* heller enn ein *teori*, og dei tek mest for seg den praktiske utføringa av språkplanlegging, og at den teoretiske side ikkje har vore like godt påakta er mellom anna vorte diskutert av Endre Brunstad (2000). Språkplanleggingsomgrepet viser til ei *handling*. Men eg meiner at modellar som forklarar fasane i språkplanlegginga og prinsippa som styrer språkplanlegginga ikkje berre treng å vere dømer på framgangsmåtar, men òg seie noko om dei ulike *prosessane* som går føre seg i språkplanlegginga, og dei *haldningane*, *ideologiane* og *normene* som ligg bak dei vala som ein person eller ei gruppe som normerer eit skriftspråk gjer, og er difor viktige å ha med som eit teoretisk grunnlag.

1.1.2 Fasar i språkplanlegginga

Einar Haugen introduserte i 1966 ein enkel modell for fasar i språkplanlegginga, som han gjer nærare greie for i boka *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*, kapittel 1: «Språkets problem» (Haugen 1969). Det er ein modell der han slår fast at det er fire punkt eller fasar i språkplanlegginga, altså fire steg som eit skriftspråk må gjennom for å kunne bli godteke i samfunnet som ei gyldig norm. Andre og meir avanserte modellar som kanskje femnar om fleire nyansar har vorte føreslått av andre språkplanleggingsteoretikarar, men Haugen sin første enkle modell har likevel vorte ståande att. Lars Vikør skriv mellom anna at «Den modellen som står seg best i dag, er etter mi meining likevel Einar Haugens opphavlege frå 1966, med noen få modifikasjonar.» (Vikør 2007: 105). Denne modellen har òg vorte mykje brukt til å nettopp forklare den norske språksituasjonen. Dei fire stega er:

1. Val av norm.
2. Kodifisering av forma.
3. Utbygging av funksjonen.
4. Godkjenning frå samfunnet.

Eg skal no prøve å plassere nynorsk inn i denne modellen. Det første steget, eller fasen, om val av norm eller grunnlag for skriftspråket er ofte eit ideologisk spørsmål. Eit viktig spørsmål er om skriftsspråket skal byggjast ut frå fleire dialektar og variantar av språket, eller om det skal tuftast på ei hovuddialekt som allereie har ein viss status som hovudspråk. Den nynorske språkhistoria skal eg gå grundig gjennom seinare i denne hovuddelen, men eg vil her skrive litt om dei vala som Ivar Aasen tok i utviklinga av nynorsk. I andre halvdel av 1800-talet var det dansk som var det rådande skriftspråket, sjølv om norske dialektar var mykje brukt på

bygdene. Ivar Aasen gjorde tidleg greie for kva han meinte burde vere utgangspunkt for eit norsk skriftspråk i teksten «Om vort Skriftsprog»:

Vi trænge aldrig til at gaae udenom Grændserne efter et Sprog; vi skulde lede i vore Gjemmer, og see efter, hvad vi selv eiede, førend vi gik hen at laane af Andre. Ligesaa lidet, som det skulde hædre en fri Mand at aftrygle af Andre, hvad han selv havde Forraad af, ligesaa lidet hædrer det os, at vi heller samle udenlandske Ord, end benytte dem, der almindelig kjendes og bruges i vore Bygder (Aasen 1836).

Teksten Aasen skreiv, men som ikkje vart publisert før etter han døydde, er kort, argumenterande og retorisk god, og er ei kjelde til å forstå dei tankane og ideane som låg til grunn for arbeidet hans. Han seier rett ut at «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte.» (Aasen 1836). Det norske skriftspråket skulle byggje på dialektane i Noreg – ikkje dansk som vart etablert som skriftspråk i Noreg under unionstida med Danmark. Vidare måtte han ta ein del avgjerder for kva dialekttrekk som skulle få vere med, og kva trekk som skulle vere uynskte, kva trekk frå andre språk som skulle bli godkjende eller ikkje, og på kva måte norma skulle tilpasse seg det norrøne.

Det andre steget handlar om korleis språket skal sjå ut: Kva alfabet språket skal skrivast på, og korleis språket skal uttrykke språklydane. Her gjeld det avgjerder som handlar om ortografi, uttale, grammatiske former og leksikalske einingar.

Når det gjeld utbygging av funksjonen, det tredje stadiet eller fasen som Haugen skildrar, handlar det om å bygge ut funksjonane i språket for å kunne ta det i bruk som eit fullverdig standardspråk, eit språk som er så utbygd at det kan brukast på alle samfunnsområde: I heimen, i staten, i litteraturen, i skulen og i kyrkja. Her høyrer mellom anna utbygging av fagterminologi til, men ikkje berre. «Den omfatter også det å gi språket en videre funksjon som uttrykksmiddel for fantasi- og følelsesuttrykk.» (Haugen 1968: 19). I tida då nynorsken ekspanderte som bruksspråk, spelte den nynorske pressa, inkludert *Syn og Segn*,

ei viktig rolle i denne fasen av den nynorske språkplanlegginga. Spørsmål som dukkar opp på dette stadiet, er mellom anna om ein skal gå for eit prinsipp om nydanning eller overføring av allereie eksisterande omgrep og ord frå andre språk. Tradisjonelt gjekk nynorsken eller landsmålet inn for å stenge ute ein del tyske og danske låneord, noko som er vorte forklart med ein sterk påverknad av purimse – førestillinga om det reine språket. Purismen som prinsipp og drivkraft for språkplanlegginga tek eg føre meg i den andre hovuddelen av oppgåva.

Det siste punktet til Haugen viser til kanskje den vanskelegaste øvinga eit språk må gjennom: at ei norm blir godkjend og teken i bruk av språkbrukarane. Haugen skriv at den siste fasen er ei «fullføring», men i realiteten er fleire av desse fasane «ufullførte» så lenge det fins levande språkbrukarar som brukar språket. Nye fenomen dukkar opp som treng nye namn, rettskrivinga blir reformert og haldningar og normer for kva språket skal vere og korleis det skal sjå ut, kan endre seg. Vikør meiner at berre den første fasen, val av normgrunnlag, kan seiast å vere ei eingongshandling, sjølv om det kan tenkjast at eit språk kan endre normgrunnlaget sitt undervegs òg (Vikør 2007: 106).

I den andre hovuddelen av oppgåva les eg dei naturvitskaplege artikkane i *Syn og Segn* som eit uttrykk for den tredje fasen som Haugen skildrar, utbyggingsfasen. Det kan argumenterast for at nynorsken allereie i mellomkrigstida hadde «nådd» det fjerde punktet, godkjenning frå samfunnets side. Nynorsken var «godkjent» i den grad at norma hadde fått, etter forholda, stort nedslagsfelt. Lærarar underviste i nynorsk, og ein generasjon nordmenn vaks opp med nynorsk som sitt «morsmål». Haugen si framstilling er framleis berre ein modell, og grensene for dei forskjellige fasane er høgst flytande. Vikør presiserer at utbygging av funksjon er ein kontinuerleg prosess (Vikør 2007: 106), og kan difor ikkje knytast opp til ein bestemt, avgrensa og historisk konkret periode. Eg ser difor på tekstgrunnlaget mitt som uttrykk for ein *prosess*, som òg i høgste grad gjekk føre seg i mellomkrigstida.

1.1.3 Prinsipp for språkplanlegginga

Som nemnt, er språkplanlegging alltid normativ, og kva prinsipp som ligg til grunn for normeringa av eit språk, kan variere stort frå samfunn til samfunn. Oftast er språksynet til ein person eller ei språkstridsgruppe sett saman av fleire prinsipp, og dei kan vere motstridande. Aktørane treng heller ikkje alltid vere medvitne kva prinsipp som djupast sett ligg bak det synet dei representerer (Vikør 2007: 151). Eg skal her kort gjere greie for forskjellige prinsipp for språkplanlegginga, og seinare kome attende til korleis desse prinsippa har spelt seg ut i den norske konteksten. Framstillinga og termene under er henta frå Vikør si bok *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* frå 2007, side 151–195. Eg har valt å ikkje gjere greie for alle prinsippa Vikør skildrar – det hadde vore alt for omfattande.

Vikør deler prinsippa inn i fire hovudkategoriar: *Interne språklege prinsipp*, prinsipp som går på *forholdet til andre språk eller språkvarietetar*, prinsipp som går på *forholdet mellom språket og språkbrukarane* og prinsipp som er avleidd av *generelle samfunnsideologiar og kulturelle haldningar*.

Dei interne språklege prinsippa handlar mellom anna om eintydigheit, i ortofonien betyr dette prinsippet at kvar skal svare til ein bokstav i språket. Her finn vi og logikk og korthet som prinsipp. Purisme som prinsipp, kjem inn under den andre kategorien prinsipp, som går på forholdet mellom andre språk og språkvarietetar. Prinsipp som går på forholdet mellom språket og språkbrukarar er til dømes fleirtalsprinsippet, at språket burde bygge på dei talemålsformene som flest nyttar, og i den siste kategorien finn vi ideologiar som til dømes demokrati og nasjonalisme.

Fleire av prinsippa er direkte motstridande. Til dømes kan ein vere for eit valfriheitsprinsipp, som går ut på å tillate ulike skrivemåtar og bøyningar. Dette er motstridande til ein eintydigheitsprinsipp, der fastheit er eit mål. Men desse prinsippa er

teoretiske, prinsippa «verkar bestandig saman, dei overlappar og grip inn i kvarandre og står gjerne og stangar mot kvarandre innanfor eitt og same språksyn.» (Vikør 2007: 190). Dette ser vi tydeleg når vi ser nærare på kva prinsipp som har vore i spel i den norske språkhistoria.

1.1.4 Språkplanlegging i Noreg

Noreg er eit annleisland på mange måtar. For det første er dei norske skriftspråka ganske unge, og for det andre er det to skriftspråk i bruk for den norske språkfelleskapen. Der nokre andre land har hatt stabile skriftspråk over lang tid, har den norske språkfelleskapen sidan slutten av 1800-talet brukt to skriftspråk. Desse har vore hyppig reformerte, så ofte at mange som bur i Noreg har opplevd at skriftspråket deira har vorte reformert. Både at skriftspråket er reformert «i manns minne», og at det er eit levande språkordskifte i det offentlege – mykje på grunn av at vi har to skriftspråk som kjempar om den same plassen – har gjort at vi har ein meir reformvenleg befolkning enn til dømes nabolanda våre (Vikør 2007: 196). Eg vil seinare i denne delen av oppgåva greie for viktige politiske vedtak, lover og relevante rettskrivingsreformer, men vil her gå inn på dei prinsippa vi kan seie har vore styrande for den norske språkplanlegginga, med vekt på nynorsken.

I Noreg har òg *prinsippa* som skal ligge til grunn for utviklinga av bokmål og nynorsk vorte diskutert i offentlegheita, kanskje i større grad enn i andre land. Vikør deler opp hovudstridsgruppene i fire: Riksmålsrørsla, tradisjonalistane på nynorsksida, samnorskskiltlingane og dialekrørsla (Vikør 2007: 197). Dette er nemningar som er sett i ettertid, og inndelinga inkluderer delar av norsk språkhistorie som først spelte seg ut etter 1940. Dialekrørsla voks ikkje fram før på 1970-talet, men tankane og ideane frå denne rørsla hadde òg sine talspersonar både i tida før og mellom dei to verdskrigane. Eg hoppar galant over den første gruppa, og tek kort for meg dei tre andre gruppene. Framstillinga under er òg henta frå Vikør 2007, side 198–199.

Tradisjonalistane på nynorsksida har nasjonalisme som fundamental verdi, noko som fører til eit prinsipp om purisme. Dei er òg tradisjonalistiske, og stør morfologisk eintydigheit, det etymologiske prinsippet, fastheitsprinsippet og stabilitetsprinsippet. Norma skal vere trong og med lite valfridom, ord skal få halde på sine opphavlege skrivemåtar og helst ikkje endrast tide og utide.

Samnorsktilhengarane viser til personar og grupper både på nynorsk- og bokmålssida, og ønskjer ei tilnærming mellom språka. Eit tilnæringsprinsipp er sjølv sagt. Blant desse er òg demokratiprinsippet viktig, samt eit enkelheitsprinsipp og eit fleirtalsprinsipp. Språket skal vere enkelt, det skal vere fremje ei sosial jamlikheit, og det skal vere enkelt for folk å få innpass i skriftkulturen. Dialektrørsla, skriv Vikør, kombinerer prinsipp som demokrati, liberalisme og anarki.

Desse gruppene er igjen berre ei karikert framstilling av røynda, men viser hovudlinene i det norske ordskiftet. Stort sett har medlemene i Noregs Mållag hamna under gruppa med tradisjonalar, og har i større eller mindre grad stødd prinsippa som er tillagt dei av Vikør.

I praksis har grunnprinsippet for norsk rettskriving vore det ortofone prinsippet, at kvar bokstav skal representere eit fonem (Vikør 2007: 205). Eit anna prinsipp som har vore viktig er tradisjonsprinsippet, språkleg tradisjon er ein verdi i seg sjølv. Eit prinsipp om at faktisk språkbruk skal vere styrande har òg verka i norsk språkplanlegging, og her blir det ofte vanskeleg for nynorsknormeringa om talemålsgrunnlaget skal reknast med i den faktiske språkbruken. Aasen la ei totalvurdering av dei norske dialektane til grunn for norma, rettskrivingsendringane på 1900-talet utvida talemålsgrunnlaget til å gjelde fleire dialektar (Vikør 2007: 207). Det fins mange døme på at nynorsksida har ville ha eit fastheitsprinsipp, ei trong norm, men så har dette prinsippet kollidert med ønsket om å inkludere eit tradisjonsprinsipp og eit prinsipp om faktisk språkbruk. I praksis har ein då kanskje enda opp

med ei vidare norm med fleire valfrie former, som til dømes å tillate både eit i-mål, som har stått sterkt i nokre dialektar og som Aasen valde, og eit a-mål som kanskje var meir i bruk, og som vart inkludert som valfri form i 1917-rettskrivinga. Det er òg vanskelegare å stramme inn ei norm enn å opne opp, for når ei form først har festa seg og kanskje vorte ein tradisjon, kan ein bruke tradisjonsprinsipp og fleirtalsprinsipp som argumentasjon for å ikkje ta desse formene ut av rettskrivinga att.

Som vi skal sjå nærare på seinare i oppgåva, opna den nynorske rettskrivinga for ein auka valfridom i rettskrivingane i 1917 og 1938, dette var òg gjennomført i bokmål, og kan dels tilskrivast tilnæringspolitikken, prinsippet om tilnærming eller tilpassing. Meir historisk kan vi òg seie at demokratiprinsippet har vore viktig som prinsipp for normeringa i både nynorsk og bokmål heilt tilbake til Knudsen og Aasen, ved sidan av det nasjonale prinsippet. Denne kombinasjonen «har gitt dei norske språkreform-rørslene den uvanlege krafta dei har hatt.» (Vikør 2007: 186). Valfridomen i rettskrivinga er òg eit utslag av demokratiprinsippet. «Det skal være størst mulig adgang for den enkelte skribent til å bruke de former i skrift som ligger nærmest hans egen tale, eller som han føler gir best uttrykk for hans budskap.» (Lundeby 1994: 176).

1.2 Normer

Språkutvikling handlar også om normer. Helge Sandøy forklarar normer som «... *førestillingar* hos individet (eller tru hos individet) om kva som er forventa i kollektivet.» (Sandøy 2003: 259). Språkbrukarane har ei førestilling om kva som blir oppfatta som normalt eller rett, og får stadfesta denne trua ved å sjå andre i kollektivet følgje normene. «Menneska er svært *vare for normene*, for vi er som handlande vesen avhengige av dei, og derfor er vi også alltid svært observerande og *tolkande* for å kunne justere trua vår om dei kollektive forventningane.» (Sandøy 2003: 261). Brunstad skriv at omgrepet i dag blir brukt «som ei

sammennemning for ulike typar av vurderingsgrunnlag og retningslinjer som er med på å rettleie og styre sosial handling, som t.d. språk.» (Brunstad 2000: 48).

Brunstad deler opp språknormene i eksplisitte formulerte normer og tause normer. Dei eksplisitte normene er dei som kan vere skriftleg formulerte, som grammatikkar, ordbøker og vedtak av normeringsnemnder, men dei kan òg vere munnlege, som til dømes ytringar frå autoritetar. Med tause normer siktar Brunstad til ikkje-formulerte postulat og haldningar og forventningar til kva som blir rekna som korrekt. Han oppsummerer med at språknormer er «formulerte eller ikkje-formulerte postulat som verkar retningsgivande på språkbruk.» (Brunstad 2000: 48). Vidare kan normene delast opp i internaliserte normer og fastsette normer, der dei internaliserte normene viser til ein prosess hjå einskildsindividet der normene blir ein del av det indre eg-et og ein kjenner seg bunden til å følgje dei. Fastsette normer er normer som er formulerte av autoritetar, og blir gyldige i kraft av makta som ligg bak (Brunstad 2000: 50). Det går an å diskutere om normer må vere internaliserte for i det heile å kunne snakke om normer, eit syn som mellom andre Erik Papazian står for, og som Brunstad refererer til (Brunstad 2000: 51).

Eit viktig spørsmål er *kven* som fastset normene for språk i eit samfunn. Det er vanleg å tenke at det fins ein elite som kan påverke språkbruken blant andre medlemmer i eit språksamfunn, men det er kanskje aldri så enkelt i praksis. I norsk kontekst har det vore ei konflikt om kven som skal ha makt til å definere seg som legitime premissleverandørar: «Dersom eliten vel å bruke eitt av to konkurrerande språk, vil det språket som eliten ikkje blir valt, få det vanskelegare. Eit anna problem oppstår derimot når eliten i seg sjølv ikkje blir akseptert av befolkninga. Då kan elitespråket bli utfordra av ei rørsle som vil ha eit anna språk» (Brunstad 2000: 60). I Noreg treng ikkje dette vere forteljninga om folket mot eliten, men heller om to elitar som kjempa om herredøme – at det i tillegg til den dansk-norske eliten fanst ein nynorsk elite, i alle fall ein *intellektuell* elite.

1.2.1 Normagentar

I ein artikkel frå 2003 skriv Helge Sandøy om korleis skriftnormer blir danna, og presenterer ein modell for kven er det som har makt til å påverke og oppretthalde desse normene. Eit av hovudpoenga til Sandøy i denne artikkelen er at det ikkje er slik at alle medlemmene i språkkollektivet påverkar normene i like stor grad: «Normdanninga er ein prosess der somme påverkar meir enn andre, der somme er sterke og andre føyelege, somme er premissleverandørar, mens andre er mottakarar, somme har makt, andre ikkje. Dermed blir dette ein vanleg sosial prosess og ikkje ein mystisk og harmonisk situasjon.» (Sandøy 2003: 265). Nokre skriftprodusentar sit med eit hegemoni og makt til å oppretthalde og endre skriftnorma, norma blir altså ikkje berre påverka av frekvens, men òg status. For å illustrere korleis makta er fordelt mellom – for å bruke Sandøy sine eigne ord – *premissleverandørane* og *mottakarane av normene* i den norske røynda, har han laga ein modell som syner kven som påverkar kven.

Denne modellen er laga for det norske samfunnet anno 2003, og det kan difor vere problematisk å overføre modellen til andre tidsbolkar i norsk språkhistorie, som til dømes mellomkrigstida. Men hovudpoenget til Sandøy, at det er nokre som har større makt som premissleverandørar av normer i språksamfunnet i andre, er eit grunnleggande syn på språknormer som gjer seg gjeldande i dei fleste språksamfunn og til dei fleste tider. I Sandøy sin modell er det mellom anna lagt til grunn at pressa er den største skriftprodusenten, og at lærarar og elevar ikkje produserer særleg med tekstar – dei er mest passive mottakarar. Pilene viser kven som påverkar kven:




Fig. 1: Normagentar (Sandøy 2003: 266).

Om modellen skal kunne overførast til den norske mellomkrigstida, dett Språkrådet som normagent ut – forløparen til Språkrådet, Norsk språknemnd, vart ikkje oppretta før i 1952. Vi kan òg tenke oss ein liknande modell som berre tok for seg normagentar innanfor den nynorske skriftkulturen i mellomkrigstida, i ein slik modell kunne ein diskutert kva plass Noregs Mållag og andre målorganisasjonar burde hatt. Det kunne òg vore spennande å sjå om rolla lærarane hadde var annleis i den nynorske miljøet, på grunn av det store talet på lærarar som engasjerte seg i målsaka, og det hadde vore interessant å sjå korleis dei bokmålske normene verka på dei nynorske.

Ei grundig undersøking av dei spesifikke nynorske normagentane basert på Sandøy sin modell i eit historisk perspektiv har eg ikkje klart å finne – her ligg det sannsynlegvis mykje spennande framtidig forskning.

1.2.1.1 *Syn og Segn* sin plass i normeringssirkelen

Tidsskriftet *Syn og Segn* kan vi plassere i skjæringspunktet mellom det Helge Sandøy kallar aviser og forlag, sidan det både er ein del av pressa – men gjeve ut av eit forlag. Som vi ser i modellen, har både avisene og forlaga i følgje Sandøy av dei som har størst påverknadskraft. Samtidig er modellen enkel og ikkje så nyansert. Sandøy nyttar den store Oslo-avisa Aftenposten som døme på aviser med påverknadskraft, men eg meiner at det er problematisk, eller kanskje heller lite opplysende, å plassere *Syn og Segn* side om side med Aftenposten i ein slik modell utan å tilføre fleire nyansar. Det er kanskje naudsynt å snakke om spesielle normer innanfor enkelte delar av språksamfunnet – til dømes innanfor det nynorske skriftkollektivet, som nemnt tidlegare. Det er grunn til å tru at *Syn og Segn* har hatt ei stor påverknadskraft på dei nynorske språkbrukarane, særleg i den tida nynorsk framleis var eit relativt nytt språk – saman med resten av den nynorske pressa og forlaga. Men tidsskriftet har sannsynlegvis ikkje hatt så stor påverknad på korleis Aftenposten-lesarane skreiv sitt riksmål. Kanskje fungerte den norma som *Syn og Segn* presenterte, ei slags motkraft eller ein motkultur mot nettopp Aftenposten-norma. Likevel er det nærliggande å tru at det var i mellomkrigstida som i dag, at nynorskbrukarane les mykje meir bokmål enn nynorsk berre i kraft av at nynorsk er og alltid har vore eit mindretalsspråk og dermed mykje mindre synleg i offentlegheita.

At *Syn og Segn* har fungert som eit normsenter har vore ei vanleg oppfatning, kanskje særleg i etterkrigstida, då tingartalet mangedobla seg: *Syn og Segn* har «vore rekna som modell og stilideal for nynorsk språkføring, noko som var grunnlaget for at det i nokre tiår hadde ei uvanleg sterk utbreiing blant norsk skuleungdom. Med over 13 000 abonnentar i 1968 var det eit av dei mest utbreidde tidsskrifta i Europa.» (Tusvik 2009).

1.3 Den tidlege historia

I denne delen vil eg vise korleis nynorsk vart eit reelt alternativ til det rådande skriftspråket i Noreg, med vekt på den norske språkhistoria etter 1814 og fram til den første verdskrigen. Eg tek føre meg framvoksteren av målrørsla og dei første målorganisasjonane, og ser spesielt på skipinga av Det Norske Samlaget og *Syn og Segn*.

1.3.1 Det norske språkspørsmålet og dei to svara

Det norske språkspørsmålet vart stilt i etterkant av 1814, då Noreg vann sjølvstende med Grunnlova. Inspirert av dei nasjonalromantiske straumdraga i Europa, vart det eit påtrengande ideologisk problem at Noreg ikkje hadde eit eige nasjonalspråk. Romantikarane såg språket som eit uttrykk for folkeånden, «Volksgeist». Etter fleire hundre år under dansk styre, hadde det danske skriftspråket trengt bort det norske i både stat, kyrkje og som bruksspråk for dei skrivande. Språksituasjonen i Noreg før 1814 var heller på ingen måte uproblematisk, sjølv om det ofte blir framstilt slik av somme språkhistorikarar i ettertid. Oddmund Hoel skriv mellom anna i si hovudoppgåve *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865* om det pedagogiske problemet: «Norsk skulesoge er full av vitnemål om vanskane som fråstanden mellom tale og skrift skapte, både i lese og skriveopplæringa. [...] Problemet vart meir og meir påtrengjande di større delar av folket ein freista integrera i skriftkulturen, og både for Aasen, Knudsen og mange andre framstående personar i målstriden på 1800-talet, var eit sentralt tildriv engasjementet nett ynsket om å gjera skriftkulturen meir tilgjengeleg for ålmugen.» (Hoel 1996: 45–46). Sjølv om situasjonen før 1814 var problematisk, både ideologisk og pedagogisk, vart den ideologiske situasjonen til ein «språk- og kulturpolitisk krisetilstand» etter 1814 (Hoel 1996: 46).

Den første tida etter 1814 handla debatten mest om dansk kunne kallast norsk, noko norsk skriftspråk var ikkje eit alternativ. Svensk vart oppfatta som eit trugsmål mot det norske

språklege sjølvstendet, samstundes som fleire norske dialektar hadde drag som gjorde at dei likna meir på svensk enn dansk. Etter kvart vart det klart at svenske styresmakter ikkje hadde som mål å innføre svensk i Noreg, og frå om lag 1830 dukka tanken om å fornorske det danske språket med hjelp av dei norske dialektane opp.

Diktaren og folkeopplysaren Henrik Wergeland var ein av dei første som fronta denne tanken offentleg, og han ville at det norske språket skulle ta inn fleire norske ord i dansken. Han fekk motbør av historikaren P. A. Munch, som meinte at ein ikkje kunne skifte nasjonalitet på språk ved å innlemme tilfeldige ord, men var open for at det kunne gå an å skape eit nytt norsk skriftspråk bastert på ei av dei norske dialektane. Det norske språkspørsmålet fekk her to svar: Anten måtte det danske språket tilpassast det norske ved å innføre fleire norske ord og former, eller så må eit nytt norsk språk reisas på norsk grunn, som eit alternativ til det danske. Dei to svara på problemet vart materialisert etter 1840 i livsverka til språkreformatorane Ivar Aasen og Knud Knudsen, fødde med eitt års mellomrom i tronge kår på den norske landsbygda.

Ivar Aasen (1813–1896) stod for den meir radikale målreisingslina, og hovudtanken hans var at det var mogleg å skape eit nytt norsk skriftspråk som tok opp i seg summen av dei norske dialektane. Med økonomisk støtte reiste han rundt i landet over fleire år for å samle inn dialektgrunnlaget for det nye språket, som han gav ut i verka *Det Norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850). Vidare gav han ut *Prøver af Landsmaalet* i 1853, som reknast som det første utkastet til korleis det nye norske språket kunne sjå ut på trykk. Dei viktigaste verka er likevel kanskje *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873). Her synte Ivar Aasen fram det nye språket i ei ferdig form. Dette språket gjekk først under namnet *landsmål*, til Stortinget vedtok å kalle det *nynorsk* i 1929.

Kva motivasjonen som låg bak arbeidet til Ivar Aasen, har vore diskutert av fleire. Jens Johan Hyvik argumenterer med at Aasen både var motivert av det nasjonale og eit

opplysningsideal, og at denne spenninga er å finne i mange av skriftene til Aasen (Hyvik 2009: 276–278). Aasen vart i aukande grad kritisk til nasjonalromantikken, men heldt fram med å argumentere nasjonalt (Hyvik 2009: 299).

Saman med mellom andre Henrik Wergeland og Asbjørnsen og Moe, var det Knud Knudsen (1812–1895) som vart den tydelegaste talspersonen for fornorskingslina. Han heldt ikkje med dei som sa at det ikkje gjekk an å gjere det danske skriftspråket i Noreg til norsk, og gjorde det til si livs oppgåve å vise at det gjekk an. Av pedagogiske omsyn meinte han mellom anna at skriftspråket måtte spegle talemålet, og gjekk inn for ein ortofon skrivemåte. Han er og skildra som skandinavist, og deltok på det fellesskandinaviske rettskrivingsmøtet i Stockholm i 1869. Han gav ut ei rekkje bøker og skrifter, der dei mest kjende kanskje er *Den landsgyldige norske uttale* (1876). I ettertid er han kjent som «bokmålets far». *Bokmål* vart namnet på språket etter namnebyte frå *riksmål* i stortingsvedtaket frå 1929.

Den raske gjennomgangen av Ivar Aasen og Knud Knudsen sine standpunkt og arbeid eg har rita opp her, er overflatisk. Det kan vere verdt å nemne at sjølv om dei to språkforskarane ofte blir framstilt som to motpolar i norsk språkhistorie, er det eit lite nyansert bilete. Knudsen gav sjølv uttrykk for ved fleire høve at det var *vegen* han var usamde med målfolk om, og ikkje *målet* (Torp og Vikør 2003: 189). Likevel låg ofte andre talspersonar for dei to retningane i offentleg strid med kvarandre.

I 1885 jamstilte Stortinget dei to språka, noko som vart ei viktig offisiell godkjenning av landsmålet som språk i Noreg «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole-og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» (Torp og Vikør 2003: 171). I ettertid kan dette vedtaket virke radikalt, sidan det berre var få år etter Aasen gav ut ordbøkene sine, og det knapt var ein skriftkultur og snakke om. Landsmålet var enno mest teoretisk. Ein viktig føresetnad for jamstillingsvedtaket

var innføringa av parlamentarisme som styringform i Noreg, og at partiet Venstre, som hadde målsaka som ei av sine fanesaker, kom i regjering i 1884 og hadde fleirtal i Stortinget.

Velviljen frå styresmaktene, både den økonomiske og den immaterielle, var nok ein viktig faktor for den raske framgangen landsmålet fekk i tiåra som følgde. Ivar Aasen var òg ein mann som var respektert og godt likt, og møtte mykje mindre motstand enn Knudsen (Torp og Vikør 2003: 195). Knudsen hamna kanskje mellom to stolar, og var kanskje i realiteten for eit sentrumsalternativ. Han var for radikal for overklassen, som han kravde skulle endre språkvanane sine, men gjekk ikkje langt nok i fornorskinga av språket for å vinne godvilje av Aasen-tilhengarane. I ei tid der nasjonalromantiske idear enno hang att, var det kanskje òg lett å sympatisere med Ivar Aasen og prosjektet hans. Språket var trass alt enno ikkje eit reelt trugsmål mot det dansk-norske hegemoniet.

1.3.2 Omgrepet «målrørsla»

Vidare i oppgåva nyttar eg omgrepet «målrørsla», og vil her kome med ei presisering av kva eg legg i omgrepet. Målrørslar finn vi òg i andre land der organiserte grupper arbeider med språk, men når eg nyttar den bundne forma av ordet, viser eg til målrørsla i Noreg som arbeider for utbreiing og statusheving av nynorsk og norske dialektar. Hoel byggjer på sosiologen Ørnulf Seippel sin definisjon av sosiale rørslar når han definerer målrørsla som «ei blanding av lausare og meir organiserte nettverk av individ, grupper og institusjonar med ei sams forståing av at dei utgjer ei rørslar, og som arbeider, gjerne gjennom aksjonar, for auka oppslutnad om målsaka som politisk sak og auka utbreiing av nynorsk som skriftspråk.» (Hoel 2011: 30).

Det er ein vid definisjon, men det gjer at han femner om det målrørsla var i den tidlege tida, samstundes passar han òg til den målrørsla vi kjenner i dag, sjølv om dagens rørslar er meir prega av stabile organisasjonar og faste nettverk. Både forlaget Det Norske Samlaget og

tidsskriftet *Syn og Segn* sprang ut av og er i dag ein del av denne rørsla. Det er denne definisjonen eg òg legg til grunn. Tilvisingar til målfolk, målsak og målorganisasjonar er òg forstått ut frå den norske konteksten, og viser til personane, det politiske programmet og organisasjonane som er knytt til målrørsla.

1.3.3 Den tidlege målreisinga og målreisingsorganisasjonane

«Høgre, vinstre, sosialistar, skytterlagsfolk, totalistar, misjonsvener, allesaman, parti elder sekter, dei organiserer seg og arbeider. Og det er det som gjer dei sterke. Men maalmennene dei gjeng som villdyr. Det hev aldri lukkast aa faa skikk paa dei.»

Arne Garborg i *Fedraheimen* 30.11.1889

Dette berømte frustrasjonsutbrotet til Arne Garborg viser til den lause graden av organisering av målfolk i målorganisasjonar i den siste halvdel av 1800-talet. Målrørsla var sein med å organisere seg om ein samanliknar med andre liknande rørsler (Hoel 2011: 29). Dei andre store rørslene som voks fram i om lag same tidsperiode var snare med å få på plass ei landsfemnande organisering i 1850-, 60, og 70-åra, medan Noregs Mållag ikkje vart skipa som ein overbyggande organisasjon for målfolket før i 1906. Når eg vidare i denne teksten nyttar omgrepet «den tidlege tida» til målrørsla, meiner eg hovudsakleg den siste delen av 1800-talet, altså tida før Noregs Mållag vart skipa.

Kjell Haugland listar opp nokre grunnar til den seine organiseringa, og peikar mellom anna på at målarbeidet den første tida kanaliserte seg gjennom sekundære media. Målsaka hadde store kontaktflater mot andre rørsler, som folkehøgskulerørsla, den frilynte ungdomsrørsla og dei politiske venstregrupperingane. I den tidlege tida dreidde arbeidet seg mykje om å gjere det nynorske språket tilgjengeleg, typisk gjennom ymse nynorske boklag og blad som hadde som si oppgåve å lage og spreie nynorsken. Som eit tredje punkt, viser

Haugland til spenningar mellom dei forskjellige ideologiske retningane målfolka etter kvart fekk, og som gjorde det vanskeleg å femne om alle målfolka i ein organisasjon, samstundes som det nynorske ideologigrunnlaget i seg sjølv var anti-sentralistisk (Haugland 1985: 14–16).

Men denne seine organiseringa var kanskje ikkje så avgjerande for målsaka som ein skulle tru. I boka *Mål og modernisering 1868–1940* frå 2011 listar Oddmund Hoel opp ei rekkje med politiske sigrar den tidlege målrørsla vann, sjølv om ho vanta ein godt organisert landsfemnande organisasjon: Vedtaket om at undervisninga skulle gå føre seg på talemålet til elevane i 1878, jamstillingsvedtaket i 1885, opninga for å ta i bruk landsmålet i folkeskulen og kyrkja i 1892, den obligatoriske prøva i sidemål i lærarskulen i 1901 og i gymnaset i 1907, opning for liturgi på landsmål i 1907/1915, samt bruk av landsmål ved Universitetet i 1908 og skipinga av private og offentlege landsgymnas i 1910/1916.

Det var Ivar Aasen sjølv som introduserte omgrepet «mållag» då han i dagboka si våren 1859 skriv at han har «vore i mållag hjå Aasmund Vinje», eit ord som er konstruert etter det danske ordet «sprogforening» (Haugland 1985). I åra etter vart det skipa fleire mindre og større lag, men dei to viktigaste var Det Norske Samlaget i Oslo og Vestmannalaget i Bergen, båe skipa i 1868 med eit par månaders mellomrom. Haugland presiserer at det berre var *ein* organisasjon, Det Norske Samlaget, som arbeidde nokolunde jamt med målsak i den første perioden fram til Noregs Mållag vart skipa (Haugland 1985: 13). Hoel skildrar på si side at *både* skipinga av Vestmannalaget og Det Norske Samlaget var skilsetjande hendingar i saga om den organiserte målrørsla: Målfolket fekk med dette sine to fyrste moderne og faste organisasjonar med klare føremål om å arbeida utetter, primært gjennom publiseringverksemd.» (Hoel 2011: 29). Han presiserer likevel at sjølv om dei var faste, så var dei ikkje sterke og stabile, begge organisasjonane sto i fare for å legge ned verksemda den første tida. Desse to organisasjonane markerte likevel eit skilje frå dei lause

organisasjonsformene som hadde vore før 1868, som hadde meir som mål å fungere som interne diskusjonsforum (Hoel 2011: 29).

Vestmannalaget fekk kanskje så mange som seks andre lag som knytte seg til laget, i tillegg til enkeltpersonar frå fleire kantar av landet som melde seg inn. Vestmannalaget gav òg ut bladet *Fraa og By og Bygd* (må ikkje forvekslast med *For Bygd og By*) frå 1870 til 1879, og hovuddrivkrafta bak laget, Henrik Krohn, leikte med tanken om at Vestmannalaget kunne bli ein landsfemnande organisasjon (Haugland 1985: 16–17). Vestmannalaget er framleis eit mållag i Bergen, men har hatt vekslande aktivitet dei seinare åra. Det Norske Samlaget ville òg gje ut eit blad, og gav etter kvart ut *Syn og Segn*.

Aviser og blad vart eit viktig medium for både utbreiing av nynorsk og som eit samlingspunkt for målfolk. Kjell Haugland peika på at arbeidet den første tida gjekk føre seg i sekundære media og gjennom publiseringsverksemd, heller enn i eigne målorganisasjonar som arbeidde mot eit felles politisk mål. Den nynorske pressa var ein viktig del av det tidlege målarbeidet. Aasmund Olavsson Vinje gav ut den første avisa på nynorsk i 1858, *Dølen*, og innhaldet blir i dag omtala som moderne journalistikk. Denne avisa var kanskje det første møtet med det nye språket for mange. Sjølv om Aasen hadde gjeve ut ordbok og grammatikk, var det i så små opplag at ein ikkje kan rekne med at det var så mange som hadde kjennskap til innhaldet i dei. Utanom *Dølen*, var den nynorske skriftkulturen berre «eitt skriftstykk i éi avis, eit par bøker og nokre høvestrykk med viser. Det var alt. Så skjørt var grunnlaget for ein ny språkleg praksis i dette landet kring 1850. Det heile var mest ein idé, ein utopi målboren av éin person.» (Grepstad 2010: 18). *Dølen* var heller ikkje berre eit nynorskblad. I dei siste årgangane av bladet, åtte årgangar over tolv år, var det berre dei første som var eittspråklege. Vinje opna seinare for andre skandinaviske språk, den første nynorskavisa vart altså ei avis som vart redigert fleirspråkleg (Grepstad 2010: 29). Etter *Dølen* gjekk inn i 1870, kom fleire

aviser til. Dei mest kjende er kanskje *Fedraheimen* (1877) og *Den 17de Mai* (1894). Fleire av dei same personane gjekk att i mange av miljøa kring nynorskavisene.

Målrørsla var frå starten av eit eliteprosjekt og eit byfenomen, knytt til miljø i Bergen og Christiania, av folk som hadde dei intellektuelle og økonomiske føresetnadane for å grunnlegge ei målrørslе. Haugland skildrar framvoksteren av målrørsla i tre fasar. Det første fasen var organiseringa i bymiljøa, som kunne hente impulsar frå andre intellektuelle straudrag i Europa, og formidle vidare både det nynorske språket og ideologien bak. Så vart distriktsentra viktigare og viktigare utover 1870- og 80-åra, der folkehøgskulane spela ei stor rolle, og representantar frå hovudstadsmiljøa kunne reise rundt å spreie dei nye tankane om språk og nasjon. Den tredje fasen var gjennombrøtet i bygdene, der lærarane og ungdom med folkehøgskuletilknytning var nøkkelpersonar, då nynorsken vann terreng og trengde ut bokmålet i skule, administrasjon og kyrkje på 1890-talet. Målrørsla hadde gradvis flytta tyngdepunktet sitt frå sentrum til periferi (Haugland 1985: 11). Målrørsla er og ei motkulturrørslе, ei rørslе som stod for eit alternativ til det rådande, og ei rørslе som har vorte sett i samanheng med andre motkulturar som vaks fram på om lag same tidspunkt, til dømes fråhaldsrørslа og lekmannsrørslа.

Kring hundreårsskiftet vart det skipa fleire fylkesmållag, og i 1906 vart landsorganisasjonen Noregs Mållag skipa, med den nasjonale medvinden frå unionsoppløysinga i ryggen og landsmålsprofessor Marius Hægstad som første formann. Som eit svar på dette, vart Riksmålsforbundet skipa i 1907. Ikkje lenge etter, i 1912, vart Det Norske Teatret ein realitet, alle institusjonane med hovudsete i hovudstaden.

Fleire av dei institusjonane vi tenkjer på som dei viktigaste institusjonane for nynorsk i dag, var ikkje dei viktigaste den tidlege tida. Eit mylder av lausare organiserte grupper og aviser som vi ikkje kjenner så godt til i dag var viktige i samtida, men hadde kort levetid. Viktige unntak er Mållaget og Teatret, samt forlaget Det Norske Samlaget.

1.3.4 Det Norske Samlaget

Det var fleire grunnar til at Det Norske Samlaget vart skipa. Eg har tidlegare i oppgåva gjort greie for at det mangla ein landsorganisasjon for målrørsla, og då målrørsla fekk auka oppslutnad i politikken, dukka det opp eit behov for nokon som kunne representere rørsla utetter. Statstilskot til målsaka vart overført til forlaget, og forlaget la fram krav på vegner av målrørsla andsynes staten. Det Norske Samlaget fungerte som ein vikarierane hovudorganisasjon (Haugland 1985: 19). Det vart òg etter kvart eit problem at det ikkje var eigne nynorskforlag. Talet på forfattarar auka, men dei dansk-norske forlaga kvitte seg for å gje ut bøkene. Årsmøta til Samlaget var òg ein viktig arena der målfolk kunne møtast og drøfte både målsak og kulturpolitikk.

Det Norske Samlaget vart skipa som eit litteraturselskap i Christiania 24. mars 1868 etter initiativ av Hagbart Emanuel Berner, som òg vart vald til den første formannen i laget. I dei første lovene står det i første paragrafen at «Samlagets Formaal er at fremme Udgivelse af Bøger paa Norsk, enten Landsmaal eller Bygdemaal» (Djupedal 1968: 46). Det var ein modig tanke, landsmålet hadde på skipingstidspunktet berre eksistert i 15 år. I dag er Det Norske Samlaget det eldste norskeigde forlaget i Noreg og arbeider etter same føremålsparagraf.

Det Norske Samlaget starta opp som ein bokklubb, der medlemene av laget som betalte årspengar fekk bøkene tilsendt. Ved skipinga talde laget 110 medlemer, og talet vaks jamt til 1367 medlemer i 1885. Dei første 20 åra kom det ut mellom tre og fire bøker i snitt kvart år (Hoel 2011: 32). Forlagsmiljøet hadde ein heilt anna sosial profil enn Vestmannamiljøet i Bergen, dei var for det meste akademikarar og studentar som var tett knytt til universitetsmiljøet (Haugland 1985: 18).

Det var ikkje slik at Det Norske Samlaget var dei einaste som gav ut bøker på nynorsk, etter ei stund kom det til fleire forlag til. Av dei om lag 610 bøkene som var komne ut på

nynorsk innan 1902, stod Samlaget for under 20 prosent av utgjevingane (Hoel 2011: 34). Det som likevel kanskje har gjort at forlaget har vore rekna som særleg viktig for målreisinga, er at det alltid har vore meir enn eit forlag. Der andre forlag satsa på utgjevingar som kunne gje profitt, valde Samlaget å satse på utgjevingar dei visste ikkje kom til å bli gjevne ut om ein berre skulle tenkje på pengane, men som likevel var viktige i eit kulturpolitisk perspektiv. Alt i 1881 byrja forlaget å få årvisse tilskot frå staten til arbeidet med bibelomsetjingar, skulebøker og klassiske verk. Forlaget vart ein viktig bindelekk: «Eigenarten til Samlaget dei fyrste tiåra er å finna som den sentrale aktøren i det viktige nynorske ingenmannslandet mellom ordinære forlag, staten og den laust organiserte målrørsla.» (Hoel 2011: 35). Men Samlaget batt seg aldri til eit politisk parti. «I ideologi og praksis representerte laget alltid målreisinga som ei sjølvstendig kultursak, og tok sine allierte kvar helst dei var å finna. Det var ikkje berre venstrefolk som stødde Det Norske Samlaget.» (Skard 1968: 11).

Modellen Det Norske Samlaget organiserte seg etter, henta dei frå utanlandske førebilete frå land med nasjonale språkrørslar. Dei kjende til både eit islandsk og eit finsk litteraturselskap, og til flamsk, provençalsk og slavisk målreising. Dette «gav kveik og arbeidsvilje.» (Skard 1968: 7).

1.3.5 *Syn og Segn*

Eg har no gjort greie for kva som skjedde i norsk språkhistorie i det knappe hundreåret før tidsskiftet *Syn og Segn* vart skipa, med vekt på framvoksteren av eit nytt norsk språk og ei rørsle som arbeidde for å spreie dette språket og ideologien som låg til grunn. Eg skal her gjere kort greie for *Syn og Segn* med vekt på korleis bladet vart til, og kva idear det vart grunnlagt på.

Syn og Segn er eit av dei eldste allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg, og har sidan det første prøvenummeret i 1894 kome ut jamleg heilt fram til i dag. Artikkane har hatt eit stort

tematisk spenn og har alltid vore redigerte på nynorsk og gjeve ut av forlaget Det Norske Samlaget. Tidsskriftet har vore eit viktig og stabilt innslag i den nynorske bladheimen, og er – og har vore eit respektert tidsskrift med høg språkleg kvalitet. Den lange levetida er i seg sjølv interessant, tidsskrift er ofte ei forgjengeleg publikasjonsform. I Noreg er det kanskje *Samtiden* som kom med første nummer i 1890 som best kan jamførast med *Syn og Segn*. I dag kjem begge tidsskrifta ut med fire nummer i året og profilerer seg som aktuelle magasin for kultur og debatt. Sidan *Syn og Segn* var og er eit tidsskrift med opphav i den tidlege målrørsla i hovudstaden, har det vore viktig for meg å sjå artiklane i ein kontekst som inkluderer det organiserte målmiljøet.

Det Norske Samlaget hadde gått i fleire år og snakka om eit nynorsk tidsskrift før det første heftet av *Syn og Segn* kom ut i 1894. Alt i 1872 vedtok forlaget at det var viktig å gje ut eit tidsskrift for å, med Olaus Fjørtoft sine ord «ta opp dæ som gjeng gjøno Tia» (Rue 1969: 10). Det vart sett ned ein redaksjon på tre menn, Arne Garborg, Moltke Moe og Rasmus Flo. Det var Rasmus Flo som stod for mesteparten av det redaksjonelle og praktiske arbeidet fram til han døydde i 1905 (Rytter 1968: 230).

Tidsskriftet vart stifta 46 år etter at Ivar Aasen gav ut sin fyrste grammatikk og 29 år etter at det i praksis vart obligatorisk å lese landsmål i den norske skulen (Grepstad 2006: 94). Likevel var det eit språk som enno ikkje hadde funne si form, og det stod utan noko offisiell rettskriving. Berre to år før tidsskriftet starta opp, kom folkesulelova som gjorde det mogleg for lokale skulestyre å velje landsmål som opplæringspråk, sjølv om somme skular nok hadde tjuvstarta (Grepstad 2006: 121). Skribentane i *Syn og Segn* utforska ikkje berre ulike tema, dei utforska eit heilt nytt skriftspråk. Dei aller første som skreiv i bladet var språklege konvertittar, utan formell opplæring i språket, og dei skreiv seg inn i ein skriftkultur utan det store talet på språklege og stilistiske førebilete.

Det var sjølvsagt at språket i tidsskriftet skulle vere nynorsk, men likevel vart ikkje publikasjonen berre eit organ for målreisinga. Det vart eit allment tidsskrift som skreiv om alle emne, og slik kunne dei nå breitt ut. Namnet spelar på ordtaket «få syn for segn» og skulle «målbera syn og synsmåtar, og det skulle bera fram segn og soge, historiske tradisjonar og litterær nyskaping» (Rytter 1968: 226). Den første årgangen, som talde sju hefter på 448 sider, inneheldt mange artiklar som fekk mykje merksemd, mellom anna Arne Garborg si innføring i Friedrich Nietzsche (Rytter 1968: 228).

Son nemnt, var Rasmus Flo, Arne Garborg og Moltke Moe dei første redaktørane i *Syn og Segn*. Halvdan Koht og Rasmus Flo, kjende namn i ettertid, kom til etter nokre år. Den første tida var redaktørperiodane overlappende, og fleire redaktørnamn delte på oppgåvene. Redaktørlista såg slik ut fram til den andre verdskrigen (Rytter 1968: 240):

Rasmus Flo: 1894–1905

Arne Garborg: 1894–97, 1905–07

Moltke Moe: 1894–1900

Halvdan Koht: 1901–1908

Rasmus Løland: 1907

Olav Midttun: 1908–1960

Redaktørstillinga var attåt arbeid, og ikkje løna stillingar. I tillegg til redaktørane, var det fleire andre personar som hjelpte til, mellom anna med å speide etter spennande stoff i utanlandske publikasjonar. Under den andre verskrigen var innhaldet sterkt merkt av det som skjedde ute i Europa, og særleg fredstiltaka. Og i fleire artiklar blir det greidd ut om dei problemstillingane som vart diskutert på fredskongressen i Haag i 1913, og frå 1922 hadde *Syn og Segn* faste utanrikskronikørar (Rytter 1968: 234). *Syn og Segn* si rolle strakk seg mykje vidare enn å

berre vere eit verkty for å få nynorsk ut til folket, tidsskriftet var òg eit organ for folkeopplysing. *Syn og Segn* var tidleg ute på fleire område. Ei av dei første omtalene av psykoanalysen sto på trykk i 1923 signert Sigurd Fjær (Rytter 1968: 235) og var det første tidsskriftet som trykte avis-kritikk i Noreg (Grepstad 2010: 176).

Halvdan Koht var 27 år då han kom med, og Olav Midttun var 25 år då han fekk åleineansvaret for tidsskriftet, og mange unge skribentar fekk debutere i *Syn og Segn*. I 1910 skreiv C. J. Hambro i *Morgenbladet* at «Skal man ha et Tidsskrift paa Landsmaal, saa vælger man ‘*Syn og Segn*’. Der skriver Landsmaalets Intelligens og de yngre, som endnu ikkje er størknet i Doktrine og Form.» (Rytter 1968: 231). Dette sitatet viser for det første at *Syn og Segn* vart lagt merke til utover den indre krinsen kring Det Norske Samlaget, men kjem òg med eit anna viktig poeng: Artiklane vart oppfatta som nyskapande både i form og innhald. Eit anna sitat som òg er full av skryt, og som peikar på forma og innhaldet i dei populærvitskapelege artiklane, kjem frå forfattar og kritikar Hjalmar Christensen, som i 1910 skreiv i den nyskipa avisa *Tidens Tegn*: «Hovedindtrykket av den siste halvårs-gang av ‘*Syn og Segn*’, Det norske samlags tidsskrift, er meget godt. Indholdet er livlig og vekslende, for en ganske stor del av poulær-videnskabelig art. Her har ikke minst de naturvidenskabelige og tekniske bidrag interesse. Gjennemgaaende er disse i fremstillingen klare, oversiktlige og let tilgjengelige for et gjennemsnitts-dannet publikum og dog saa indgaaende i faglig henseende at den dannede læser vil høste udbytte og lærdom.» (Midttun 1971: 81).

Idégrunnet og hovudprogrammet til bladet blir gjort greie for i ein føremålstekst som stod på trykk i det første nummeret i 1894. Det er ein veldig interessant tekst, som peikar framover og utover seg sjølv, og kjem med lovnader om kva lesarane kan vente seg av bladet.

1.3.6 Føremålsteksten til *Syn og Segn*

Det aller første nummeret av *Syn og Segn* var eit prøvenummer som kom ut i 1894. Her står det på trykk ein tekst som blir rekna for å vere føremålsteksten til tidsskriftet, og som kanskje er den beste kjelda til å forstå kva grunnleggjarane tenkte om og ville med bladet. Artikkelen er ikkje signert, men både Olav Rytter (Rytter 1968: 227) og Olav Hr. Rue (Rue 1969: 24) slår fast at det er Rasmus Flo som førte artikkelen i pennen, men Arne Garborg las utkastet til teksten og fekk kome med sine merknader. Teksten eg tek utgangspunkt i og som eg siterer frå, er ein versjon av føremålsteksten som er på trykk i ein antologi som vart utgjeven i høve 75-årsjubileet til tidsskriftet i 1969 og som er redigert av Olav Hr. Rue.

Det er slåande for ein lesar i 2015 – over 120 år etter at artikkelen stod på trykk – at teksten i all hovudsak tek føre seg dei vitenskaplege framstega i samtida og uttrykkjer ei sterk positiv tru og ei undring over kva framtida vil føre med seg: «Kor som er, so er det ei tid med store voner me no lever i.». Rue kallar teksten for eit «opplysingsprogram» i føreordet til antologien til 75-årsjubileet til *Syn og Segn* – med rette. Sjølv om tidsskriftet vart født heilt på tampen av 1800-talet er det fint lite fin de siècle-stemning å spore.

Spektral-analysen, eit stort vitenskapleg gjennombrøt på 1800-talet, blir trekt fram allereie i første avsnittet for å understreke at det vi trudde vi aldri kom til å vite noko om – det veit vi no. No veit vi kva stoff sola og stjernene er laga av. Kva meir kjem vi til å få vite?

Før har det vore for mykje vekt på at vitenskap skal vere «nyttig», men forfattarane av denne artikkelen kjem med eit forsvar av grunnforskinga, av studiet av det som kan verke som unyttige detaljar av folk som ikkje er innvigde i korleis den moderne forskinga fungerer. Her blir til dømes studiet av folkediktinga nemnd. Det er i det små vi kan finne det store: «Er ingenting for stort til aa vona, so er helder ingenting for smaatt til aa ansa.» og «det er nettupp denne aathugen med det smaa som hev opna det rikaste innsyn i skaparverket». Forfattarane legg vekt på at vi heile tida må leite etter fleire svar og ikkje slå oss til ro med det vi har – og

heller ikkje late oss blende av nye oppdagingar i så stor grad at vi kjem til å tru at vi no har funne ut av korleis ting heng saman. Det er nesten ein bibelsk trøyst i mykje av det dei skriv:

Kven veit, – kanskje det som no ser minst ut kjem til aa føra lengst, at det vert Oskeladden som kjem til aa vinna kongsdotteri likevel. Skaalsbrotet, skosolen, grevet, nôti, alt kan koma væl med. Den som hev set, kva det hev vorte av det eplet som Newton saag falla, av det kjel-loket Watt saag lyfta seg, av dei frauskelaari Galvani hadde hengt upp paa ein kopartraad, han skal ikkje vera for snar til aa vanvyrda nokon ting eller taka til modløysa.

Først i den siste paragrafen blir det nye tidsskriftet nemnt, i det som kan sjå ut som eit slags program for tidsskriftet:

*Etter dette er det ikkje aa undrast paa, at vonerne stig hjaa folk no, endaa um dei berre kan faa ein og annan glytt av dei store syner. – **Syn og Segn** vil ogso freista aa gjeva ein og annan glytt av alt dette, og helst slikt som kan styrkja voni og modet og arbeidshugen. Det vil syna og segja fraa um det som rører seg i tidi baade heime og ute, sambinda det nye med det gamle ved aa syna det eine i ljuset av det andre, og soleis paa sin maate gjeva sit tilskot til framgangsarbeidet paa dei ymse leier, det framgangsarbeidet som det er samanheng i, som byggjer paa heimleg grunn.*

Ikkje noko fagfelt blir trekt fram som betre eller meir interessant enn det andre, og det er heller ikkje *Syn og Segn* si primæroppgåve å kome med bastante sanningar. Tidsskriftet skal vise fram glimt av alt dette store som no skjer rundt om i verda og her heime, vere ein bindelekk mellom den gamle og den nye kunnskapen, vise fram «det eine i ljuset av det andre» og på den måten ha ei rolle som folkeopplysar. Dei vil vere med å «styrkja voni og modet og arbeidshugen», dei vil vere med på framgangsarbeidet, det som byggjer «paa heimleg grunn».

Her ser vi altså klart ein opplysingstanke bak arbeidet. Samstundes er det å gje ut eit tidsskrift på berre nynorsk òg ei politisk handling, sjølv om det ikkje blir sagt eksplisitt i føremålsteksten. Tidsskriftet og skipinga av tidsskriftet er uløyseleg knytt til målrørsla og det

ideologiske universet som målrørsla hadde sitt utspring i, og *Syn og Segn* hadde sjølvstø og ei målpolitisk side. Kort oppsummert, kan vi seie at tidsskriftet sto for eit moderne kunnskapssyn, var breitt internasjonalt orientert og hadde eit opplysningsideal. Det var òg, i kraft av å vere til, ein del av målrørsla sitt arbeid med å spreie og vidareutvikle nynorsk til å bli eit språk som kunne brukast på alle område. Men, som eg seinare skal vise, skal det meir til enn lette, populærvitenskaplege artiklar til for å utvikle ein fullverdig fagspråk.

1.4 Mellomkrigstida

Etter å ha plassert *Syn og Segn* inn i eit vidt historisk rådeverk, gjer eg her greie for tidsskriftet sin plass i den samtida dei 69 naturvitenskaplege artiklane eg har konsentrert lesinga mi om vart til i. Eg skal peike på dei viktigaste politiske vedtaka om nynorsk som vart gjort om normering og språklege rettar i mellomkrigstida. Gjennom å skildre denne nynorske samtida, gjer eg ein slags tilstandsrapport for målreisinga, den nynorske pressa og *Syn og Segn*.

1.4.1 Nynorskbruken ekspanderer

For å fylle ut biletet av det nynorske landskapet i mellomkrigstida, vil eg vise til nokre nøkkeltal for bruken av nynorsk i skule og administrasjon. Der ikkje anna er oppgjeve, er tala henta frå tabellane i Ottar Grepstad si *Nynorsk faktabok 2005* (Grepstad 2005).

I 1920-åra var landsmålet innført som skulespråk i vestlandsbygdene, fjellbygdene og delar av Trøndelag og Agder, og fram mot andre verdskrigen spreidde det nye skulemålet seg vidare i Trøndelag og oppover mot Nord-Noreg. Denne perioden var ein vekstperiode. I tida etter 1938 gjekk mange skulekrinsar over til nynorsk, og då den andre verdskrigen braut ut, hadde for fyrste gong over 50 prosent av skulekrinsane nynorsk som opplæringspråk, og auka kom i nye geografiske område (Hoel 2011: 416). I reine tal ser vi at det totale talet på

nynorskelevar i grunnskulen var 47 190 i 1910, 72 310 i 1925 og 92 141 i 1947. Seks prosent tok eksamen artium på nynorsk i 1920, og talet auka med ein prosent i 1930.

Når det gjeld administrasjonsmålet i kommunane, var det òg ei auke gjennom mellomkrigstida. I 1922 var det 117 kommunar med nynorsk administrasjonsspråk, 75 av desse var vestlandskommunar. I 1933 var talet 247, mot 235 bokmålskommunar og 267 nøytrale. I 1940 var det 275 nynorskkommunar, 212 med bokmål som administrasjonsmål og 262 nøytrale. I 1933 røysta alle kommunar over målbruken sin. Generelt kan vi seie at nynorsken berre vart innført på bygdene, medan byane heldt seg til bokmålet (Grønvik 1987: 31).

Nynorsk hadde stor framgang, kanskje først og fremst i skulen, og det kunne sjå ut som om pilene berre skulle halde fram med å peike oppover. I ettertid veit vi at voksteren skulle stagnere etter krigen. Årsakene til den auka oppslutnaden og teikna på at denne oppslutnaden ikkje skulle halde fram inn i himmelen, kjem eg nærare inn på seinare.

Målrørsla arbeidde ikkje i ei boble for seg, men var sårbar for endringar i den politiske og økonomiske situasjonen elles i Noreg. Stoda for nynorsk skriftkultur gjekk over i ein ny fase etter 1910. Fram mot 1930 festna nynorsken seg og vart ein moderne europeisk skriftkultur (Grepstad 2010: 141). Nynorsken hadde framgang, fleire og fleire tok språket i bruk privat, og talet på skulekrinsar og kommunar som tok i bruk språket auka nesten for kvart år som gjekk. Ein generasjon nordmenn vaks opp med nynorsken som opplæringspråk byrja gjere seg gjeldande i den norske offentlegheita. I tillegg vaks det fram ei større nynorsk presse og fleire forlag. Nynorsken gjekk frå ein etableringsfase til ein utbyggingsfase – språket hadde vist at det hadde livets rett, no skulle målfolket vise kva språket kunne brukast til. Optimismen måtte ha vore til å ta og føle på, og det var kanskje ikkje så rart at landsmøtet i Noregs Mållag i 1921 programfesta at «Det norske målet skal verta attreist til einaste riksmål i landet» (Hoel 2011: 381). Dette prinsippet vart ført vidare då det på årsmøtet i 1924 låg føre

eit ferdig lovutkast frå Nikolaus Gjeldsvik som innleidde med følgjande formulering: «Norsk skal vera einaste riksmåla frå 1/1 1966 (40 år frå 1/1 1926). Frå den tid skal alle lover og alle andre offentlege dokument vera på norsk.» Vidare presiserer lovutkastet fristar for når innføringa av «norsken» skulle innførast i forskjellige fylke, og at «Naar norsken er innført til hovudmaal i ein skulekrins eller i ei skulesokn anten etter dei reglane, som no gjeld i skulelovene, eller etter reglane ovanfor, kann det ikkje førast ut att». Framlegget fekk kritikk på årsmøtet for at rørsla måtte vente så lenge som 40 år på å få dette gjennomført (Hoel 2011: 384). Tanken frå dette lovframlegget vart vidareført i arbeidet om ei særlov for nynorsk i statstenesta, som skulle munne ut i Lov om målbruk i statstenesta, som eg greier ut om i kapittel 1.4.4. Sjølvtiliten var det ingenting å seie på, og han har kanskje aldri vore høgare enn ved byrjinga av 1920-åra. Det var ikkje ein tvil om at det ville «nedfella seg i eit breitt fleirtal i Stortinget for å gjera landsmålet til einaste offisielle riksmål». (Hoel 2011: 384).

Framgangen var størst i skulen, men utviklinga var ikkje jamn, men kom i form av fleire store hopp. I mellomkrigstida kom auka i etterkant av rettskrivingsreformene i 1917 og i 1938. «Forklaringa var truleg at mange krinsar og skulestyre utsette språkskiftet fram til det var kome nye lærebøker med den nye rettskrivinga.» (Hoel 2011: 377). I realiteten var det då ikkje ei kontinuerlig auke i talet på nynorske skulekrinsar gjennom mesteparten av 20- og 30-talet, men ein stillstand. Men auka som kom etter 1917-rettskrivinga var eit kraftfullt argument målrørsla nytta seg av, dei fortalde ei forteljing om den evige framgangen til nynorsken, og vi kan snakke om ei «join the winning team»-effekt som kan forklare den auka oppslutnaden om målsaka frå 20-talet (Hoel 2011: 378).

1.4.2 Målrørsla møter motstand

Mellomkrigstida var på mange måtar ei brytningstid for målrørsla, det var og ei brytningstid for det norske samfunnet. På 20- og 30-talet endra det politiske landskapet seg. Frå å einsidig

støtte det politiske partiet Venstre, vart målrørsla delt i synet på kva politisk retning som tente målsaka best når det plutselig var fleire politiske parti som kjempa om makta. Fram til 20-talet hadde det vore enkelt å få gjennomslag for saka på Stortinget, men etter første verdskrigen opplevde målrørsla at det ikkje var like enkelt å få gjennomslag med dei gamle argumenta, og forholdet til arbeidarrørsla vart problematisk. Frå å vere premissleverandørar på målpolitikk, måtte målrørsla på 30-talet stå på sidelina å sjå at Arbeidarpartiet sette dagsorden i norsk språkpolitikk. Det var ikkje berre enkelt, og målrørsla klarte ikkje alltid å snu seg raskt nok. Fordi den politiske situasjonen vart meir uoversiktleg, vart det òg vanskelegare å vite kva for strategi som var den luraste for å vinne fram med dei politiske sakene. At det var ei økonomisk nedgangstid vart òg merka, når staten hadde knapt med pengar, var ikkje kultursaker lenger det viktigaste. Lova om målbruken i det offentlege var den siste sigeren målrørsla innkasserte før andre verdskrigen. Grønvik skildrar dette vedtaket som radikalt, og meiner det er rimeleg å stille spørsmål om mållova vart vedteken i «siste liten» før Arbeidarpartiet tok over regjeringsmakta i 1935 (Grønvik 1987: 28).

Hoel brukar harde ord når han karakteriserer målrørsla i den siste delen av mellomkrigstida, og slår fast at dette er «tida då målrørsla miste grepet», og at ved inngangen til den andre verdskrigen var målrørsla «eit stusseleg syn jamført med stoda eitt og to tiår tidlegare.» (Hoel 2011: 441).

Eit case som tener godt til å vise fram det nokså bråe skiftet i politisk oppslutnad om målkrava, er namnesakene som kom opp på 20- og 30-talet. Her ser vi òg korleis målrørsla sitt hovmod stod for fall. Striden om Oslo og Nidaros er gode døme. I kjølvatnet av namnesakene utvikla det seg ei skarp konflikt mellom målrørsla og byane, og forholdet mellom målrørsla og arbeidarrørsla vart sett på prøve. «Det vart òg det feltet der målrørsla etter femti års framgang gjekk på sitt fyrste store tilbakeslag – *Nidaros*-tapet i 1931.» (Hoel 2011: 393).

Namnepolitikken fram til 20-talet var ei suksesshistorie for målrørsla, og fleire stadnamn vart oppnorska etter å ha vore influert av dansk skrivemåte i lang tid. I 1918 la Marius Hægstad og Hjalmar Falk fram ei innstilling for Kyrkjedepartementet der dei kom med framlegg om bynamn som burde få ein norskare skrivemåte, der mellom anna Kristiania vart tilrådd å skifte namn til Oslo. Målrørsla engasjerte seg sterkt i bynamnsakene, og nytta ofte dei uoffisielle norske namna i skriftlege samanhengar (Hoel 2011: 398). Namnebyttet frå Kristiania til Oslo kan sjå uproblematisk ut, men i ettertid har ein fått eit meir nyansert bilete. Då saka vart sendt ut på høyring, var det mest negative tilbakemeldingar å få, folk skreiv seg opp på protestlister, og den første avstemminga i bystyret viste eit klårt fleirtal mot å byte namn. Namnebyttet var ikkje forankra hjå innbyggjarane. På Stortinget var det derimot fleirtal, og bystyret hadde ikkje noko val. Namneendringa vart satt i verk frå 1. januar 1925 (Hoel 2011: 399–400). Hoel forklarar grunnen til at namnebyttet ofte blir framstilt som ei «grei sak», er at protestane stilna ganske fort etter at det nye namnet var vedteke, innbyggjarane var lojale og tok raskt til å bruke det nye namnet.

Frå 1928 kom det fleire framlegg frå målrørsla til bystyret i Trondhjem og til Stortinget om å endre namn på Trondhjem til Nidaros. Bystyret vedtok i 1928 å halde ei kommunal folkerøysting om spørsmålet. Med 65 prosent framømte fall dommen: 17 163 røysta mot endringa, 1508 røysta for (Hoel 2011: 403). Bystyret gjekk inn for å ikkje endre namnet. Målfolket måtte sjå til hovudstaden for hjelp til å presse gjennom eit positivt vedtak. Trass i motstand, gjekk Odelstinget inn for ei lov som fastsette Nidaros-namnet frå 1. januar 1930. Det var ein massiv motstand mot vedtaket lokalt i Trondheim, og saka vart fyldig dekt av pressa over heile landet. I 1930 kom saka opp att til politisk handsaming, og etter mykje om og men, vart kompromissframlegget «Trondheim» vedteke (Hoel 2011: 408). Målrørsla, saman med partiet Venstre, vart sitjande att som taparar. Rørsla makta heller ikkje å vinne nokon av dei andre bynamnsakene som var oppe på om lag same tidspunkt. Trua på at ein

kunne regulere seg til siger i målsaka gjennom politisk vedtekne lover fekk seg ein alvorleg knekk. Framgangsmåten for det vellukka Oslo-vedtaket var den same som for Nidaros-vedtaket, men utfallet vart annleis.

1.4.3 Nynorsk presse

Her gjer eg eit kort, men effektivt, oversyn over det nynorske presselandskapet i mellomkrigstida. Eg legg mest vekt på kva funksjon og kva verknader den nynorske pressa hadde. Nemninga «avis» er problematisk, og «blad» er ofte nytta innanfor den nynorske skriftkulturen som ei samlenemning for publikasjonar som ikkje var bøker, og «stykke» vart brukt for dei artiklane som sto på trykk. For nynorske publikasjonar kan vi seie at skiljet mellom blad og avis oppstod på 30-talet (Grepstad 2010: 15–16). Eit nærare blick på den nynorske pressa i mellomkrigstida kan seie noko om styrkeforholdet mellom dei politiske partia i målrørsla og om kor utbreidd nynorsk var som avisspråk.

Fram til 1940 vart det starta over 320 blad og aviser i Noreg (Grepstad 2010: 23). I 1939 kom det ut 289 aviser i Noreg, 13 prosent av desse var redigert på nynorsk (Grepstad 2010: 147). Ottar Grepstad gjer grundig greie for dei tidlege målblada i boka *Avisene som utvida Noreg* frå 2010. Her understrekar han òg det tette sambandet mellom blada og utviklinga av organisasjonssamfunnet i Noreg. Blada hadde ei identitetsskapande rolle for målfolket. (Grepstad 2010: 23).

Blada var knytte til institusjonar heller enn til geografiske område. Mange aviser knytte seg opp til politiske parti i denne perioden, men for nynorskpressa var det det språkpolitiske som var den viktigaste drivkrafta. Men nynorskpressa var ikkje politisk uavhengige, dei aller fleste støtta det politiske partiet Venstre anten eksplisitt eller implisitt før den første verdskrigen. Dette var uproblematisk, sidan dei fleste i målrørsla støtta Venstre – det var det einaste partiet som var til å stole på i målsprøsmål. Men gjennom og etter den

første verdenskrigen vart det politiske landskapet meir nyansert, og nokre aviser tok til å støtte Norsk Landmandsforbund (Bondepartiet frå 1920). Det vart etter kvart ein diskusjon internt i Noregs Mållag om pressa burde vere lojale mot Venstre eller støtte opp om andre parti, og på den måten påverke målpolitikken deira (Hoel 2011: 320). Avisene fann seg sjølv i eit krysspress mellom lojalitet til parti og lojalitet til målsaka, og det «gav seg dels utslag i ein partikamp om nynorskavisene, og dels ein tendens i retning av fleire partiuavhengige nynorskaviser» (Hoel 2011: 322).

Dei viktigaste funksjonane til nynorskpressa fram til 1940 kan summerast opp i tre punkt: Argumentasjon, informasjon og kontakt (Grepstad 2010: 145). Nynorskpressa skulle argumentere for krav og informere om viktige saker som målrørsla arbeidde for. I tillegg skulle pressa vere eit kontaktpunkt for målfolk på tvers av landet. Ein opplagt funksjon pressa hadde i tillegg til desse, var å utvikle og spreie det nynorske språket.

Mellomkrigstida var ein overgangsperiode for norsk presse, prega av både stillstand og framgang. Før 1910 hadde den dansk-norske pressa ekspandert, og låg no stabilt. Den nynorske pressa derimot, var ikkje mykje å snakke om før 1910, men ekspanderte kraftig mellom 1920 og 1940 (Grepstad 2010: 146).

Grepstad viser til forskjellige fasar i den nynorske pressehistoria. Den første tida fram mot 1904 var ein etableringsfase, og frå 1904 og fram til krigen var ein utskiljingsfase. I utskiljingsfasen skilde avisene seg ut ved å lage eigne nynorskblad, som var redigerte på nynorsk åleine. Etter krigen kom ein integreringsfase med fleire språkdelte aviser, og til slutt ein alminneleggjeringsfase frå 70-talet og fram til i dag. Det var fram til om lag 1930 at det vart lagt mest vekt på å ha «reine» nynorskaviser.

Om ein set den nynorske pressa opp mot bokproduksjonen, ser vi at det er mangfaldet av blad og aviser som produserer mest tekst. Blada var òg billegare og meir tilgjengelege,

fattige bygdefolk hadde òg råd til å halde aviser og blad. Den nynorske pressa var eit effektivt middel for å utvikle og stadfeste nynorsk som eit bruks- og sakprosaspråk.

1.4.4 Lov om målbruk i statstenesta

Dei første viktige sigrane for målrørsla har eg gjort greie for tidlegare, det var politiske vedtak som i hovudsak handla om å opne opp for nynorsk på nye område, som i skulen og på Universitetet. Ein viktig siger var òg jamstillingsvedtaket frå 1885, som bana veg for alle seinare vedtak. I mellomkrigstida vart vedtaket av Lov om målbruk i statstenesta frå 1930 ei viktig sak.

I den første tida etter den første verdskrigen hadde målsaka hatt medvind i segla, og stadig fleire skular og kyrkjer hadde gått over til å bruke nynorsk. Dette vart gjort ved røystring lokalt. Målbruken i administrasjonen vart avgjort av kommunestyra og politikarane i kommunen. Situasjonen vart òg etter kvart at nynorsken var godt representert i somme geografiske område, men fråverande i andre. I målrørsla voks det fram eit krav om at dei områda som hadde valt nynorsk, òg måtte kunne krevje nynorsk frå stats- og embetsmenn. Ifølgje Oddrun Grønvik vart dette sett på som eit slags sluttkrav som «skulle setja krona på verket og runda av arbeidet for nynorsk i den offentlege sektoren i dei områda som alt hadde valt nynorsk i skule, kyrkje og eigen, kommunal administrasjon.» Ho skriv vidare at dette var eit uttrykk for ein harme mot sentralmaktene og ei slags lokal sjølvhevdning som kan seiast å gå inn i den gamle striden mellom bonde og embetsmann (Grønvik 1987: 105).

Dette kravet vart gjennomgåande diskutert i Noregs Mållag. Det var dei som meinte at eit slikt krav berre ville tene dei kommunane som allereie hadde valt nynorsk som sitt språk, og difor ikkje ville kome innbyggjarar i bokmålsområde til gode. Striden i Noregs Mållag om korleis eit slikt krav skulle formast i lov, botna i ei usemje om det ideologiske grunnlaget for arbeidet i organisasjonen – om Noregs Mållag skulle arbeide for særkrav for nynorsk, eller

jamstilling mellom nynorsk og bokmål (Grønvik 1987: 106). Dette gjorde at rørsla brukte tid på å kome fram til eit utkast til lov som alle kunne samlast om.

Innstillinga til ei slik lov låg føre i Stortinget i 1929, og vart vedteken i 1930. Handsaminga av lova hadde då vorte utsett på grunn av det opprivande vedtaket om at bynamnet Trondhjem skulle endrast til Nidaros. I lova som vart vedteken, stod det mellom anna at tilsette i eit embete eller statstenestepost skulle nytte både nynorsk og bokmål i skriftleg handsaming av saker som høyrer til arbeidet, om den tilsette er fødd før 1905 (Grønvik 1987: 168). Lova vart eit kompromiss, og den rådande vurderinga frå målrørsla var at det ikkje var godt nok – men det var betre enn ingenting. Gjennomføringa av lova var open for tolking. «Det var derfor klart at dei praktiske verknadane av lovvedtaket ville vera mykje avhengig av kva press lovtilhengarane – og først og fremst Noregs Mållag – greidde å leggja på styresmaktene.» (Grønvik 1987: 183).

Noregs Mållag fekk altså oppdraget som vaktbikkje. Sjølv om det seinare har vorte grundig dokumentert at lova ikkje vart følgt opp etter intensjonen, og at sanksjonane på lovbrota ikkje var av den harde sorten, vart vedtaket ei viktig symbolsak. Målrørsla hadde òg med denne lova eit pressmiddel som dei kunne bruke andsynes statsmakta. Lova markerte òg ei endring: Frå å kjempe for vedtak som opna for nynorsk på nye område der språket før ikkje fekk innpass, kjempa ein her om lover som regulerte tilhøvet mellom dei to språka.

1.4.5 Nynorsknormering i mellomkrigstida

I mellomkrigstida vart den offisielle nynorskrettskrivinga revidert ein gong – i 1938. I tida etter den første verdskrigen og fram til denne reforma, var det rettskrivingsreforma frå 1917 som låg til grunn for den offisielle skrivemåten. Eg vil difor ta for meg hovudpunkta i desse reformene for å gje eit bilete av korleis nynorsken såg ut på denne tida, men først gje eit kort oversyn over dei tidlegare reformene. Eg kjem ikkje inn på bokmålsrettskrivinga.

Den første rettskrivingsnormalen av nynorsken som ikkje var gjort av Ivar Aasen, vart vedteken i 1901. Kyrkje- og undervisningsdepartementet hadde sett ned ei nemnd som skulle kome fram til eit framlegg, og i nemnda sat Marius Hægstad, Arne Garborg og Rasmus Flo. To av desse kjenner vi att som grunnleggjarane av *Syn og Segn*. Dei vart ikkje samde, og departementet gjekk til slutt inn for Hægstad sitt framlegg, seinare kjend som «Hægstad-normalen», mot Flo og Garborg sin «midlandsnormal». Sistnemnde braut med Aasen sin normal på fleire punkt, medan Hægstad var meir tru mot Aasen. Sjølv om Hægstad-normalen vart den offisielle rettskrivinga for nynorsk i skule og administrasjon, fekk dei elevane som ville det, nytte midlandsnormalen. Her ser vi kanskje det første teiknet på inndelinga av hovudformer og sideformer i rettskrivinga, noko som skulle kome att seinare. I 1910 kom det ei ny rettskriving, som mest var ei liberalisering av Hægstad-normalen på nokre punkt.

I framstillinga av rettskrivingsendringane som følgjer, har eg brukt oversynet til Torp og Vikør frå 2003.

1.4.5.1 1917-rettskrivinga

Den neste store rettskrivingsendringa kom i 1917, og omfatta både nynorsk og bokmål. Endringane vart delt opp i obligatoriske og valfrie endringar, og meininga frå rettskrivingskomiteen var at det skulle gå an å velje fritt mellom formene. I praksis vart det tolka som to forskjellige sett med former, der ein måtte vere konsekvent med kva former ein ville bruke. Alle formene kunne nyttast i lærebøker (Torp og Vikør 2003: 241). Eg tek først for meg dei viktigaste obligatoriske endringane, for så og sjå på dei valfrie.

Ei lita, men synleg endring var at bokstaven *å* vart innført i staden for *aa*. I tillegg vart skrivemåten av framandord fornorska, endinga *-tion* måtte vike for skrivemåten *-sjon*. Stum d fall bort i ein del ord, og fleirtalsformene *-ane*, *-ene* og *-one* vart obligatoriske. Der ein før kunne skrive *bønderne*, måtte ein heretter skrive *bøndene*.

Av valfrie endringar, vart open vokal tillaten i ord som *mellom* og *før*, mot *millom* og *fyrr*. Ord med monoftong kom med – *drøm* i staden for *draum* – og dobbeltkonsonant vart mogleg i fleire ord: *venn* og *gammal*, alternativt *ven* og *gamal*. A vart lov i bunden form av sterke hokjønnsord, slik at ein kunne skrive *boka* i staden for *boki*. For svake hokjønnsord vart det opna for *-er/ene*: *viser* – *visene* mot tidlegare *visor* – *visone*. I infinitiv vart *-e* tillate som ending, og kløyvd infinitiv vart lov for skuleelevar. I tillegg var det fleire endringar som eg ikkje nemner her.

Dei valfrie endringane i nynorsk vart til gjennom press frå målfolk, hovudsakleg personar frå Trøndelag og på Austlandet. Etter kvart vart det i realiteten to nynorskvariantar: i-målet og a-målet (Torp og Vikør 2003: 244).

1.4.5.2 1938-rettskrivinga

Den rettskrivinga som vart vedteken i 1938, omfatta òg både nynorsk og bokmål. Her vart formene delt opp i hovudformer og sideformer. Lærebøkene skulle bruke hovudformene, medan elevane kunne bruke sideformene om dei ville. Nynorsk med bruk av hovudformene gjekk under namnet *læreboknormalen*, medan sideformene vart kalla *klammeformer*, fordi dei stod i klammer i ordboka. Læreboknormalen var enno ganske vid, med fleire valfrie, jamstilte former.

For nynorsk vart fleire av dei valfrie endringane frå 1917-rettskrivinga obligatoriske. Det galdt til dømes bruk av open vokal i ord som *mellom*. Samstundes vart nokre av formene det vart opna for i 1917 fjerna att i ein del ord: diftongar vart obligatoriske i ord som *draum* og *aust*. *-e* vart obligatorisk ending i ubunden form eintal for svake hokjønnsord: *viser*. Sterke hokjønnsord fekk *-a* som ending i hovudforma (*boka*), og *-i* som sideform (*boki*), det same for inkjekjønnsord i fleirtal (*husa* [*husi*]). I fleirtalet for svake hokjønnsord såg endingane slik ut: *viser* [*visor*]. A-infinitiv vart jamstilt med kløyvd infinitiv i læreboknormalen, medan a-

infinitiv vart klammeform. Former som fær og gjeng måtte vike for får og går, og pronomenerna *vi* vart hovudform, *me* vart sideform.

Torp og Vikør skriv at delinga mellom eit a-mål og eit i-mål heldt fram på same vis som etter 1917-rettskrivinga, men at a-målet etter kvart vart det mest utbreidde. Dei som skreiv a-mål var òg mest lojale mot 1938-rettskrivinga (Torp og Vikør 2003: 246).

1.4.5.3 Tilnæringspolitikk

Eg kjem ikkje til å gå inn på samnorsktanken seinare i oppgåva mi, men nemner det kort her. Normeringa av nynorsk og bokmål i mellomkrigstida var prega av ein tilnæringspolitikk, der tanken om at nynorsk og bokmål skulle smelte saman i ein felles «samnorsk» var styrande i arbeidet med rettskrivinga. Arbeiderpartiet, med målmannen Halvdan Koht i spissen, var ei viktig drivkraft. Koht har i ettertid vorte sett på som hovudmannen bak 1938-rettskrivinga (Torp og Vikør 2003: 223). Generelt møtte denne politikken sterk motstand frå riksmålssida og frå store delar av målrørsla. I dag er samnorsktanken gjeve opp av styresmaktene, men spora frå denne politikken ser vi enno att i rettskrivinga i dag. Fleire bokmålsformer vart tillatne i nynorsken, og det har vist seg vanskeleg å reversere dette. Fleire folkemålsformer, som i bokmål gjerne blir kalla «radikale» former, vart tillatne i bokmål. Fleire av endringane i bokmål viste seg derimot å vere for radikale for språkbrukarane, og fleire av formene som vart obligatoriske i bokmålet etter 1938 er i ettertid tekne ut av rettskrivinga eller vorte valfrie. Det store oppgjeret med tilnæringspolitikken kom etter den andre verdskrigen.

1.4.5.4 Rettskrivinga i *Syn og Segn*

Det var aldri store rettskrivingsordskifte i spaltene i *Syn og Segn*. Olav Midttun, som var redaktør gjennom heile mellomkrigstida, skriv i sin sjølvbiografi *Livsminne* frå 1971 at politikken hans var at «Kvar medarbeidar fekk bruka si rettskriving, frå dei mest konservative

til dei mest radikale, så ein kunne prøva og sjå dei ulike formene. Rettskrivingsordskifte har eg vore varsam med; hadde ein sleppt det i gang, ville det snart ha fylt heile tidsskriftet.» (Midttun 1971: 88).

Dette sitatet understrekar òg eit viktig poeng. Dei rettskrivingsvedtaka som eg har gjort greie for ovanfor, er mest mynta på bruk i skulen og i den offentlege målbruken. Privatpersonar kan skrive som dei vil, og målrørsla har hatt mange av ei som har «si eiga» private rettskriving.

1.4.6 *Syn og Segn* i mellomkrigstida

Heilt frå skipinga i 1894 og fram til 1950 låg tingartalet til *Syn og Segn* på om lag 1100 tingarar (Tusvik 2009). Olav Midttun (1883–1972) vart redaktør i *Syn og Segn* i 1908, i det som såg ut til å vere eit eittårs vikariat for Halvdan Koht som var i Amerika. Men då Koht kom attende, ville han ikkje ta over att, og Midttun vart sitjande i redaktørstolen heilt fram til 1960. I denne tida var han òg Noregs første kringkastingssjef frå 1934, og professor i nynorsk diktning og litteratur ved Universitetet i Oslo frå 1940. (Grepstad 2006: 173). Midttun var altså redaktør under begge dei to verdskrigane og tida mellom dei. I 1971, eitt år før han døydde, gav han ut ein sjølvbiografi der han mellom anna fortel om tida si som skriftstyrar i *Syn og Segn*. Det er ein kort og nokså anekdotisk sjølvbiografi, utan fotnotar og tilvisingar. Men han kan likevel vere ei kjelde til å prøve å forstå kva Midttun tenkte om redaktørarbeidet.

Her skriv han mellom anna at det var viktig for han at forfattarane skreiv «på målet, ikkje om målet» (Midttun 1971: 89). Han skriv òg at han i sin periode som redaktør «prøvde å følgja med i nye granskingar og oppfinningar» (Midttun 1971: 87). Midttun var ingen passiv redaktør, men skreiv ofte etter tekstar han ville ha på trykk. I sjølvbiografien sin nemner han Anton Røstad som ein mann som var «god å gå til når det galdt naturvitskap» (Midttun 1971: 79).

Det var artiklar om litteratur, historie og samfunnsvitskap som til saman stod for godt over halvparten av innhaldet i bladet. I den andre hovuddelen kjem eg til å gjere grundigare greie for korleis innhaldet i innhaldet i tidsskriftsartiklane fordeler seg på tema frå det første nummeret i 1894 og fram til 1969.

1.4.7 Oppsummering

Frå Ivar Aasen prenta dei første ordbøkene på midten av 1850-talet og fram til nynorsk vart ein moderne skriftkultur, gjekk det under 100 år. Godt hjelpt av nasjonalistiske og nasjonalromantiske straumdrag i etterkant av 1814 og seinare 1905, fekk målrørsla aukande oppslutnad og politiske gjennomslag for viktige krav heilt fram til siste del av mellomkrigstida. Rørsla var sein med å organisere seg samanlikna med andre folkerørslar. Framvoksteren av ei nynorsk presse var ein viktig føresetnad for at det nynorske språket og ideologien målsaka var tufta på kunne spreie seg effektivt, og var dessutan ein stad nynorskbrukarar kunne få tekstane sine på trykk, i ei tid der dei kanskje ikkje slapp til i andre publikasjonar. Dei viktigaste politiske sigrane vann målrørsla i tida før den første verdskrigen.

Vi ser eit skilje mellom den første og den andre delen av mellomkrigstida, med sigeren med lova om målbruk i offentleg teneste i 1930 og nederlaget i Nidaros-slaget i 1931 som skiljemarkørar. Den første delen prega av grenselaus optimisme og eit ønskje om å tilpasse seg eit nytt politisk landskap som hovudtrekk. I den andre delen av mellomkrigstida gjekk målrørsla på sin første store smell, og strategiane som før hadde fungert, fungerte ikkje lenger. Frå å ville samarbeide med arbeidarrørsla, gjekk målrørsla over til å gjere motstand mot Arbeidarpartiet, som representerte eit nytt politisk hegemoni. Teikna på nedgangstida for nynorsken i etterkrigstida såg vi allereie her.

Den nynorske rettskrivinga til bruk i skulen og det offentlege vart vedteken i 1901, og vart reformert to gonger til før den andre verdskrigen.

1.5 Oppsummering av den første hovuddelen

Eg har i den første delen av oppgåva mi gjort greie for språkplanleggingsteori og dei forskjellige fasane i språkplanlegginga, samt diskutert kva rolle *Syn og Segn* kan ha hatt som normagent. Eg har òg gjeve ei grundig framstilling av språkhistoria i tida der nynorsk vart etablert som språk og framvoksteren av ei målrørsle, samt gjort eit djupdykk i den samtidige språkhistoria i mellomkrigstida.

Gjennomgangen min har ført til at eg har fått eit mykje breiare grunnlag å forstå dei naturvitskaplege artiklane ut frå. Ikkje minst gjeld dette ei innsikt i korleis målrørsla tenkte om sin eigen situasjon på 20- og 30- talet, og kva målfolket såg på som dei viktigaste målpolitiske tiltaka og oppgåvene sine. Innleiingsvis stilte eg spørsmål om korleis dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* kan forklarast som teikn på utbyggingsfasen i nynorsk, og eg ønskte å undersøke korleis det vart forhandla med det tospråklege og reflektere over korleis kontekst og råmevilkår kan leggje til rette for utviklinga av nye typar tekstar.

Målrørsla såg det som ei viktig oppgåve å gje ut blad og skrifter på nynorsk, og ein viktig funksjon desse blada skulle ha, var å spreie det nye norske språket. *Syn og Segn* hadde òg denne funksjonen. Som eg har vist, skreiv *Syn og Segn* innanfor eit breitt spekter av tema i ei tid der det ikkje fanst så mange andre språklege førebileter for denne typen tekstar, og det viser at artiklane i tillegg til å formidle det nynorske språket hadde ein utvidande funksjon, eit teikn på utbyggingsfasen som Einar Haugen skriv om. Både når det kom til å utvide terminologien fordi dei skreiv om så mange forskjellige fagfelt, men kanskje mest når det kom til å utvide rommet for kva det gjekk an å skrive om på nynorsk.

Målrørsla og nynorsk hadde vind i segla, og som eg har vist, hadde òg ei sterk tru på at nynorsk kom til å halde fram med å vinne terreng. Difor var det viktig å utvikle nynorsk til eit fullverdig bruksspråk, og difor var tidsskrift som *Syn og Segn* spesielt viktige.

Men sjølv om denne perioden eg skriv om, er kjend som ei tid der alt gjekk framover med nynorsken, viser framstillinga mi og til nokre teikn på at medvinden skulle stilne. Det er viktig å hugse på at sjølv om tida fram til den andre verdskrigen ofte blir framstilt som ei gledesoge, så var nynorsk i eit mindretal i høve til bokmål. Særleg er det eit vesentleg poeng når ein snakkar om normer og normagentar. Sjølv om *Syn og Segn* kan ha fungert som ein normagent for nynorskbrukarane, har påverknaden frå bokmål då som no vore sterk, og det å vere nynorskbrukar er heller ikkje eintydig. Nynorskbrukarar er ofte ikkje berre det – dei er fleirspråklege.

Hovuddel 2

Dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn*

I denne delen av oppgåva vil eg gå nærmare inn i dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn*. Først kjem eg med nokre teoretiske refleksjonar, så gjer eg ei analyse av innhaldet i *Syn og Segn* frå det første nummeret og fram til 1968 i kapittel 2.2. Dette er ei rein kvantitativ analyse som er basert på ei biblioteksfagleg kategorisering av artiklane etter emne, og eg brukar ei grafisk framstilling. Kapittel 2.3 er ei kvalitativ analyse av 69 av dei naturvitskaplege artiklane som stod på trykk i mellomkrigstida, der eg skildrar artiklane som sjanger og går inn på fellestrekk og særtrekk ved dei. Til slutt i kapittelet gjer eg ei næranalyse av fire utvalde tekstar, der eg bevegar meg inn på ordnivået.

Det eg vil vise, er kva som skjedde i den fasen der nynorsk var etablert, men utvida funksjonen. Mitt bidrag er å utvide forståinga av denne perioden ved å bruke sjanger- og tekstanalyse der den etablerte språkhistoria helst har vore meir oppteken med fysiske strukturar som forlag og distribusjon, eller rettskriving. Det fører til at eg i den kvalitative analysen kan diskutere trekk ved artiklane som seier noko om tankane som låg bak språkbruken i denne fasen, og forstå artiklane ut frå nokre nye perspektiv. Artiklane som er vist til, men ikkje referert spesifikt til, er henta frå innbundne årgangar av *Syn og Segn*, utgjevne av Det Norske Samlaget mellom 1919–1939.

2.1 Teoretiske refleksjonar

I dette kapittelet vil eg komme inn på visse normer og ideologiar som er kjende i språkhistorieforskinga som styrande for korleis det nynorske språket skal sjå ut, og gjer greie for kva eg forventar å finne i førstelesinga av dei naturvitskaplege artiklane. Mykje av den

tidlegare språkhistorieforskinga tek for seg korleis til dømes purisme som ideologi og prinsipp påverkar ord og ortografi, men eg vil òg sjå på korleis sjanger, stil og situasjonskontekst kan vere påverka av normer og ideologiar. Sjangeranalysen vil òg vise på kva måte teksttypen kan vere styrande for språket i artiklane. Eg vil og seie noko om terminologi, og korleis det tradisjonelt har vore arbeidd med fagtermar på nynorsk. Ved å gjere greie for kva fagordlister som var tilgjengelege på det tidspunktet dei naturvitskaplege artiklane eg analyserer stod på trykk, seier eg òg noko om kva hjelpemiddel forfattarane mine hadde tilgjengelege og korleis stoda for det offisielle fagterminologiarbeidet på nynorsk i denne perioden. Terminologi er likevel berre ei side av det å utvikle eit fagspråk på eit spesielt domene, fagspråka har òg gjerne ein eigen stil og egne sjantrar.

2.1.1 Stil og syntaks: Enkel og talemålsnær struktur

Eit spørsmål som må stillast, er om nynorsk skil seg frå bokmålet i anna enn i rettskriving, men òg i stil og syntaks. Det blir ofte slått fast at nynorsk er eit språk som er meir talemålsnært, meir effektivt og ikkje like fullt av vanskelege setningar som bokmålet, rett på sak og lite formelt. Eg har merka meg at det ofte blir vist til slike karakteristikkar av nynorsken utan å vise til kjelder eller eksempel – det berre er sånn. Endre Brunstad tek for seg dette temaet i artikkelen «Kva er god nynorsk språkføring?» frå 2009, der grunnlaget for artikkelen mellom anna er resultatet av ei spørjeundersøking blant språkbrukarar og eit utval av handbøker i nynorsk språkføring. Oppsummeringa hans av dei vanlegaste råda, eller prinsippa, som oftast er brukt til å skildre tekstar som har «god» nynorsk språkføring er oversiktleg og konkret (henta frå Brunstad 2009: 94):

1. God nynorsk er meir talemålsnær og brukar fleire dialektord enn bokmålet.

2. God nynorsk har mindre bruk av passiv enn bokmål, og det er restriksjonar på passivbruken.
3. God nynorsk har restriksjonar på bruken av genitiv.
4. Det er i god nynorsk mindre bruk av enkelt bunden form av substantiv.
5. God nynorsk har ein meir verbal uttrykksmåte, og ein skal difor unngå for mange substantiv avleide av verb eller adjektiv når ein kan bruke verb eller adjektiv (unngå «substantivsjuke»).
6. God nynorsk har restriksjonar mot tunge partisippkonstruksjonar.
7. God nynorsk har restriksjonar mot underordning og innskotssetningar.
8. God nynorsk har ein ordlagingsstradisjon som med fordel kan dyrkast.

Brunstad presiserer at dette ikkje seier noko om den reelle bruken av nynorsk, men det seier noko om kva haldningar som fins om godt nynorsk språk. Dei er òg henta frå nyare kjelder, men eg går ut frå at dei haldningane til god nynorsk språkføring som blir vist til her, òg var gjeldande i mellomkrigstida. Fleire av desse punkta er òg gyldige for å skildre god bokmål.

«Kansellispråk» er ei nemning som i seinare tid har vorte brukt nedsetjande om vanskeleg og tungt språk, med unødvendig kompliserte og lange setningar med omfattande bruk av substantiv. Kansellistilen er ofte brukt om den dansk-norske skriftkulturen bokmålet vaks ut av. Den som tok til å bruke det nynorske språket hadde ikkje ein slik skriftradisjon som føredøme. Grepstad skriv at «Strukturen i dei etablerte sjangrane kunne nok overførast til det nye skriftmålet, men ikkje skrivemåtane.» (Grepstad 2010: 35). Aasmund Olavsson Vinje var ein pioner innan utviklinga av eit nynorsk prosaspråk, med Dølen som arena. I følgje Grepstad hadde Vinje ein «retorisk variasjon mellom innslag frå talemål, fleire originale metaforar, konkrete seiemåtar og færre språkblomar», og han sameinte «det folkelege og det klassiske» (Grepstad 2010: 40). I dei første freistingane på å skrive nynorsk hadde stilen vore

meir lik det dansk-norske stilidealet, men i 1870-åra nærma fleire seg kvardagstalen, «både fordi ein profilert publisist som Olaus Fjørtoft argumenterte sterkt for det, og fordi fleire fekk røynsle med å skrive.» (Grepstad 2010: 40). Det har òg vore påpeika av presseforskarer Åslaug Undheim at dei dansk-norske avisene låg minst 40 år etter målblada i utviklinga mot eit enklare språk (Grepstad 2010: 40).

Nynorsken hadde sitt opphav i talemåla i Noreg, og det er kanskje ikkje rart at ei talemålsnær språkføring var og er eit ideal for korleis nynorsk skulle sjå ut i skrift. Men Grepstad viser òg, med Vinje som døme, at den tidlegaste nynorske prosaen tidleg hadde utvikla eit stilregister som kunne spenne frå ein høgstil og ein lågstil, men likevel skilde seg frå den dansk-norske stilen. Nynorsk hadde ikkje ein lang og formelfast skrifttradisjon med stivna metaforar og seiemåtar, men måtte lage alt dette på nytt.

Talemålsnært og «enkelt» språk med mest mogleg verbale uttrykksmåtar kan vere problematisk når ein skal skrive fram kompliserte og abstrakte vitenskaplege tekstar, i møtet mellom dei nynorske stilidealet og det abstrakte vitenskapsspråket ligg det kan hende ei konflikt som kan vere til hinder for å utvikle eit fullgodt fagspråk. På hi sida kan dei idealet eg har lista opp ovanfor fungere på ein måte som aukar lesbarheita for tekstar som kunne vorte unødige tunge.

2.1.2 Purisme

Purisme er eit omgrep som ofte går att i skildringa av korleis nynorsk har vorte sjåande ut som det er. Språkleg purisme er førestillinga om det reine språket. Men sidan ingen språk vitenskapleg kan karakteriserast som anten «reine» eller «ureine», er dette ein mental konstruksjon, og ikkje noko det går an å observere (Brunstad 2005: 7). Sjølv om det ikkje er eit observerbart fenomen, kan purismen spele ei viktig rolle i til dømes normeringsarbeid og som eit prinsipp i språkplanlegginga. I Norden har det vore tradisjon for å definere purisme

som arbeid mot lån frå framande språk og å erstatte desse med mest mogleg heimelege språktrekk. Endre Brunstad gjer greie for fleire definisjonar i artikkelen «Det reine språket. Eit riss av purismeomgrepet» (2005) og kjem med framlegg om denne definisjonen av omgrepet:

Purisme er ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som «ureine». Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vere retta mot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske. (Brunstad 2005: 12)

Sjølv om Brunstad åtvareer mot alt for vide definisjonar av purisme, vedgår han at også denne definisjonen er vid. For vid definisjon kan vere med å underkommunisere at dei fleste språk har ikkje ein generell motstand mot alt som er framandt, men heller ein spesifikk purisme som er retta mot trekk frå eitt eller fleire framande språk. Til dømes har nynorsk tradisjonelt hatt ein større motvilje mot danske og nedertyske former, medan dei latinske og greske formene kanskje har sloppe lettare gjennom normeringsgodkjenninga.

Purismen er eit sær sams sett fenomen og kan rette seg mot ulike lingvistiske nivå, ha ulik styrke, gje ulike svar på korleis det praktiske normeringsarbeidet skal utførast for å nå målet, og ikkje minst kan purismen ha ulik ideologisk motivasjon (Brunstad 2005: 12). Det siste er veldig interessant, sidan purisme ofte er knytt opp til ideologien nasjonalisme. Men det treng ikkje vere nasjonalisme som ligg til grunn for å ville reinske bort framande ord, det kan like gjerne vere ein demokratisk eller pedagogisk grunntanke bak. Mange framandord og lite heimleg syntaks kan gjere det vanskeleg tilgjengeleg for nokre grupper i samfunnet, samt favorisere andre, noko som er eit klårt demokratisk problem.

Purismedefinisjonen til Brunstad inkluderer både norvagisering og fornorsking av leksikalske former. Det *kan* vere problematisk, sidan norvagisering like gjerne kan signalisere

det motsette av purisme. Vi kunne tenkje oss at den norvagiserte forma kan fungere som eit godkjent-stempel som seier at ordet får lov til å kome inn i språket på lik line som dei andre orda. Purisme er eit samansett omgrep. Difor er det ei viktig presisering at vi for å kunne vurdere om ei språkpolitisk tilpassing av ord er eit utslag av purisme, må undersøkje prosessane og argumenta bak i kvart einskilt tilfelle (Brunstad 2005: 14).

Det er interessant å merke seg at purisme òg kan knytast opp til ein opplysningsfilosofi. På 1700-talet vart det viktig at kunnskap ikkje skulle vere avgrensa til dei som kunne latin. Når vitenskaplege termar vart nasjonaliserte og omsett til fransk i Frankrike og tysk i Tyskland handla det ikkje berre om å verne nasjonalspråket sitt frå det ureine – men om at vanlege folk skulle kunne ta del i samfunnet. (Brunstad 2005: 55).

I mi analyse er det både interessant å sjå etter teikn på purisme på ordnivå, om dei leksikalske formene til dømes er *norvagisert* og *fornorska*, men òg å sjå utover det leksikalske. Det er likevel vanskeleg for meg å seie noko om *motivasjonen* bak eventuelle norvagiseringar og fornorskingar, om dette var frykt for det framande og ureine – eller om det rett og slett er eit uttrykk for pedagogikk, estetikk eller demokrati og opplysningsideal. I den kvalitative analysen kjem eg til å diskutere korleis dei naturvitskaplege artiklane kan lesast som pedagogiske tekstar.

2.1.3 Sjanger og teksttypar

Sjangrar er styrte av konvensjonar og forventningar til form og innhald i ein tekst, og sjangeren kan vere styrane for både forfattaren som skriv teksten, og lesaren si oppleving av teksten. Vi kan like gjerne seie at ein sjanger er ei *norm* for korleis tekstar skal vere, og det er òg ein måte å dele inn tekstar i *kategoriar*. I lesinga av dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn*, er det naturleg å sjå korleis dei svarar til sjangerforventningane. Her vil eg vise fram

kva sjangrar som er vore vanlege å rekne med i norsk sakprosa, og kor eg meiner dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* kan plasserast i det etablerte sjangeroversynet.

Eg brukar omgrepet «sakprosa» om tekstmaterialet mitt. For dei fleste vil det å omtale tidsskriftsartiklar om naturfag som sakprosa vere uproblematisk ut frå korleis omgrepet blir brukt i daglegtalen – alt som ikkje er skjønnlitteratur ofte blir omtala som «sakprosa». Ein definisjon av omgrepet kan vere at sakprosa er «tekster som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten.» (Tønnesson 2012: 34). Omgrepet kan problematiserast i det uendelege, grensene for sakprosaen er flytande. Men eg meiner at materialet mitt legg seg såpass trygt innanfor sakprosa-omgrepet slik det er i faktisk bruk, at eg vel å ikkje problematisere dette vidare.

Ottar Grepstad gjer greie for sjangrane i norsk sakprosa i artikkelen «Sakprosaens linjer» frå 1998. Her skil Grepstad mellom «teksttype» og «sjanger», og argumenterer for at ein teksttype har allmenne trekk og kan skildre tekstar på tvers av grenser som sak- og fiksjonsprosa, medan sjangrar er meir historisk forma kombinasjonar av ein eller fleire allmenne teksttypar (Grepstad 1998: 642). Sjangrar som *biografi* og *reiseskildring* kan med andre ord begge ha ein *forteljande og skildrande teksttype*, sjølv om det er to forskjellige sjangrar. I inndelinga av dei forskjellige teksttypene, står Grepstad seg på ei femdeling gjort av Egon Werlich: *Argumenterande tekstar*, *utgreiande tekstar*, *forteljande tekstar*, *skildrande tekstar* og *rettleiande tekstar*. I tillegg legg Grepstad til teksttypen *pedagogiske tekstar* (Grepstad 1998: 622). Teksttypene blir et overordna i framstillinga til Grepstad, og han endar til slutt opp med fire grupper, og 14 sjangrar som fordeler seg på desse gruppene. Dei 14 sjangrane er igjen delt opp i 52 undersjangrar (Grepstad 1998: 647). Ei svakheit med framstillinga til Grepstad er at ho avgrensar seg til boka som sjanger, og han har mellom anna sett bort frå avisprosaen. Eg meiner likevel at artiklane i *Syn og Segn* lèt seg plassere i oversynet sidan artiklane like gjerne kunne vore trykt i bokform – det er helst sjangrar som

intervju og reportasje som manglar. Eg gjer her eit kort overblikk over Grepstad si inndeling av hovudsjanrane på teksttype.

- *Argumenterande og utgreiande* tekstar inneheld sjanrane pamflett, vitkapsprosa, dialogisk tekst, brev, essayistikk og aforistisk kortprosa.
- *Forteljande og skildrande* tekstar omfattar sjanrane biografisk framstilling, topografisk framstilling og historisk framstilling.
- *Pedagogiske* tekstar kan delast opp i lærebøker, populærvitenskap og religiøs forkynning og oppbygging.
- *Rettleiande* tekstar er oppslagsbøker og juridiske tekstar.

Dei naturvitenskaplege artiklane i *Syn og Segn* kan plasserast fleire stader i dette oversynet. Om eg ikkje hadde lese artiklane, ville eg kanskje ha plassert dei som vitkapsprosa under argumenterande og utgreiande tekstar, i vitkapsprosaen med undersjangeren artikkel eller utgreiing. Det er òg mogleg å plassere artiklane under dei pedagogiske artiklane, i sjangeren populærvitenskap, det nærliggande er kanskje i undersjangeren førelesning eller føredrag. Etter å ha lese artiklane vil eg kanskje òg kunne plassere dei under dei forteljande og skildrande artiklane og dei historiske framstillingane. Dette vil eg kome nærare inn på i den kvalitative analysen.

2.1.4 Modernitet og den høge statusen til naturvitenskapen

I programartikkelen som stod på trykk i det første nummeret av *Syn og Segn* blir vitenskap, med naturvitenskapen i ei særstilling, trekt fram som prov på at verda går framover. Forfattaren uttrykkjer begeistring over nye vitenskaplege framsteg, og den kvantitative undersøkinga av

innhaldet i dei første 75 årgangane av tidsskriftet eg gjer seinare i oppgåva, viser at naturfagsstoffet hadde ein sjølvstøtt plass i bladet gjennom heile denne perioden.

Frå om lag år 1500–1700 snakkar vi om ein vitenskapleg revolusjon, eit paradigmeskifte, som i realiteten var fleire små revolusjonar. Boktrykkjarkunsten gjorde det mogleg å spreie kunnskap effektivt, Galileo Galilei sette sola i sentrum i solsystemet, Newton forklarte naturen med matematiske formlar, Darwin kasta menneska ned frå pīdestallen med utviklingslāra si og Freud og psykoanalysen utfordra det etablerte synet pā mennesket som individ og subjekt. Dette skiftet i mellom anna vitenskapleg tankegang, blir ofte omtalt som starten pā det «moderne» eller «moderniteten», eit vestleg kulturmønster som har vore einerådande dei siste hundreāra. Først pā midten av 1700-talet blir denne nye, moderne, kulturelle rørsle ein alvorleg utfordrar til den klassiske og barokke kulturen (Østberg 1999: 14). Østberg knyter moderniteten opp til tre grunnleggjande omgrep: *Det frie individet*, *fornufta* og *framsteget*. Fornufta står i kontrast til det religiøse og mytiske, medan framsteget er knytt til vitenskaplege framsteg, og står mot dei kristne forteljingane om endetid og dommedag (Østberg 1999: 11–12).

Eg les vitenskapssynet som kjem til uttrykk i føremålsteksten til *Syn og Segn* som eit uttrykk for eit slikt moderne vitenskapssyn, og forventar at dei naturvitenskaplege artiklane i *Syn og Segn* òg målber dette synet.

2.1.5 Terminologi og fagspråk

Ordet «terminologi» er ikkje eintydig. Det kan vise til både teori om terminologi, det praktiske arbeidet med terminologi og det språklege fenomenet, somme gonger blir terminologi brukt som synonym til fagspråk. Her gjer eg kort greie for kva termar er i språket, og korleis eg definerer fagterminologi eller *fagspråk*.

Fenomen i den verkelege verda, *referentar*, har forskjellige eigenskapar, som i hovuda våre blir slegne saman til meir abstrakte *kjenneteikn*. Kjenneteikna blir slegne saman til kunnskapseiningar som igjen blir til det vi kallar *omgrep* (Suonuuti 2001: 15). Omgrepet «bok» har mellom anna kjenneteikna «inneheld skrift», «medium for kommunikasjon», «er laga av papir», «har mange sider» osb. Omgrep er mentale førestillingar. Ein term er eit uttrykk som set namn på omgrepet. Orda bok, book, buch, libro er ulike, men er alle termar som viser til det same omgrepet. Termar er altså noko alle nyttar kvar dag.

Eit mykje brukt ord i allmennspråket er «fagspråk» eller «fagterminologi». Store Norske Leksikon definerer fagspråk slik:

«Fagspråk, språkform som er knyttet til et fag eller en spesialitet (i vid forstand) og er i bruk blant utøvere av faget. Fagspråket er særlig kjennetegnet ved innslag av et spesielt ordforråd. Hvis dette er knyttet til faget uansett hvem språkbrukeren er, utgjør det fagets terminologi. Hvis det atskiller seg fra vanlig (allmennspråklig) språkbruk bare ved å være et gruppespråk for utøverne eller spesialistene, er det en faglig sjargong. Et fag har både en terminologi og en fagsjargong, og grensen mellom dem er ikke skarp. I ordforrådet inngår vanligvis mange fremmedord, evt. allmennspråklige ord i en sær betydning.» (Gundersen 2009).

Artiklane eg skal lese står ikkje fagtidsskrift, men i eit allment tidsskrift, og artiklane er populærvitenskaplege heller enn akademiske. Eg forventar difor ikkje ein inneretterta fagsjargong som den ein finn i tekstar som er retta frå ein forskar til ein annan. Men fordi artiklane handlar om naturvitenskaplege tema, forventar eg likevel eit fagspråk med fagtermar som er spesifikke for det faget dei formidlar, og det skal eg mellom anna sjå nærare på i den partikulære analysen av fire naturfagsartiklar. Det er interessant å sjå på både kva ord som blir nytta, og kva som kjenneteiknar desse orda, men òg måten dei blir formidla og forklart på – nettopp fordi dette er formidlande tekstar.

2.1.6 Nynorske fagtermar

Naturvitskapen er sjølvsagt mykje eldre enn nynorsken, og dei første som skreiv om naturvitskaplege emne på nynorsk må på ein eller annan måte ha hatt eit forhold til dei eksisterande omgrepa på andre språk då dei skreiv sine tekstar. Det handlar kanskje meir om å overføre allereie eksisterande omgrep til nynorsk, og dette kan gjerast ved å lage heilt nye ord, eller å tilpasse dei utanlandske eller dansk-norske orda til ein meir norsk skrivemåte. Einar Haugen skriv at vitskaplege tankesystem har gjennom historia vorte vidareført mellom språk, og spora etter denne overføringa er lett å finne i språk som ikkje tilslører opphavet til låneorda, som engelsk. Poenget hans er at språk som islandsk, som er kjend for sine nydanningar, ikkje står i mindre gjeld til internasjonal vitskap for den islandske terminologien, sjølv om dei greske orda hydrogen og oksygen skrivast *vetni* og *eldi* (Haugen 1969: 19). Nynorsk har tradisjonelt hatt ei puristisk linje der ein heller har søkt etter å lage norske ord heller enn å tilpasse låneord i språket, men dei siste åra har språket opna seg meir for låneord. Haugen forklarar denne purismen med eit motiv «i den tilfredshet som uttrykkes gjennom ‘selvgjort er velgjort’» (Haugen 1969: 19) og at det hevdar identiteten sterkare, heller enn at det berre er for å bevare strukturen i det heimlege språket.

Fagterminologi og ortografi er eit område av språket der språkbrukarane har hatt lettast for å godta ei medviten språkplanlegging, og endringar i den sentrale delen av språket eller endringar i grammatikken ofte møter meir motstand hjå brukarane.

2.1.7 Tidlege ordlister og ordbøker med nynorsk fagterminologi

Sylvi Dysvik leverte i 2009 masteroppgåva si *Frå spongvegjer til høgfartsbanar: om nynorsk fagspråk om terminologi i lys av norsk fagleksikografi* ved Høgskulen i Volda, der ho gjer greie for fagleksikografiske verk som er gjevne ut på nynorsk. Av verka som kom ut før og i løpet av mellomkrigstida finn ho mellom andre *Anatomiske Termini frå det Norske Landsmål*

(1886) av J. O. Hennem, *Ordbok. Norsk umsetjing utav danske, franske, latinske og andre framande handelsord* (1898) av Halvdan Koht, *Norske namn og nemningar i heren* (1920) av Edvard Os, *Norsk (landsmål). Ei lita orddliste til bruk i Telegrafstyret og andre telegrafkontor* (1928) av Knut Knutson Fiane, *Juridisk orddliste* (1929) av Nikolaus Gjelsvik, *Teologisk orddliste* (1931) av Egil Lehmann mfl., *Militær orddliste* (1933) av Einar Sagen, *Nynorsk i apotek* (1935) av Gustav Kullerud og *Norsk medisinsk orddliste* (1939) av Medisinarmållaget Eir (Dysvik 2009: 91). I tillegg til desse vart det òg gjeve ut eit par verk med omsetjing av framandord. Dysvik kallar tida fram mot 1917 ein pionerfase, medan mellomkrigstida og fram til 1959 som ein mellomfase, der det kom ut mange viktige fagleksikografiske verk (Dysvik 2009: 104).

Det vart tidleg produsert orddlister og ordbøker med fagspesifikke termar i omsetjing frå andre språk, og omfanget av dei auka særleg frå 20- og 30-talet. Generelt kan vi seie at desse verka knytte seg opp til praktiske yrker, og var ikkje generelle for til dømes «naturvitskap».

2.1.8 Tradisjon for normering av framandord i norsk

I norsk har vi mange låneord frå forskjellige språk som har fått ein tilpassa norsk skrivemåte. Når den opphavlege skrivemåten får ei norskare form, at ordet blir strukturelt tilpassa og endrar status frå framandord til låneord, kallar vi det norvagisering. Det omgrepet står opp mot fornorsking, som er å byte ut eit framandord med eit norsk ord. Det kan vere vanskeleg å forklare grunnen til at mange meiner at det fint går an å skrive dei fornorska orda *nivå*, *sjåfør* og *poeng* i staden for dei opphavlege franske skrivemåtane *niveau*, *chauffeur* og *point*, men vegrar kanskje vegrar seg for å ta imot skrivemåtane *keitering*, *fait* og *kikk* for dei engelske skrivemåtane *catering*, *fight* og *kick*, sjølv om desse vart godkjende som norvagiseringar av Kulturdepartementet i 1996 (Sandøy 1997: 141). Helge Sandøy peikar i utgreinga si *Lånte*

fjører eller bunad? på at ein viktig strategi for å få dei norvagiserte formene i bruk, er å spreie informasjon om dei norvagiserte skrivemåtane og å synleggjere dei nye skriftbileta slik at språkbrukarane blir vande med å sjå dei i skrift (Sandøy 1997: 127).

Når det gjeld normering av utanlandsk ordtilfang, skriv Lars Vikør i boka *Språkplanlegging* frå 2007 at det ser ut til at purisme er ei hovuddrivkraft, og skriv at «I Norge er det nynorskleiren som har vore og er mest puristisk. I den første tida prøvde dei å rette seg mot både dansk-tyske og internasjonale importord, seinare er kampen mot dei internasjonale importorda oppgitt, eller avgrensa til opplagte tilfelle av unødvendige innslag.» (Vikør 2007: 215).

2.2 Kvantitativ innhaldsanalyse: Kva stod på trykk i *Syn og Segn*?

Det er laga tre register over artiklane som har stått på trykk i *Syn og Segn* mellom 1894 og 1969. Eitt for årgangane mellom 1894/95 og 1919 (Keilhau 1920), eitt for årgangane mellom 1920 og 1944 (Haukaas 1950) og eitt for årgangane mellom 1945 og 1969 (Rue 1971).

Registera er utgjevne på Det Norske Samlaget, og er delt opp i ein alfabetisk og ein systematisk del. Dei to første registra er utarbeidde av bibliotekarar, det siste av den sitjande redaksjonsassistenten. Registra er ordna etter Dewysystemet, og skjelnar berre mellom innhald, ikkje etter sjanger. I kakediagramma som kjem under, er alle kategoriane som står i registra med. Det er ikkje laga slike register over innhaldet i *Syn og Segn* etter 1969.

Eg har brukt dei systematiske innhaldsoversyna i registra for å lage ei enkel grafisk framstilling over hovudtemaa i *Syn og Segn* i desse tidsromma. Dette er for å kunne seie noko om kor stor del av alle artiklane som har stått på trykk i *Syn og Segn* har hatt eit naturvitskapleg tema.

Sjølv om artiklane som er grunnlaget for analysen hovudsakleg stod på trykk mellom 1919 og 1939, har eg med årgangane før og etter for å vise at naturfagsartiklane ikkje er noko

særmerkt for akkurat denne perioden. Med desse diagramma plasserer eg naturfagsartiklane inn i ein tekstuell kontekst. Dei viser mellom anna at lesarane av *Syn og Segn* er vande med denne type stoff, det er ikkje noko kuriøst som stod på trykk berre av og til eller berre har vore synleg i nokre spesielle årgangar.

Eg har laga to grafiske figurar for kvar av dei tre tidbolkane registra dekkjer. Eit histogram der artiklane er fordelte på årstal, der dei naturvitskaplege artiklane er skilde ut, og eit kakediagram som syner fram heile det tematiske spennet i artiklane, fordelt på prosent. Til slutt har eg isolert dei naturvitskaplege artiklane og to histogram som syner den absolutte og den relative mengda på naturvitskaplege artiklar gjennom heile perioden frå 1894 og fram til 1969 fordelt på årstal.

Skilnaden mellom temamerkelappane «naturvitskap» og «praktiske fag» i registra er at meir teoretisk fysikk, matematikk, biologi og kjemi, etc. er plassert under naturvitskap, men at meir praktisk teknikk, medisin, jordbruk, økonomi, etc. er plassert under praktisk vitskap eller praktiske fag. Nokre gonger verkar inndelinga noko kunstig, til dømes når ein artikkel om geita blir plassert under praktiske fag, medan ein artikkel om gauken hamnar under naturvitskap. Når eg viser til dei naturfaglege artiklane, er det berre artiklane under «naturvitskap» eg reknar med.

2.2.1 *Syn og Segn* 1894–1919

Histogrammet under viser til talet på artiklar per år i perioden, og i kva stor grad desse artiklane er i kategorien naturvitskap. Dei naturvitskaplege artiklane er i rosa, og resten av artiklane er i grønt. Dei absolutte tala på artiklar er markert over og under søylene.




Fig. 2: Artiklar i *Syn og Segn* 1894–1919 med naturvitenskaplege artiklar i rosa, andre artiklar i grønt.

Talet på naturvitenskaplege artiklar ligg om lag på 8 prosent av heilskapen i gjennomsnitt gjennom perioden. I åra 1897 til 1899 er ein stor del av den totale tekstmassen naturvitenskaplege artiklar. Så ser vi at åra 1904 til 1908 skil seg ut med ingen naturvitenskaplege artiklar, medan det i åra 1912 til 1916 tek seg opp att.

Det er viktig å presisere at åra 1894/95, 1905/06 og 1907/08 er slått saman i registeret, men dette kjem ikkje tydeleg fram i dei grafiske framstillingane.

Ver merksam på at y-aksane ikkje er likt skalert i histogramma, slik at det kan skape eit falskt inntrykk over at det er fleire eller færre artiklar enn det er, når ein samanliknar grafane på tvers av åra. Tala på y-aksen viser til det faktiske talet på artiklar. Nemningane på hovudkategoriane i kakediagrammet er dei same som står i registeret.




Fig. 3: Artiklar i *Syn og Segn* 1894–1919 fordelt på hovudtema.

Her ser vi den prosentvise fordelinga av artiklane på hovudtema i perioden. Dei tre kategoriane som skil seg ut, er litteratur, soge og samfunnsfag. Artiklane som er plasserte under litteratur spenner frå litterære analysar til bokmeldingar og forfattarbiografiar. Dette er kategoriar som og er dominerande i dagens *Syn og Segn*. Det er interessant at naturvitenskap er den fjerde største kategorien.

2.2.2 Syn og Segn 1920–1944

Her viser eg dei same slags grafane som over, men for perioden mellom 1920 og 1944. I denne tidsbolken står dei naturvitskaplege artikkelane for om lag sju prosent av alle artikkelane i perioden.




Fig. 4: Artiklar i *Syn og Segn* 1920–1944 med naturvitskaplege artiklar i rosa, andre artiklar i grønt.

I denne perioden fordeler dei naturvitskaplege artikkelane seg jamt utover årgangane, og det er naturvitskaplege artiklar i alle årgangane.




Fig. 5: Artiklar i *Syn og Segn* 1920–1944 fordelt på hovudtema.

I registra er det litt ulik praksis for å registrere ulike «meldingar til lagsmenn», årsmeldingar for Det Norske Samlaget og referat frå medlemsmøte. Desse står alle under merkelappen «samfunnsvitskap», men det kan sjå ut til at desse artikkane ikkje er oppført i like stor grad for denne tidsbolken i det heile, og difor kan det sjå ut som det er færre samfunnsvitskaplege artiklar her enn i dei andre framstillingane.

2.2.3 Syn og Segn 1945–1969

I denne tidsbolken står dei naturvitskaplege artiklane for om lag sju prosent av alle artiklane i perioden. Det er naturvitskaplege artiklar i alle årgangane, utanom i 1968.




Fig. 6: Artiklar i *Syn og Segn* 1945–1969 med naturvitskaplege artiklar i rosa, andre artiklar i grønt.

Nokre gonger har eg oppdaga at artiklar står oppført dobbelt. Dette er når artiklane er i skjæringspunkt mellom to eller fleire kategoriar. Dette verkar meir gjennomført og større i omfang i denne tidsbolken og redaktøren av registeret nemner praksisen i føreordet til registeret (Rue 1971:7). Dobbeltoppføringane er ikkje markerte i registeret. Til dømes er ein artikkel om CERN (The European Organization for Nuclear Research) plassert under både

samfunnsvitenskap – folkerett og internasjonale organisasjonar og under naturvitenskap, og nokre artiklar om amerikanske samfunnstilhøve er plasserte under samfunnsvitenskap – sosiologi, samfunnstilhøve og kultursituasjonen, samt under historie. Desse artiklane har eg talt alle gongane artiklane står oppført, og difor er det stor grunn til å vere kritisk til tala som viser til det totale talet på artiklar innanfor kvart område. Likevel meiner eg at dei prosentvise framstillingane av dei tematiske oversyna kan brukast til å få eit overblikk over forholdet mellom dei ulike hovudtemaa i *Syn og Segn* i tidsbolkane eg har undersøkt, ettersom omfanget av dobbeltoppføringane ikkje er veldig omfattande.




Fig. 7: Artiklar i *Syn og Segn* 1945–1969 fordelt på hovudtema.

Geografi er ein eigen kategori i dei to første registra, medan artiklane som har geografiske tema lagt under historie i det siste registeret.

2.2.4 Oppsummering

Frå første nummer av *Syn og Segn* og heilt fram til 1969 stod naturvitskaplege artiklar på trykk i *Syn og Segn*, i nesten alle årgangane. I mitt datamateriale har eg rekna med 4630 artiklar totalt, og av desse er 302 naturvitskaplege artiklar. Det vil seie at dei naturvitskaplege artiklane står for om lag 6 prosent av artiklane, og det er ikkje visse periodar som skil seg namneverdig ut – det har vore ein kategori som gjennomgåande har vore ein ordinær del av tidsskriftet over tid.

2.2.5 Naturvitskaplege artiklar 1894–1969

I dei to grafiske framstillingane nedanfor har eg sett på berre dei naturvitskaplege artiklane mellom 1894 og 1969, for å studere utviklinga i talet på naturfagsartiklar over heile perioden eg har talmateriale frå. Histogrammet under syner dei absolutte tala på artiklar.




Fig. 8: Naturvitenskaplege artiklar i *Syn og Segn* 1894–1969, absolutt mengd.

Denne framstillinga kan vere litt misvisande, sidan det ser ut som at det har vore ei utvikling der det har vorte fleire naturvitenskaplege artiklar over tid. Det har det, men mengda artiklar har òg auka. I histogrammet nedanfor ser vi mengda naturfagsartiklar i høve til dei andre artikkelane.




Fig. 9: Naturvitenskaplege artiklar i *Syn og Segn* 1894–1969, relativ mengd.

Dette histogrammet viser til den prosentvise utviklinga, og her ser vi at det generelt blir færre naturvitenskaplege artiklar om vi ser det i forhold til talet på artiklar om andre emne.

2.2.6 Dei naturvitenskaplege artiklane i mellomkrigstida

Om eg isolerer tala frå årgangane mellom 1919 og 1939, utgjer dei naturvitenskaplege artiklane om lag sju prosent av alle artiklar, og talet på enkeltartiklar eg har lese er 69. Om eg brukar same inndelinga som registra, kan vi dele inn desse artiklane vidare i undergrupper. Det er 14 artiklar om *naturfilosofi og ymist*, 6 artiklar om *astronomi*, 2 artiklar under *kronologi* (tankeleik og essay), 11 artiklar innanfor *fysikk*, 9 artiklar innanfor *mineralogi og geologi*, 6 artiklar om *meteorologi*, 10 artiklar om *forhistorisk arkeologi og etnografi*, 2 artiklar innanfor

biologi, 3 artiklar om *botanikk* og 7 artiklar om *zoologi*. Det er desse artiklane som er utgangspunkt for den kvalitative analysen. Dei aller fleste artiklane er skrivne av norske forfattarar.

Seinare, for å kunne gå meir detaljert inn i tekstmaterialet som er nemnd i avsnittet over, har eg valt ut fire tekstar som eg har sett nærare på i slutten av den kvalitative analysen. Det var eit medvite val å velje ut tekstar som knyter seg opp til fysikk, og det vil eg forklare meir når eg skriv om desse artiklane spesifikt.

2.3 Kvalitativ analyse

Her skal eg lese dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* i mellomkrigstida og freiste svare på nokre av dei spørsmåla eg stilte innleiingsvis i oppgåva. Tekstar er ikkje lausrivne frå språkleg tradisjon, haldningar og forventningar til artiklane. Analysen er ei analyse av tekst i kontekst, og konteksten artiklane står i vil vere utgangspunktet mitt for å seie noko om stil, sjanger, deltakarar, kommunikasjon og dei vala forfattarane gjer heilt ned på ordnivå. Tekstanalyse er ei tverrfagleg øving, og eg har difor plukka relevante analyseverktøy frå fleire metodar.

Ført gjer eg greie for nokre analyseverktøy og relevant teori, før eg gjer ei syntetisk analyse av dei 69 naturvitskaplege artiklane som vart publisert i mellomkrigstida med eit overordna blick på ulike lag av kontekst, stil og sjanger. Eg vil så gjere ei partikulær analyse av fire tekstar for å kunne gå ned på ordnivået.

2.3.1 Nye analyseverktøy og innleiande teoretiske refleksjonar

Her diskuterer eg dei forskjellige laga av kontekst som omgjev artiklane, hovudsakleg med omgrep henta frå diskursanalyse. Eg gjer òg greie for omgrepa stil, sjanger og teksttype.

2.3.1.1 Kontekst

Ordet *kontekst* blir i Norsk Ordbok definert som ein språkleg eller kommunikativ samanheng som eit ord eller ei ytring er ein del av. Ein kontekst er altså det som *omgjer* noko. Ut frå det latinske opphavet til ordet forstår vi at det er noko som er *med teksten*. Ein tekst kan finnast utan ein kontekst, men i følge lingvisten og opphavsmannen til den systemiskfunksjonelle lingvistikken, Michael A. K. Halliday, er ein tekst utan meining så lenge mottakaren ikkje kan setje teksten inn i ein kontekst (Vigeland 2004: 38).

For å analysere konteksten til ein tekst, kan vi først dele inn den store konteksten i tre delar: *Kulturkontekst*, *situasjonskontekst* og *tekstkonteksten* eller *koteksten*. I denne oppgåva skal eg ta føre meg dei to første av de nemnde laga i konteksten. Den første som delte inn kontekst i kultur- og situasjonskontekst var antropologen Bronislaw Malinowski i ein artikkel frå 1923 (Svennevig 2009: 154). Kulturkonteksten er dei normene og ideologiane som er felles for kulturen tekstane har vorte til i, medan situasjonskonteksten siktar til den kommunikasjonssituasjonen teksten er ein del av, til deltakarane i kommunikasjonen og det som blir diskutert.

Omgrepet kulturkontekst kan illustrerast «ved hvordan man i ulike kulturer uttrykker respekt for den man snakker med, med andre ord høflighet.» (Vigeland 2004: 41). Nordmenn på reise i USA legg ofte merke til det som dei ser på som overdriven bruk av høflegheitsfraser, medan russarar kan seie det same om nordmenn. Ein tekst som er høveleg i ein kultur, kan bli oppfatta heilt annleis i ein annan. Menneske som veks opp i same kultur, deler òg eit sett med førestillingar og referansar. På ein måte kan vi seie at ein kultur er summen av dei typane situasjonskontekst som medlemene av ei gruppe kommuniserer i, med Halliday sine ord: «En klimasone kjennetegnes, og realiseres, av de værtypene som er mulige i området. På same måte kjennetegnes og realiseres en kulturkontekst av de

situasjonskontekstene som forekommer i kulturen.» (Vigeland 2004: 42). Kulturkonteksten er den overgripande forutsetninga for ein tekst (Hellspøng og Ledin 2010: 58).

Kulturelle føresetnader for at tekstane som er analyseobjektet mitt i det heile tatt er til, er mellom anna at det var ein nynorsk skriftkultur, eit distribusjonsapparat for blad og aviser, og at det var eit lesargrunnlag av folk som hadde lesetrening, pengar og fritid. Dette kan vi seie er materielle kulturføresetnader.

Syn og Segn er eit tidsskrift som er redigert og gjeve ut på nynorsk, og har sitt opphav i ei spesiell kulturell motrørsle som stod i opposisjon til det rådande kulturelle hegemoniet i Noreg heilt frå første nummer og kanskje heilt fram til i dag. Lesarane var òg først og fremst folk som vi kan rekne med var ein del av denne motkulturen, sympatiserte med rørsla eller i det minste kjende til ideologien og verdigrunnlaget denne rørsla bygde på.

Det å gje ut tekstar på nynorsk i Noreg på denne tida å rekne som ei politisk handling i seg sjølv. Det Norske Samlaget, forlaget som gjev ut *Syn og Segn*, har gjeve ut bøker på nynorsk heilt sidan forlaget vart skipa i 1868. Det er framleis i dag ei politisk handling. Forlag som berre gjer ut bøker på bokmål er ikkje særleg oppsiktsvekkjande, men forlag som berre gjer ut bøker på nynorsk er det.

Mange av vurderingane, haldningane og påstandane tekstane legg til grunn om både naturen, verda og samfunnet er så sjølvsgade at dei ikkje blir stilt spørsmålsteikn ved, korkje av forfattar eller lesar.

Situasjonskonteksten kan kort forklarast som «et sett med *deltakere* som er engasjert i en kommunikativ *oppgave* i visse fysiske omgivelser gjennom et visst *medium*.» (Svennevig 2009: 147). Den same tredelinga finn vi att i forskjellige former i både Hellspøng og Ledin (2010) og Vigeland (2004). Med utgangspunkt i desse tre elementa ser eg nærare på situasjonskonteksten dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* står i.

Artiklane er signerte, og har ein kjend forfattar. Samstundes står dei òg på trykk i eit redigert medium, *Syn og Segn*, og tidsskriftet er igjen gjeve ut av Det Norske Samlaget. Desse tre har alle på sitt sett medverka til at teksten vart til i den forma den vart presentert i, teksten har både ein personleg avsendar (forfattaren) og ein institusjonell avsendar (Det Norske Samlaget og *Syn og Segn*). At teksten har gått gjennom ein redaksjonell prosess og funnen god nok til å stå på trykk i eit respektert medium, er med på å bestemme korleis vi opplever relevansen og kvaliteten på teksten. *Avsendarrolla* er i ein relasjon til *mottakarrolla*, og *mottakarrolla* er i dette tilfellet mangfaldig. Vi veit ikkje så mykje om kven som las *Syn og Segn*, men vi veit at det i all hovudsak var abonnentar, personar som i utgangspunktet er interesserte i artiklane i bladet, og det er nærliggjande å tru at ein stor del av abonnentane var ein del av eller sympatiserte med målsaka.

Forholdet mellom deltakarane i teksten er ikkje alltid symmetrisk, og i dette tilfellet meiner eg at forholdet heller er asymmetrisk, men den treng ikkje vere det. For ein person utan særleg kunnskap eller utdanning innanfor naturvitskap, vil relasjonen vere asymmetrisk fordi avsendaren har meir kunnskap, og forholdet liknar meir på forholdet ein elev har til ein lærar. Dessutan er det faktum at teksten er trykt i eit tidsskrift som *Syn og Segn* med på å gje teksten meir legitimitet og autoritet. Men det er sannsynleg at *Syn og Segn* òg hadde ein del høgt utdanna lesarar, som hadde spesialkunnskap om dei emna som vart formidla. Då er relasjonen kanskje meir symmetrisk – meir som eit innlegg i ei samtale mellom to som har om lag same status. Det er òg døme på at det kjem motinnlegg mot artiklane, noko som tyder på at tidsskriftet til tider kan ha hatt ei rolle som arena for ordskifte.

Ein kan av og til sitte att med ei kjensle av at ein tekst ikkje klarer å kommunisere. Det kan vere at teksten har ein komplisert tekststruktur fortetta med ord og uttrykk som er spesielle for eit miljø eller eit fagfelt. Eller kanskje undervurderer teksten lesaren, og poengterer det sjølvsgade til det blir trøttande. Eller at artiklane er irrelevante for det dei har

som mål å seie noko om. Vi må gå ut frå at dei som skriv tekstar har noko dei vil formidle med teksten, og at dei har lyst til at nokon skal lese teksten. Ikkje alle tekstar er for alle. Eit referat frå eit møte i det lokale mållaget er kanskje mest interessant for dei som var på møtet eller er interesserte i kva som skjedde på akkurat dette møtet. Ein kronikk i lokalavisa som argumenterer for utbetring av sykkelvegane i Tromsø er kanskje mest interessant for innbyggjarane i Tromsø, men òg kanskje for dei som er interesserte i sykling generelt. På motsett side har vi kanskje Kongens nyttårstale, som har eller bør ha som mål å vende seg til og vere relevant for alle innbyggjarane i Noreg.

At teksten klarer å skape ein sosial relasjon til lesaren er viktig for at lesaren skal kunne halde på merksemda gjennom heile teksten. Det er heilt avgjerande for at teksten skal oppfylle funksjonen sin, å utføre oppgåva.

Artiklane står på trykk i eit allment tidsskrift, så vi må gå ut frå at dei er tenkt å vere populærvitskaplege framstillingar, heller enn å vere akademiske bidrag til naturfagsforskinga. Den tenkte oppgåva til dei naturfaglege artiklane i *Syn og Segn* kan kanskje formulerast slik: Gje lesarane eit glimt av relevante og interessante naturvitskaplege spørsmål og forklare og formidle kompliserte årsakssamanhengar på ei lettfatteleg måte. Klarer så artiklane oppgåva? Eg skal svare generelt, og eg har berre mi eiga lesing til å basere svaret på. I tillegg legg eg til grunn at artiklane har vore gjennom ein redaksjonell prosess på førehand, og har vorte vurderte som gode nok til å trykkast.

Eg opplever dei aller fleste artiklane som lettlesne, og det har i stor grad med syntaksen å gjere. Setningsstrukturen ligg tett opp til det munnlege språket, det er gjennomgåande relativt korte setningar, og ved første lesing framstår fagomgrepa som naturleg integrerte i den nynorske teksten, det er få ord som har former eg opplever som utanlandske eller framande. Fleire gonger blir omgrep forklarte på forskjellige måtar, det vanskelege blir dvela ved i teksten, eit grep som gjer lesaren ei moglegheit til å kunne få henta

seg litt inn igjen, slik at lesinga ikkje stoppar heilt opp. Dei gongane eg har opplevd artiklane som vanskelege, har det meir med det komplekse i innhaldet å gjere, enn vanskeleg språk. Det er ikkje alle artiklane eg har opplevd som like lette å kome gjennom, eg har rett og slett ikkje hatt nok bakgrunnskunnskap. Eg har aldri opplevd artiklane som for fagleg «lette», dei er helst det motsette. Men eg opplever at forfattarane jamt over er dyktige til å argumentere for at det dei skriv om er relevant, artiklane har ofte nye oppdagingar og nye teoriar som utgangspunkt. Eg kjenner meg inkludert som lesar – ved fleire høve talar forteljaren i teksten direkte til lesaren. Artiklane legg òg til rette for undring, dei stiller spørsmål som dei veit dei ikkje kan svare på, og inviterer lesaren med på eit resonnement, noko som av og til får meg til å kjenne meg likeverdig med forfattaren. Trua på vitenskapen og framsteget, eit trekk eg har peika på tidlegare, er òg noko som skin gjennom i artiklane, og entusiasmen er ofte smittande, noko som hjelper på lesinga. Somme goner kan det og bli litt for mykje, og tekstane glir litt ut i det ufrivillig morosame eller banale. Den enkle narrative strukturen som er gjennomgåande gjer artiklane enkle å lese, dei følgjer ei oppskrift som vi må rekne med er kjende for lesarane.

Eit tidsskrift er ei samling med forskjellige tekstar, og det er ikkje eit mål med tidsskriftet at alle lesarar skal like alle artiklane. Eg vil tørre å påstå at for dei som er interesserte i naturvitskap generelt, og kva som rører seg i den nyaste naturvitskaplege forskinga spesielt, nok har funne mykje interessant i desse artiklane.

Ein dimensjon som eg òg har lyst til å trekke inn er *identitet*. Språk kan bli brukt for å skape ein gruppeidentitet, til dømes ved at ungdommar brukar ord og seiemåtar som knyt dei til ein felles ungdomskultur. I dette tilfellet brukar forfattarane nynorsk, som er eit språk som er markert, og som forfattarane sannsynlegvis har til felles med fleire av lesarane. Det kan tenkast at denne fellesskapen kan ha spela ei rolle i korleis artiklane blir lesne.

Primærmediet som er brukt er skrift, formidla gjennom eit sekundærmedium – tidsskriftet. Mediet legg nokre fysiske rårer kring moglegheitene for kommunikasjon.

Artiklane i *Syn og Segn* formidlar ytringar utan at mottakarane kan høyre røysta til den som «snakkar», dei kan ikkje sjå avsendaren, og avsendaren har ikkje høve til å vere spontan på same måte som ein kunne ha vore i til dømes ein førelesningssituasjon. Mottakarane har heller ikkje høve til å kome til orde undervegs – det er i praksis ein einvegskommunikasjon.

I framstillinga over har eg tatt utgangspunkt i ein tenkt kontekst, der eg har prøvd å attskape ein kommunikasjonssituasjon mellom forfattarar og lesarar i mellomkrigstidas Noreg. Dette er sjølvstøtt ei vanskeleg øving. Kontekst er ikkje noko permanent, men heile tida blir skapt på nytt for kvar nye kommunikasjonssituasjon. Mitt møte med artiklane vil alltid vere forskjellig enn andre sitt møte med dei same artiklane.

2.3.1.2 Stil, sjanger og teksttype

Aasmund Olavsson Vinje sine skriftstykke i *Dølen* bana veg for ein ny type sakprosa i Noreg. På det nye språket kunne han fri seg frå kansellistilen som kjenneteikna den dansk-norske skriftradisjonen og vere med å grunnlegge ein ny måte å skrive på. Ein måte som låg nærare slik folk snakka, med eit enklare, klårare og meir inkluderande språk, men eit språk som likevel var noko anna enn eit talemål nedfelt i skrift. Eit ideal som vart vidareført og vidareutvikla av skribentar som kom etter, ei kontinuerleg forhandling mellom deltakarane i skriftkulturen.

Sjangeren og teksttypen er med på å styre korleis lesarane oppfattar teksten, og korleis forfattaren utformar teksten. Stilen er knytt til sjangeren, men òg til andre tilhøve, som til dømes korleis forfattaren opplever og vurderer kommunikasjonssituasjonen. Både sjanger og stil er knytt til konteksten.

Stil kan bli forklart som «språklige og tekstuelle trekk som typisk forekommer sammen, som et mønster, og som er motivert ut fra situasjonen.» (Svennevig 2009: 258). Eg tek her utgangspunkt i den skrivne teksten. Stilen skil seg frå sjangeren ved at stilen «ikke

konstituerer egne kommunikative aktiviteter, men bare variasjon innenfor eller på tvers av aktivitetene.» (Svennevig 2009: 258). Sagt på ein annan måte, så kan *ein* stil bli brukt innan for eit mangfald av sjangrar, og fleire stilar kan vere til stades innanfor same sjanger. Dei fleste som skriv har eit *register* av stilar tilgjengeleg, og tilpassar stilen etter samanhengen.

Stilen i dei naturvitskaplege artiklane vil eg skildre som *uformell* i mangel av eit betre ord, men ikkje uformell som i den måten ein snakkar til familien eller venene sine, men heller uformell i kontrast til formell. Stilen er det motsette av den omstendelege kansellistilen, med standardformer og agenslause syntakskonstruksjonar. Han er munnleg, men ikkje upassande til sitt bruk, men jordnær og har eit rikt biletspråk med mange metaforar. Stilen opplevast som kvardagsleg, sjølv om han òg inneheld fagterminologi og nøyaktige tilvisingar til til dømes tal og mengder.

Jan Svennevig skriv av den formelle stilen er kjenneteikna av mellom anna agenslause konstruksjonar, og det uformelle språket blir kjenneteikna av mellom anna synlege aktørar og doble bindingar (Svennevig 2009: 265). Vidare skriv han at den tekniske stilen òg er kjenneteikna ved agenslause konstruksjonar, passivfraser og abstrakte kategoriar, medan kvardagsspråket er meir konkret og har verb-setningar (Svennevig 2009: 261). Dette er sikkert sant i den bokmålske skriftradisjonen, men desse kjenneteikna passar dårleg for å skildre stilen i dei nynorske artiklane i materialet mitt. I kapittel 5 gjorde eg greie for dei stilistiske ideala som tradisjonelt har vore gjeldande for nynorsk. Her er til dømes mangelen på passivkonstruksjonar eit ideal uansett om teksten skal vere formell eller uformell – det er eit teikn på godt språk.

Om stilen i dei naturvitskaplege artiklane hadde fungert i meir akademiske tekstar, er ein annan diskusjon. «Uformell», «munnleg» og «kvardagsleg» stil kan fungere godt i populærvitskaplege og pedagogiske tekstar, men kanskje ikkje like godt i akademisk tekst som krev ein meir abstrakt språk med fleire passivkonstruksjonar og nominalfrasar. Her kan

kanskje ein stilmedviten nynorskbrukar i ein skvis mellom kva sjangeren krev, og kva dei nynorske stilideala krev. I naturfaglege artiklar kan eg forvente ein høgare tettleik av fagomgrep, og ut frå den litterære tradisjonen dei skriv seg inn i, kan eg så forvente at det talemålnære og «det norske» òg er styrande for artiklane – i motsetnad til eit høgt innslag av framandord.

Det er nesten alltid problematisk å dele inn tekstar etter sjanger, fordi sjangergrensene ofte kan vere uklåre. Ein sjanger er ikkje berre deskriptiv, men òg preskriptiv. Det vil seie at lesarane har ein idè om kva type tekst dei lesar ut frå forventingar som er skapte av mellom anna kva medium dei les teksten i, kva tema teksten handlar om, omfanget på teksten og forma han er skriven i. Om vi til dømes får eit postkort, har vi forventningar om kva type tekst som står på kortet. Omgrepet «teksttype» kan bli brukt om tekstar som har om lag den same tydinga og den same oppbygginga, med sjanger og register som undergrupper av teksttypen (Vigeland 2004: 151). Dette er om lag den same forståinga som Grepstad opererer med i si framstilling av dei forskjellige teksttypene og sjangrane innanfor sakprosa i Noreg. Tekstar som høyrer til same sjanger deler har same sosiale funksjon, og deler ein del av dei same sjangerkomponentane.

Artiklane som er trykte i tidsskriftet *Syn og Segn*, kan vi grovt avgrense til å høyre til ein eigen teksttype, som vi kan kalle tidsskriftsartiklar etter mediet dei er publiserte i. Denne teksttypen er ikkje eksklusiv for tekstar trykte i akkurat dette tidsskriftet. I tidsskriftet finn vi både dikt, reiseskildringar, utgreiingar og essay, men dei fleste av artiklane har noko lunde sams artikkelform og er satt saman i eit hefte, med same grafiske utforming.

Om eg avgrensar litt nærare, og brukar Grepstad sine kategoriar som utgangspunkt, hamnar dei naturvitskaplege artiklane i skjeringspunktet mellom fleire teksttypar og sjangrar. Både fordi det er mange forskjellige tekstar, men òg ein og same artikkel kan plasserast i forskjellige kategoriar. Artiklane har trekk som kan plassere dei innanfor dei *argumenterande*

og utgreiande tekstane, då kanskje under sjangeren *vitskapsprosa*, og undersjangerane *artikkel* og *utgreiing*. Artiklane er, som nemnt, ikkje avhandlingar der ny kunnskap blir presentert, men fleire av artiklane har trekk frå utgreiinga, som Grepstad skriv at blir kjenneteikna av anvendt forskning, med mål om å forandre. Nokre tekstar hadde òg utan problem passert som *essayistikk*. Teksttypane *forteljande* og *skildrande*, samt *pedagogiske* kan òg fungere som merkelappar på fleire av artiklane.

2.3.2 Syntetisk analyse

Her vil eg gjere ei analyse av dei 69 naturvitskaplege artiklane. Først gjer eg greie for nokre overordna trekk, for så å sjå på sider ved dei som gjer at dei kan kategoriserast som forteljande og pedagogiske, samt sjå på romantiske og moderne trekk. Her vil eg òg diskutere mine funn med Aslaug Nyrnes si hovudfagsoppgåve om nynorskbladet *For Bygd og By*. Nyrnes har vist at det naturvitskaplege stoffet i *For Bygd og By* i 1928 for det meste skildrar naturen og naturvitskapen som objekt, som gjerne ikkje har ein direkte overførbar nytteverdi for lesaren, men som heller skal ha ein viss underhaldande funksjon. Det er ei overvekt av tekstar som presenterer resultat frå utanlandsk (amerikansk) forskning, fortald gjennom einskildmenneske. Vitskap har ein høg status, og naturen blir framstilt som «dommar og styrande kraft», samstundes som språket i artiklane har religiøse metaforar. Dette vil eg kome nærare inn på i slutten av den syntetiske analysen. Artiklane som er vist til, men ikkje referert spesifikt til, er henta frå innbundne årgangar av *Syn og Segn*, utgjevne av Det Norske Samlaget mellom 1919–1939.

2.3.2.1 Overordna trekk

Etter å ha lese gjennom tekstmaterialet, har eg merka meg nokre trekk som kan seiast å vere felles for artiklane. Desse trekka handlar først og fremst om form, men òg om innhald.

Det første eg kunne slå fast, var at alle hadde om lag same ytre form, artiklane var om lag ti tidsskriftssider lange, hadde informative overskrifter og hadde namnet til forfattaren til slutt i teksten. Det var ingen fleire tilleggsopplysningar om forfattarane. Alle forfattarane var menn. Dei fleste artiklane var berre tekst, men fleire tekstar var òg samansette av diagram, tabellar og grafar, samt innslag av matematiske likningar.

Felles for artiklane er dei mange referansane til utanlandsk forskning og forskarar. Desse forskarane spelar hovudrollene i artiklane, det er gjennom desse forskarane argumenta blir presentert. Måten artiklane er oppbygde på, konstruerer av og til samtaleliknande sekvensar mellom desse forskarane, medan forfattaren si rolle blir nærast som ein dirigent og debattleiar. Forskarane får då ein funksjon som belegg for påstandane som blir vist til, det er *Newton* som sa dette eller gjorde dette, ikkje forfattaren. Forfattarane si rolle er altså i hovudsak som *formidlar*, artiklane er ikkje sjølvstendige vitenskaplege verk. Dei utanlandske forskarane, og forskarar i det heile, ver ofte framstilt som inspirerte geni – noko eg vel å tolke som eit romantisk trekk.

Det positive synet på naturvitskapen, og ei stor tru på framsteget, er gjennomgåande. Artiklane skodar tilbake til tidlegare forskning, men ser òg i stor grad inn i framtida og spår utelukkande om framgang for naturvitskapen. Det er nesten ei smittande glede å spore i fleire av artiklane, forfattarane er viss på at vitskapen i framtida kjem til å kunne svare på dei spørsmåla vi stiller i dag – og dei gler seg til det. Det er litt uvant.

Språket er i hovudtrekk uformelt, med ein munnleg syntaks. Stilen er mest nøktern og lågmælt, med nokre døme på kjenslelada og romantiske avsnitt der forfattarane si begeistring eller undring over vitenskaplege oppdagingar eller spørsmål tek overhand. Adjektiv som «forvitneleg» og «merkeleg» er utbreidd i slike avsnitt.

Ein forteljande stil går òg att, og denne stilen blir forsterka av ein kronologisk narrativ i oppbygginga av teksten. Artiklane gjer ofte inntrykk av å vere historiske framstillingar av eit

fagområde eller eit vitenskapleg spørsmål, der forfattaren «startar med starten» og endar opp i si samtid, der forfattarane opptre som kommentatorar undervegs i forteljinga. Forfattarane omtalar somme gonger sine eigne tekstar som «utgreiingar» om ymse saker eller spørsmål. Dei artiklane som ikkje har dette narrative strukturen, er ofte tekstar som er i skjæringspunktet mellom naturvitskap, filosofi og rein samfunnsdebatt. Nokre tekstar har form som filosofiske essay, med tilvisingar til kjende filosofar, andre kunne like gjerne stått på kronikkplass i ei avis. Desse er likevel unntaka.

2.3.2.2 Forteljande tekstar

Nokre av artiklane har eit stort innslag av vitenskapshistoriske framstillingar, noko som kan plassere dei under ein *forteljande og skildrande* teksttype, og sjangeren *historisk framstilling*. Fleire av artiklane følgjer ei kronologisk narrativ. Med narrativ meiner eg den logiske strukturen som blir brukt for å formidle ei forteljing. Først presenterer forfattarane temaet, som hjå dei fleste forfattarane er formulert som eit vitenskapleg problem. Kor langt ute ligg grensa for jordatmosfæren vår, og kva er bakom den? Kva prov finst for at jorda snurrar rundt seg sjølv og ikkje står i ro? Korleis spreier ljøs seg i rommet? Og fins det grunnlag for å hevde at det er liv på andre planetar i solsystemet vårt? Vidare tek artiklane oss lesarar med på ei reise i vitenskapshistoria og presenterer ho gjennom tankane og eksperimenta til dei leiande vitenskapsmennene på områda artiklane handlar om. Vi byrjar med Kopernikus, Galilei og Newton som utførte sine arbeid på 1500- og 1600-talet, og avsluttar med Einstein som publiserte sine verk i samtida til artikkelforfattarane. Desse historiske artiklane har om lag den same oppbygginga, og forfattarane vekslar på å presentere og kommentere framstega og tilbakestega etter kvart.

Lat oss bruke artiklane «Ljosgangen i romet» (1921) av Anton Røstad og «Ymse prov på den daglege jordrørsla» (1923) av Hans Viksjø som døme: Vitenskapsmennene er

rollefigurar i ei forteljing som forfattarane konstruerer. Røstad set forskarane opp mot kvarandre. I dømet under diskuterer tre forskarar om jorda dreg med seg eteren eller ikkje i si ferd gjennom verdsrommet. Eteren er eit hypotetisk stoff som seinare i forteljinga viser seg å vere ein teori som ikkje held mål, og det er difor han skapar så mykje problem for dei tidlegare forskarane:

Her sto då to røyne mot kvarandre. Av det eine (Michelson) måtte dei slutta at jordi heilt dreg eteren med seg fram gjennom romet, jamvel lufti skulde heilt dra han med seg. Av det andre (Fizeau) måtte dei slutta at eteren blir sers lite meddregen – so lite at det um lag ingi meddraging er i vanleg luft. Det var straks klårt at einkvar staden måtte det vera noko gale i tangegangen. Men det var verre å segja kvar det var. Hollendaren prof. Lorentz freista greida det på den måten at han sa: Alle ting som er i rørsle, er noko samantrykte i rørsleretningen (Lorentz-kontraksjonen). (Røstad 1921: 396)

Nokre stader lèt forfattarane forskarane kome til orde heilt eksplisitt gjennom sitat, som i desse døma frå Viksjø sin tekst om korleis jorda rører seg i verdsrommet:

Tyco Brahe la hardt imot Kopernikus's syn på jordrørsla. «Korleis kan ei blykule som blir slept ned frå t.d. eit høgt tårn, råke loddpunktet rett under, er so jorda roterer?» spør han. «Ei endefram matematisk overlegging vil syne deg at so ikkje kan vera tilfellet. Sjølv på våre breiddegrader vil då loddpunktet, soframt jorda snur seg, gå eit stykke på over 150 dobbeltsteg austetter i kvart sekund. (Viksjø 1923: 21)

Og vidare svarar Newton på Brahe sitt innlegg i ordskiftet:

Her tok Tyco Brahe reint imist, sa Newton. Det er slett ikkje so at kula som Tyco Brahe talte um, vilde råke vestafor loddpunktet, det er heller umsnutt. Ho vilde råke litt austfor. (Viksjø 1923: 22)

Forskarane kranglar med kvarandre, dei har meiningar, dei uttalar seg og granskar. I *Syn og Segn* blir forskarane i høg grad framstilt som handlande aktørar som er *til stades* i teksten.

I tillegg er òg den implisitte forfattaren av teksten til stades både direkte og indirekte. Direkte gjennom at forfattaren viser til seg sjølv gjennom personlege pronomen, og indirekte gjennom til dømes vurderingar av tidlegare forskning og synsing om korleis framtida vil sjå ut. Det er òg fleire døme der forfattaren snakkar direkte til lesarane, ofte med nokre rettleiande merknader som fortel kva lesaren skal merke seg spesielt: «Men det er verdt å merka seg at Einstein her reknar med *eit nytt romumgrep*.» (Røstad 1921: 397).

2.3.2.3 Pedagogiske tekstar

Eit anna trekk ved artiklane, er at dei fungerer *pedagogisk*. Fleire av artiklane passar fint under denne teksttypen, og kanskje særleg innanfor sjangrane *lærebok* og *populærvitenskap*. Grepstad knyter denne type tekstar opp til institusjonar som skule, akademiet og kyrkja (Grepstad 1998: 656), men eg vil argumentere for at populærvitenskaplege tekstar kan fungere som pedagogiske uavhengig av om dei er på trykk i offisielle lærebøker eller ikkje.

Omgrepet «pedagogiske tekstar» er mykje diskutert, både omgrepet i seg sjølv og innhaldet som blir lagt i omgrepet. I artikkelen «Refleksjoner over pædagogiske tekster» av Susanne V. Knudsen og Bente Aamotsbakken (Knudsen V. og Aamotsbakken 2010) gjer forfattarane eit oversyn over forskinga på pedagogiske tekstar og diskuterer omgrepet og dei forskjellige definisjonane. Opphavet til omgrepet er den svenske didaktikkforskaren Staffan Selander som i 1988 kom med ein tidleg definisjon av omgrepet. Der la han til grunn at ein pedagogisk tekst mellom anna er ein tekst som atterskapar eller reproduserar kunnskap, men ikkje skapar ny kunnskap. Ein pedagogisk tekst skal òg forklare noko, og den kunnskapen teksten formidlar skal kunne prøvast og kontrollerast på ein enkel måte (Knudsen V. og Aamotsbakken 2010: 14). Den tidlege definisjonen til Selander var retta mot tekstar som var

knytt til ein undervisningssituasjon og formell læring. Seinare utvida han definisjonen til òg å innehalde tekstar som til dømes leksikonartiklar, instruksjonsbøker og vegskilt (Knudsen V. og Aamotsbakken 2010: 15). Etter kvart er omgrepet òg utvida til å innehalde eit spekter av nye tekstar og tekstsituasjonar som til dømes chatloggar, Facebook, og ikkje-skriftlege kjelder som lyd, bilete og multimodale tekstar som blandar fleire medium (Knudsen V. og Aamotsbakken 2010: 18).

Det kan vere vanskeleg å bruke eit omgrep som etter kvart femnar veldig vidt, men sjølv om omgrepet er omdiskutert, har det festa seg og blir brukt i mykje norsk og nordisk forskning. Høgskolen i Vestfold har eit eige senter for pedagogiske tekstar, og frå studieplanen for masterstudiet i pedagogiske tekstar opererer med ein brei definisjon av pedagogiske tekstar, og at det implisitt står at «pedagogiske tekster har en intention om at belære noen om noget, at informere, opplyse og skabe forståelse. Den utvidede pedagogiske tekst er stadig at forstå som en tekst med en særlig intention, der setter rammerne for læsningen og læseren (Knudsen V. og Aamotsbakken 2010: 18).

Omgrepet «pedagogiske tekstar» er eit ganske nytt omgrep, og det kan vere ein interessant inngang til å sjå på dei eldre artiklane i *Syn og Segn* i eit nytt lys. Artiklane er ikkje ein del av nokon si formelle utdanning, sjølv om *Syn og Segn* seinare skulle bli mykje brukt i skulen. Nokre trekk meiner eg kan rettferdiggjere dei som pedagogiske tekstar, som og kan tene som ein slags definisjon eg legg til grunn, basert på definisjonane til mellom andre Selander: Artiklane er forklarande opplysningstekstar som reproduserer allereie kjend kunnskap som i stor grad er lett å etterprøve. Dei skapar ikkje ny kunnskap. Dei er enkle i språket og forklarande i stilen. Dei har ein klar intensjon om å gje lesarane eit innblikk i eit fagfelt eller vitskapelege spørsmål.

Noko som kan gjere at dei fell litt utanfor definisjonen, er likevel at dei inneheld ein del vurderingar og eksplisitte personlege tankar og refleksjonar. Men om kravet til

pedagogiske tekstar skal vere at dei er heilt nøytrale, ville kanskje dei fleste tekstar falle utanom. Det kan òg vere verdt å merke seg at ved å definere tekstmaterialet mitt som pedagogiske tekstar, kan det gjere at eg lesar inn andre intensjonar i det forfattaren formidlar enn det som kanskje var intensjonen med teksten. Men eg meiner det likevel kan vere fruktbart å sjå på artiklane eg les som pedagogiske tekstar.

Eit anna trekk ved artiklane som gjer at eg oppfattar dei som pedagogiske, er eit klårt innslag at metaspråk. Som døme kan vi igjen sjå til teksten «Ljosgangen i romet» (1921) Av Anton Røstad. Eit grep han ofte nyttar, er å først forklare eit omgrep, og så deretter introdusere omgrepet. På den måten kjem ikkje det sannsynlegvis ukjende omgrepet så brått på lesaren. Det kan gjerast på mange måtar, som til dømes: «Det er arbeid på å løysa spørsmål um korleis toet er uppbygt [...] og kva for prosessar som går føre seg i dei minste smådelane, atomi.» (Røstad 1921: 393). Her kjem det vitskaplege uttrykket til slutt etter eit komma. Forfattaren lét òg uttrykk kome til slutt i setninga i kursiv: «Det verkar eit tildriv som vi kallar *energi*.» (Røstad 1921: 398). Andre liknande grep er å først presentere eit ord som forfattaren trur lesaren vil forstå, men likevel ha med det vitskaplege omgrepet i parentes, som i desse setningane: «Verknaden på ljogangen av sjølve jordrørsla (aberrasjonen) hadde lenge vore kjend.» (Røstad 1921: 395) og «setningar som ikkje let seg prova (aksiom)» (Røstad 1921: 396). Andre stader kjem eit vitskapleg uttrykk først, og det meir folkelege ordet etter. Det er kanskje fordi forfattaren hadde grunn til å tru at det vitskaplege omgrepet var såpass utbreidd at det ikkje utgjorde ei hindring for lesinga, medan det «nye» ordet kanskje ville gjere det: «[...] ljuset måtte vera eit svingetilstand, ein båregang.» (Røstad 1921: 393). I eitt avsnitt set forfattaren eit omgrepsspar opp mot eit anna omgrepsspar og markerer dei med høvesvis kursiv og hermeteikn, samstundes som han skriv om setninga og forklarar på to ulike måtar:

Eit tilstand av ro eller jamn rørsle gjev ei «rett line» ut gjennom tidi; men straks rørsle er ujamn i det reine romet vert det ei «krokline» ut gjennom tidi. Vi kann ogso segja det

so: ved jamn rørsle er det eit lineært samband millom romkoordinatane og tidskoordinaten – ved ujamn rørsle vert sambandet ikkje-lineært. (Røstad 1921: 398)

I same artikkelen brukar òg Røstad daglegdagse døme for å forklare noko så komplisert som relativitetsteori. Å knyte abstrakte element til konkrete storleikar gjer teksten enklare å forstå, og eg tolkar dette òg som eit pedagogisk trekk ved teksten.

2.3.2.4 Romantiske trekk og den inspirerte granskaren

Eg har nemnt tidlegare i oppgåva at den språklege stilen tenderer mot det kvardagslege og uformelle, og språket er til tider nøkternt. Men nokre gonger dukkar det opp avsnitt som skil seg frå resten av teksten, ved å vere romantiske, anten på synet på den inspirerte forskaren som geni, eller som i besjeling av naturfenomen og eventyraktige action-sekvensar. Som døme, kan vi sjå på Anton Røstad sin tekst «Dei øvste luftlaga» (1931):

Trillionar etter trillionar av luftmolekylar vert på denne måten hissa upp i utoleleg egse, so dei misser den stødige jamvekta dei elles har. Straks prøver dei å roa seg ved å stråla ut det energioverskotet dei får, som ljósstråling. Men stødt kjem det nye smådelar fykande inn frå romet, og miskunnslaust hamrar dei laus på luftmolekylane som ikkje får roa seg, men stendig vert piska til å senda ut nytt ljós. Langs vegen der smådelane fer fram, vert trillionar etter trillionar av luftmolekylar liggjande å skjelva og lysa. Og dei veike strålane frå kvar einskild molekyl samlar seg med alle dei andre til sterke ljósfloder som trengjer fram ned til jorda og gleder menneskeauga med det rike fargespelet sitt. (Røstad 1931: 277)

Dei energilada verba «hisse», «egse», «fyke», «hamre», «piske» og «skjelve», og den narrative konstruksjonen er med på å gjere heile denne passasjen om til eit actioneventyr der den elektriske strålinga og lufta spelar hovudrollene. Og den nesten anaforiske gjentakninga og understrekinga av «trillionar etter trillionar» gjer teksten suggerande og tilfører ein rytme som vi finn att i skjønnlitterære tekstar. Dette er langt frå nøkternt og sakprega språk. Det vakre ved lyset blir òg framheva som ein viktig eigenskap, jamfør «gleder menneskeauga». Dette er

ikkje den einaste staden Røstad kjem med slike litterære sprang. Her skildrar han ein trollbunden granskar som blir overvelda av det vakre nordlyset:

So rik ei fargebragd og so turvande skifterikt eit fargespel viser det mang ein gong at meir enn ein kald og roleg granskar har vorte ståande som klumsa og trollbunden når nordljøset har falda ut dei herlege stråleteppa for augo hans, og strålane har leika seg i sin vakraste ljøsdans. (Røstad 1931: 276).

Teksten har fleire slike «sprang». Desse trekka, sjølv om dei kanskje er litt for over-the-top for ein lesar i 2015, skapar utvilsamt ei spenning i teksten som gjer han underhaldningsverdi utover det reint faglege.

2.3.2.5 Modernitet og synet på naturvitskapen

Eg har tidlegare diskutert omgrepet «moderne» og brukt det til å karakterisere vitskapssynet i *Syn og Segn*, spesielt med tanke på korleis naturvitskapen vart framstilt i programartikkelen i det første nummeret. Det har vore interessant å undersøkje om og korleis dette synet vart påverka i mellomkrigstida. Ny teknologi og nye våpen hadde vorte brukt i den første verdskrigen, og var medverkande til at krigen fekk så store menneskelege tap og materielle øydeleggingar. Eg finn ingen forskjell, men temaet blir diskutert. I ein tekst av Anton Røstad frå 1929, skriv han ned tankar frå ein naturgranskarkonferanse i København, der atomspørsmålet har vore det verkeleg store samtaleemnet. Den notidige lesaren veit så altfor godt i kva lei atomenergiteknologien skulle utvikle seg. I denne teksten skriv Røstad at etter den første verdskrigen, så var særleg teologar ute for å felle ein dom over naturvitskapen:

Granskarane hadde funne naturlovene, so dei kunde ta naturkreftene i si teneste – og so vart det bygd kanonar og andre fæle mordgreidor. Og ropet vart: Vekk frå naturvitskapen! Attende til religion og åndsvitskap! (Røstad 1929: 448).

Røstad går med på at dei har eit poeng, men skriv langt på veg vidare at det heller er samfunnsvitskapen som må lastast for det som skjedde under krigen – det er menneska som tek i bruk våpen og vel korleis dei vil utnytte kunnskapen som naturvitskapen gjer, granskarane har ikkje slike moralske forpliktingar. Teksten kan lesast som eit forsvarsskrift for naturvitskapen, og samstundes ein kritikk av kor kort samfunnsvitskapen har kome. I same årgangen skriv Røstad ein annan tekst som er interessant, her drøftar han spørsmålet om korleis verda har vorte til. Han legg fram ei, eller eigentleg fleire, moglege vitskaplege forklaringar og set desse opp mot den religiøse skapingsforteljinga, i essayform. Han tek oss òg gjennom andre skapingsforteljingar frå andre land og religionar. Han stiller spørsmåla: Korleis har universet og naturlovene vorte til? Fins det ein skapar? Konklusjonen er alt anna enn bastant:

Vitskapen granskar det som er til, kastar ljøs over dei krefter som set dei ymse umskifte i gang, og over dei lover som desse umskifte fylgjer. Soleis gjev han oss stendig større kjennskap til samspelet millom kreftene i natura, og han let oss øygna gangen i det veldige umverket som stjerneverda er. Di meir ein lærer det å kjenna, di meir må ein ovundra seg, og di større og veldigare vert det. Men desse siste spørsmåla ligg utanfor det umrådet som vitskapen arbeider på. Her er einemerka for religionen, og her står vitskapsmannen og lekmannen likt. Her kann kvar einskild fritt tru kva han vil, og finna det svar som best høver til hans huglag og sjelelege innstilling. (Røstad 1929: 257).

Røstad held religionen utanfor naturvitskapen som noko *anna*, noko ikkje naturvitskapen skal svare på. Når det kjem til religion, skal det vere opp til kvar enkelt kva dei ønskjer å tru på.

Artiklane er ikkje eksplisitt anti-religiøse, men det fins fleire døme på at tekstar inneheld skildringar av korleis livet vart til, der religion ikkje blir tematisert i det heile. Svein Rosseland avsluttar sin tekst «Livstilhøvi utanfor jordi» (1936) med eit resonnement kring

kvifor det er oksygen i lufta vår, og skildrar eit geologisk tidsavsnitt der oksygenivået på Jorda auka og gav plass til fleircella liv:

Ein kann då tenkja seg at i fyrstningi har Jord-atmosfæren ikkje innehalde stort nøre, men berre kvæve og kolsyre og liknande gassar. So hev på ein eller annan måte eit primitivt planteliv teke til og smått um senn arbeidt fram den store nøremengdi i lufti, som hev skapt grunnlag for det høgare plante- og dyreliv. (Rosseland 1936: 302).

Her er ei ganske direkte tilvising til utviklingslæra til Darwin. Det i seg sjølv er ikkje så veldig banebrytande, det er mange eksempel på at norske populærvitenskaplege tekstar frå byrjinga av 1900-talet skildrar evolusjonsteorien på ein måte som hadde vore umogleg om han ikkje var noko kjend og godt fundert i samfunnet, sjølv om elementære naturvitenskaplege teoriar som evolusjonsteorien kom inn i den norske skulen så seint som på 70-talet, og har vore oppe til politisk diskusjon òg etter dette (Stenseth: 2009).

Ein annan tekst som er spennande å lese opp mot kløfta mellom naturvitenskapane og samfunnsvitenskapane, er eit debattinnlegg av Heljar Mjøen frå 1927, der han kjem med eit regelrett slakt av ymse propagandaskrift skriva av Otto Lous Mohr, som han viser til har fått stor og positiv mottaking. Mjøen kallar samfunnsvitarane for «kulturfolk» og legg ut om korleis dei, med Mohr i spissen, driv med vranglære når det kjem til Darwins utviklingslære. Det han siktar til er å bruke utviklingslæra for å avle fram ein overlegen menneskerase, og mellom anna få dei låge laga av befolkninga til å bruke prevensjon for å hindre at dei vidarefører dårlege gen. Han gjer greie for alle faktafeila i Mohr sine skrift, og avsluttar artikkelen sin med å peike på at Mohr pyntar seg med lånte fjør, og at dette ikkje har noko med naturvitenskapen å gjere:

For i røyndi er dette menneskeavl 'under kultur' som hr. Mohr forkynner, paa ingen maate ei frukt av nedarvingsgranskingi og hennar resultat, Tvertimot: det samfundsfaarlege programmet hans er eit rengjebilete av livslæra. (Mjøen 1926: 232).

Skribentane i *Syn og Segn* er ikkje redde for å gå i debatt om naturvitskaplege emne, og er påpasselege med å trekkje grensene for kva som er naturvitskapen sitt domene – og kva som handlar om kultur.

Eg har nemnt før at artiklane ber på eit positivt syn på kva vitskapen skal kunne utrette i framtida, og kva store svar vi skal finne svar på, berre granskarane får arbeide i fred. Mange av artiklane har òg ein open slutt – dei konkluderer ikkje med anna enn at det ikkje enno fins eit klårt svar. Setningar som «Og i framtidi vil det tvillaust bli kasta klårare ljøs over samanhengen.» (Røstad 1921: 401) og «Dette er eit høve som ein ikkje enno kann ettervise på eksperimentell veg, men med tida klarar ein det nok.» (Viksjø 1923: 30) er vanlege.

2.3.2.6 Jamføring med For Bygd og By og synet på naturvitskapen

Aslaug Nyrnes si hovudoppgåve frå 1981 ved Universitetet i Bergen er ein analyse av familiebladet *For Bygd og By*, der ho ser på heile 1927-årgangen under eitt. Avhandlinga hennar er ei kritisk tekstanalyse der ho synleggjer korleis bladet marknadsfører ei spesiell nynorsk kulturell norm.

For Bygd og By var det første nynorske familiebladet, og kom ut mellom 1912 og 1932 i Oslo. Bladet hadde ei fast spalte som heitte «Fraa teknikk og natur» som vart redigert av Torgeir Bjørnaraa (Nyrnes 1985: 63). Nyrnes har sett på bladet sitt syn på teknikk, vitskap og natur. Etter å ha lese spalta gjennom ein heil årgang, skriv ho at «Hovudtyngda av artiklar om vitskaplege granskingar går inn under det vi kallar 'geniet arbeider'-artiklar. Det er presentasjon av resultat frå den fjerne, store Vitskapen, sett gjennom innsatsen til einskildmenneske.» (Nyrnes 1985: 64). Ho skriv vidare at ho finn «romantiske presentasjonar

av 'Vitskapsmannen'» (Nyrnes 1985: 64) – ei romantisering av forskarrolla. Innhaldet i spalta deler ho i to: Det er utgreiningar om teknikk som har ein direkte praktisk nytteverdi for lesaren, til dømes skildringar av det nyaste innan moderne jordbruksreiskapar. Men for det meste, skriv ho, er det «eksotiske innslag frå dyreliv og teknikk» (Nyrnes 1985: 64). Det er Amerika som går att som den viktigaste referansen.

Vitskapen er viktig og relevant for *For Bygd og By*, og naturvitskapen står som ein premissleverandør for sanninga om verda vår. Til ein viss grad har artiklane altså ein mål-middel-relasjon, men «i hovudsak er teknikk i FBB (For Bygd og By, min merknad) objekt, einskildsfenomen, kuriosita. Teknikk er artige, spennande ting som ikkje er sette inn i ein mål-middel-relasjon. Dette tvetydige synet på teknikk, teknikk som framande objekt og teknikk som hjelpemiddel i ein kultiveringsprosess, har samanheng med eit tvetydig syn på natur i bladet.» (Nyrnes 1985: 65). Dette tvetydige synet på natur i bladet som Nyrnes siktar til er altså eit syn på natur både som objekt og som noko anna enn kultur, men ho finn òg att naturomgrepet brukt i samband med førestillingar om «menneskenaturen» i til dømes artiklar om oppseding, eller formuleringar som «teknikkens sanne natur». Her blir kultur og natur ein del av det same biletet. (Nyrnes 1985: 67).

Nyrnes finn òg eit tvisyn i måten natur og teknikk blir omtala på. Ho finn ein religiøs metaforikk som blir brukt til å skrive om naturvitskapen, der vitskapen kan utrette «mirakel» og teknikk kan vere «guddommeleg». «På den andre sida har vekslande sekularisering via Kopernikus, Galilei, Newton og Darwin gjort naturen til dommar og styrande kraft.» (Nyrnes 1985: 68).

Observasjonane til Nyrnes er veldig interessant å sjå opp mot mine egne funn etter å ha lese naturvitskaplege artiklar i *Syn og Segn* frå om lag den same tidsepoken som Nyrnes skildrar. I dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* finn vi att mykje av det Nyrnes har kome fram til i si undersøkjing. Artiklane *presenterer* forskning gjennom forskarar som blir

omtala med namn, artiklane er forteljingar om *einskildspersonar* som bidreg til den store forskinga. Det viktigaste å ta med seg frå denne jamføringa, er kanskje at det ikkje var noko ny sjanger som vart skapt for naturvitskaplege artiklar i *Syn og Segn*. Vi kan heller snakke om ein nynorsk sjanger for vitskapleg formidling, eller kanskje ein norsk.

2.4 Partikulær analyse

Til slutt vil eg gå nærare inn på fire utvalde tekstar som representerer heilskapen. Denne kapittelet er òg ein del av den kvalitative analysen. Artiklane eg har sett nærare på er «Ljosgangen i romet» (1921) og «Dei øvste luftlaga» (1931) av Anton Røstad, «Ymse prov på den daglege jordrørsla» (1923) av Hans Viksjø og «Livstilhøvi utanfor jordi» (1936) av Svein Rosseland. «Ljosgangen i romet» og «Ymse prov på den daglege jordrørsla» er plassert under *fysikk* i registeret, «Dei øvste luftlaga» er plassert under *meteorologi* og «Livstilhøvi utanfor jordi» er plassert under *astronomi*. Felles for artiklane er at dei alle bygger på fysikkfaget. Eg meiner at desse artiklane er representative for dei naturvitskaplege artiklane i perioden. Anton Røstad, som har skriva to av artiklane over, er eit namn som går att mange gonger som naturvitskapleg skribent i bladet. Eit interessant spørsmål her er korleis forfattarane forhandlar med verdiane og dei uformelle normene som gjaldt for nynorsk på denne tida, sett i lys av det presisjonsnivået fagspesifikke termar ofte krev.

Fysikk er eit fagfelt der fagtermane som er i bruk i dag om grunnleggjande fysiske emne ikkje har endra seg nemneverdig dei siste åra. Til dømes er orda og omgrepa som Newton formulerte på 1600-talet framleis i bruk. Dei blir ikkje utdaterte i seg sjølv. Det er òg omgrep og fagtermar som er mykje brukt, sidan fysikk er eit stort fagfelt både i Noreg og i verda. Det har gjort at eg òg har kunne vurdere termane som er brukt i dessa artiklane opp mot kva ord som er brukt i dag.

Fysikk er òg eit fagfelt som vekte stor interesse i Noreg i mellomkrigstida. Den sveitsiske fysikaren Albert Einstein publiserte den generelle relativitetsteorien i 1916, og snudde med den opp ned på det rådande verdsbiletet. Interesse for Einstein og teorien hans vart ytterlegare kveika av at de verdskjende fysikaren vitja Noreg i 1920 for å halde tre populærvitskaplege førelesingar (Voje 2010: 7). Teorien vart omtalt og diskutert i fleire norske media i tida før og etter Einstein sine norske føredrag.

2.4.1 Forfattarane

Eg har valt å ikkje gå langt i å finne biografiske opplysingar om forfattarane, men litt bakgrunnsinformasjon kan vere interessant. Anton Røstad og Hans Viksjø har det vore vanskeleg å finne opplysingar om. Anton Røstad har skrivne nokre bøker på tysk og nynorsk, for det meste oppgåvesett til skulebruk i realfag. Hans Viksjø har òg gjeve ut bøker i naturvitskaplege emne på både nynorsk og bokmål.

Den mest interessante personen er kanskje Svein Rosseland (1894–1985) frå Kvam i Hordaland. Han var ein pioner innan teoretisk astrofysikk både nasjonalt og internasjonalt. Frå 1928 vart han professor ved Universitetet i Oslo, men hadde fleire lange utanlandsopphald, særleg i USA. Han bygde opp ei av verdas største reknemaskiner. Fleire av verka hans vart standardverk innanfor fagfeltet hans, og han har mellom anna fått eit hus, ein asteroide og eit månekrater oppkalla etter seg. Han var ein populær føredragshaldar og skreiv mykje populærvitskap. Dei vitskaplege verka hans er for det meste på engelsk, samt litt tysk, medan dei populærvitskaplege bøkene er på bokmål.

2.4.2 Nynorskkorpuset

For å undersøkje utbreiinga og bruken av fagtermane som er brukt i artiklane, har eg brukt søk i nynorskkorpuset som er ei elektronisk samling av ord frå skjønnlitteratur, lærebøker, aviser,

tidsskrift, offentlege dokument og religiøse tekstar frå 1870-åra og fram til i dag, men med hovudvekt på dei siste femti åra. Det fungerer som eit supplement til dei andre ordsamlingane Norsk Ordbok byggjer på, men er eit sjølvstendig element. Norsk Ordbok er eit ordboksverk over det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket som vart etablert i 1930, og er enno ikkje ferdigstilt. Nynorskkorpuset inneheld i dag over 90 millionar ord, og er tilgjengeleg for digitale søk. Det er det einaste korpuset over nynorsk skriftkultur av sitt slag. Eg har utført trunkterte søk i korpuset, slik at eg har fått med bøyingar og samansette former av ordet i søket.

2.4.3 «Livstilhøvi utanfor Jordi» (1936) av Svein Rosseland

Svein Rosseland tek føre seg kva tilhøve som er naudsynt for liv på Jorda, og tek oss med på ein rundtur i vårt eige solsystem for å samanlikne tilhøva på Jorda med tilhøve på dei andre planetane vi veit noko om. Det er vanskeleg å skilje mellom kva som er fagord og kva som er nemningar som er såpass generelle at dei ikkje er fagspesifikke. Eg har valt å inkludere ord som til dømes namn og nemningar på planetar og himmelfenomen i analysen.

Ei vitig gruppe med fagord viser til grunnstoff og kjemiske sambindingar. Nemningar som er brukt i teksten er til dømes *kolsyre*, *zink*, *jarnoksid*, *ozon* og *kvæve*, og meir generelle nemningar som *dust*, *luftlag*, *lufthav*, *vêrlag*, *varmeisolerande gass* og *to*. Ei anna gruppe ord viser til planetar, verdsrommet og fenomen knytt til desse: *Himmelrømdi*, *Vintervegen*, *Himmelrandi*, *Verdsrømdi*, *stjerneheimen*, *månekanten*, *solsystem*, *måneskiva*, *månedag*, *merkurpassasje*, *venusspassasje*, *venusspekteret*, *planetsystem*, *marskanalane*, *polarkalottane* og *planetografien*. Så er det ei gruppe av ord som viser til eller er knytt til energi: *temperatur*, *jamnadstemperatur*, *frysepunkt* og *elektrisk straum*. Vidare kan vi skilje ut ei gruppe ord som viser til meir abstrakte fenomen og teoriar: *Atmosfærisk sirkelgang*, *Dopplers prinsipp*,

spektral-linone, termo- og fotoelektrisiteten, atomteorien og strålingslover, samt ord som viser til fysiske gjenstandar: *Termoelement* og *spektralapparat*.

Nemningane på grunnstoffa som vi vanlegvis skriv som *oksygen* og *nitrogen*, skriv Rosseland som *nøre* og *kvæve*. Nøre og kvæve kjem frå norrønt, og kvæve er i bruk i svensk i dag, medan oksygen og nitrogen har opphav i greske ord. Søk på *nøre*, *kvæve*, *oksygen* og *nitrogen* i nynorskkorpuset viser at orda *oksygen* og *nitrogen* i all hovudsak kjem i vanleg bruk først på 70- og 80-talet, medan *nøre* og *kvæve* er i bruk i tida før, flest oppslag får dei eldre nemningane i Norsk Allkunnebok frå 1948-1965. Her blir òg ordet *oksygen* brukt side om side med *nøre*.

Det latinskætta ordet *temperatur* gjer mange tilslag i nynorskkorpuset, men den tidlegaste kjelda er frå Norsk Allkunnebok i same tidsbolken som over. Det kan vere at ord som vi i dag ser på som ein naturleg del av det norske ordforrådet ikkje var like mykje i bruk i samtida denne teksten vart til i, men at det har kome meir i bruk på eit seinare tidspunkt.

Ordet *verdsrømdi* får ikkje tilslag i det heile, medan ord som *himmelrømdi* og *stjerneheimen* er berre brukt i skjønnlitterære tekstar. *Vintervegen* brukt som nemning på Mjølkevegen er ikkje å finne i nynorskkorpuset, berre om fysiske vintervegar, gjerne i nyhendejournalistikk frå nyare tid.

2.4.4 «Ljosgangen i romet» (1921) av Anton Røstad

I denne teksten tek Røstad for seg eit spørsmål som var aktuelt i tida, nemleg korleis lyset rører seg gjennom verdsrommet. Teoriane til Albert Einstein utfordra dei gamle ideane, og dei gamle ideane var fulle av paradoks.

Ei gruppe av orda er ord for å skildre verdsrommet og objekt i verdsrommet. Her finn vi ord som *allheimen*, *romet*, *himmelklotane*, *heimsromet* og *solli*, og ord for mindre fysiske storleikar som *atom*, *eteren*, *flogiston*, *varmestoff*, *elektron* og *natriumatom*. Ei stor gruppe

ord skildrar rørsle og energi: *Tverrsvinging, spreidingshast, svingerørsle, elastisiteten, friksjon, kraft-svinging, mekanisk svinging, elektromagnetisk svinging, kraftfelt, ljøsgangen, jordrørsle, aberrasjon, båregang, fysikalsk, rørsleretningen, elastisitets-svingingar, energi, tildriv, rørslehasen, spreidingshasen, den ernergetiske håtten, sirkelrørsle, lineært, ikkje-lineært, svingetid, ljøssvingingane, ljøsstrålar, varmestrålar, ultrafiolette strålar, elektromagnetiske bårer, elektrisk straum og gravitasjonsbårer*. I tillegg finn vi meir abstrakte omgrep som *euklidisk geometri, parallellitetsaksiomet, tidskoordinaten, romkoordinaten, massefordelingi, relativitetsteorien, ljøsbryting, spekteret, eter-teorien*.

Ordet *tildriv* går att i artiklane som eit synonym til energi, og forfattarane brukar ofte orda om ein annan. I nynorskkorpuset finn eg ikkje dette ordet att brukt i ei slik tyding, bruken ser ut til å heller handle om krefter i mennesket eller samfunnet.

Ord som spreidingshast, ljøssvinging, tverrsvinging gjev ingen tilslag i nynorskkorpuset, medan ord som svingetid og rørsleretninga gjer få tilslag, eitt treff i Norsk Allkunnebok, men hovudsakleg frå lærebøker frå 80-talet. Det kan sjå ut til at omgrep som dette er omsette frå utanlandske omgrep, og at somme av desse omgrepa har gått over til å bli innlemma i meir moderne fysisk fagterminologi på nynorsk.

2.4.5 «Ymse prov på den daglege jordrørsle» (1923) av Hans Viksjø

I denne teksten gjer Viksjø greie for kva prov som fins på at Jorda dreiar om seg sjølv, og ikkje står i ro i verdsrommet. Han går gjennom nokre kjende eksperiment, og forklarar desse. Ord for verdsrommet og fenomen i verdsrommet er *heimsromet, allheimen, fiksstjernehimlen, stjernesfæra, himmelkvelven, planetkrinsen, planetsfære, Saturnus, Jupiter, Jupiter-månane, mediceiske stjerner, klote, sentralklote, drabant, himmelmekanismen* og *Jorda*. Så er det ord som har med energi å gjere, eller som skildrar eigenskapar: *gravitasjonsfelt, himmelrørsle, jordrørsle, rangsøles, rettsøles, eroderande, kringlaup, umlaufstid, væskevore, kringsnuing,*

svingetid, svingfart, pendelfarta, sentrifugalkrafta, jordaksen, jordrotasjonen, luftstrøyming, relativt, fart, tråleik, massedel, koinciderte og homogen. Nokre ord viser til fysiske apparat eller objekt brukt i eksperiment: *konisk pendel, kronometerur, Focaults pendel, gyroskop, gognverk, fallmaskin og amortisør,* og somme ord kategoriserar kva type verdsbilete teoriene han skildrar har utgangspunkt i: *geosentrisk, heliosentrisk og kopernikansk.* Etymologien til dei greske orda geosentrisk og heliosentrisk er forklarte i fotnotane. Her er òg ein del matematiske omgrep som *vinkelutslag, svingingsviklane, ekvatorlina, geografiske polar loddpunkt og tyngdepunkt.*

Heimsromet og himmelmekanismen som nemning for verdsrommet gjev ingen tilslag i nynorskkorpuset, medan allheimen og himmelkvelven hovudsakleg får treff i skjønnlitteraturen. Det er i det heile ei imponerande samling ord for himmelen og verdsrommet i artikkelane.

Fleire av orda får eg ikkje noko treff på i nynorskkorpuset, til dømes planetkrins og svingingsvinkel. Slike ord kan sjå ut til at er omsette frå andre språk direkte, dei er informative og gjennomsluktige, vi kan fort sjå kva dei viser til.

2.4.6 «*Dei øvste luftlaga*» (1931) av Anton Røstad

Denne teksten handlar om kva som er i luftlaga over skyene, atmosfæren, og kvifor dette er eit interessant forskingsobjekt. Her er mange ord om atmosfæren, stoff og fenomen i atmosfæren: *luftlag, jordatmosfæren, luftmolekylane, nattskyer, stjernerap, meteor, kometstøv, kometris, perlemorskyer, fønvind, elektriske smådelar, rømda, kraftrom, ljofloder, ljosovring, heimsbygnaden, solkoronaen, kvæve, nøre, stjernetake, edelgass, atom, oson, ultrafiolett stråling, osonlukt, radiobylgjer, Heaviside-laget, troposfæren, stratosfæren, kvevestøv, koronium, geokoronium og nebulium.* Dei tre siste orda er nemningar på hypotetiske grunnstoff som seinare viste seg ikkje å vere rett.

Vi finn fleire ord om lys, energi og stråling: *ljósstrålane, gravitasjon, tyngdekraft, tyngdeverknad, tildraget, sentrifugalkrafta, vinkelfart, spennkreftene, stråletrykk, solstrålinga, temperatur, ljøsken, nordljøs, morgonljøsk, rundgangsfart, ljøsart og katodestrålar*, og eigenskapar som *jordbundne, diffundert, tettleik, leideevne, jordmagnetisk kraft*, samt nemningar på fagfelt som *meteorologi* og *aerologi*. Omgrep for fysiske og matematiske storleikar og teoriar er *jordyta, magnetpolane, sirkelbogar, rørsleleida, bylgjelengd, Månen, Jorda, sentrifugal grenseflate, medelfart, medelverde, elektrisitetmengda, energioverskot, spektrograf, spektroskopisk, spektrum, spektrallinor, elektrisermaskinor, ioniserer, amplituden, syklonale og antisyklonale strok, to, strålingsjamvekt og vertikalstrøyming*.

Forfattaren nyttar her norske nemningar på skyene, som i dag oftast blir omtalte med latinske namn i vtiskaplege samnhengar. Søk i nynorskkorpuset avdekkjer at dei norske namna som til dømes perlemorsskyer, går att fleire gonger i Norsk Allkunnebok.

Eit interessant funn er at forfattaren her nyttar ord som *ljøsk* for stråling, og *stjernerap* for meteor. Søk i nynorskkorpuset viser at *ljøsk* om stråler er mykje nytta, men då i skjønnlitteraturen og ikkje i naturvitskapleg samanheng. *Stjernerap* er nytta litt i Norsk Allkunnebok, men får flest treff i meir folkelege tekstar i skildringar av stjernehimmlen. Forfattarane nyttar desse orda, som kanskje er meir vanlege i talespråket, jamsides dei meir vitskaplege termane stråling og meteorar.

2.4.7 Oppsummering

Dei fleste orda er ord som ser norske ut, og dei har ei form som høver godt med måten ikkje-faglege termar ser ut og fungerer integrerte i språket. Eg finn ikkje at forfattarane har brukt ord med ei utprega dansk, tysk eller engelsk orddrakt, sjølv om dette er språk vi kan tenke oss at mykje av vitskapsspråket på denne tida vart skrive på, og som forfattarane har må ha hatt eit tilhøve til. Det kan vere at desse språka òg nyttar eit høgt innslag av ord som er gresk- og

latinskætta, som eg òg finn att i artiklane eg har lese. Viss dette er tilfellet, kan det vere at artiklane er meir influerte av den danske, tyske og engelske vitskapsprosaen enn det dei gjev inntrykk av. Lausrivne kan fleire av orda virke framande og lite sjølvforklarande, men som eg har peika på tidlegare, diskuterer og forklarar forfattarane mange av orda undervegs i teksten, noko som gjer det enklare for lesaren å hengje med. Nokre ord mistenkjer eg er direkteomsetjingar frå andre språk til norsk, og dei fungerer godt sjølv om dei ikkje er etablerte som faguttrykk fordi dei i stor grad er sjølvforklarande og er bygd opp av allereie kjende norske ord.

Ordet tverrsvinging går att i fleire av artiklane, men dette ordet gjer ingen tilslag i nynorskkorpuset. Det kan vere at nynorskkorpuset manglar ein del tekstar frå denne perioden der eit slikt ord kunne vore naturleg å bruke, men det kan òg vere at dette er ord som ikkje var normerte og i vanleg bruk, men at forfattarane av dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* las kvarandre sine tekstar og plukka opp ord og uttrykk som dei sjølv byrja nytte, og på den måten var med på å lage ein eigen terminologi som fungerte innanfor akkurat denne type tekstar i *Syn og Segn*.

Måten forfattarane skildrar naturfenomen på, er i nokon grad samanfallande med ord og omgrep vi finn att i skjønnlitteraturen. Dette har vore eit punkt eg har funne spesielt interessant, særleg med tanke på at stilen i artiklane somme stader nærmar seg det skjønnlitterære. Det kan seie noko om kva nynorskspråklege førebilete forfattarane hadde å stø seg på i skrivinga, at det var for det meste i den nynorske skjønnlitteraturen ein måtte gå for å finne skildringar av naturen. Forfattarane var fleirspråklege, fleire av dei publiserte på bokmål og andre språk i tillegg til å skrive på nynorsk, og det er ikkje sikkert at nynorsk var førstespråket. Det er heller ikkje sikkert at dei hadde opplæring i nynorsk i skulen, og det vil seie at dei måtte ha lært seg det nynorske språket og stilen gjennom andre tekstar, og det fanst

ikkje mykje tilfang av naturvitskaplege tekstar på nynorsk i denne perioden. Dei språklege førebileta er då kanskje nettopp skjønnlitterære.

2.5 Oppsummering av den andre hovuddelen

I denne hovuddelen av oppgåva har eg tatt føre meg teoriar om sjanger og teksttype, og sett på kva ideal som har vore gjeldande for korleis det norske språket skal sjå ut. Eg har gjort ei kvantitativ analyse av innhaldet i *Syn og Segn* dei første 75 årgangane, og ei kvalitativ analyse av 69 artikkelar om naturvitskap som stod på trykk i mellomkrigstida, og ei næranalyse av fagtermar i fire utvalde artikkelar. Denne gjennomgangen har ført til at eg kan slå fast at dei naturfaglege artiklane var eit vanleg innslag i *Syn og Segn* gjennom alle dei 75 første åra tidsskriftet kom ut, og artiklane kan kategoriserast som ein teksttype som har klare pedagogiske trekk.

I innleiinga stilte eg spørsmål om lesnadane mine kunne seie noko nytt om perioden, og om det fins perspektiv som burde løftast fram. Framstillinga mi viser at om ein ikkje berre granskar det leksikalske nivået, men ser det i samanheng med sjangeren, teksttypen og stilen, så er det fruktbart å løfte fram andre motivasjonar enn purisme og omsynet til det nasjonale som ideologi som styrer det nynorske stilidealet. Ikkje minst blir det tydeleg når ein ser på måten forfattarane kommuniserer med lesarane. Det er knytt utfordringar til å skrive om «nye» fagfelt på eit språk utan ein etablert terminologi for fagfeltet, og forfattarane i dei naturvitskaplege artiklane løyser dette ved å nytte ei rekkje pedagogiske grep, mellom anna eit høgfrekvent metaspråk der dei forklarar og gjentek ord og omgrep som kan vere problematiske om ein berre ser på termene isolert.

Sluttord og konklusjon

I denne oppgåva har eg lese dei naturvitskaplege tekstane i *Syn og Segn* i utbyggingsfasen fram til 1940 som døme på ein vanleg teksttype i denne perioden, og føremålet med oppgåva var å seie noko om kva som skjer når eit språk utvidar seg. Eg tok utgangspunkt i ein av dei fire fasane i språkplanleggingsteorien til Einar Haugen, utbyggingsfasen, der funksjonen til skriftnorma blir bygd ut. Fasen som kjem etter denne er at norma blir godkjent. For at norma skal bli godkjent og tatt i bruk, er det viktig at språkbrukarane blir vande med sjå norma i bruk, at dei blir fortrulege med ho. At *Syn og Segn* og resten av den nynorske pressa, dei store skriftprodusentane, nytta nynorsken til å skrive i eit vidt emneregister bidrog til at lesarane vart vande med å sjå nynorsk i fleire samanhengar. Dette utvida grensene for kva det var mogleg å skrive om på nynorsk.

Først gjorde eg ei kontekstanalyse der eg plasserte dei naturvitskaplege artiklane og *Syn og Segn* inn i ei breitt historisk rådeverk, og såg dette opp mot kjent teori om språkplanlegging og dei forskjellige språkplanleggingsprinsippa som har vore rådande innanfor den norske konteksten. Eg såg òg på korleis normer kan vere styrande for språkbruken og at normene ikkje berre blir styrte av kvantitet, men at somme normagentar med makt påverkar meir enn andre. *Syn og Segn* har nok hatt ei rolle som normagent innanfor nynorskmiljøet, men fordi nynorsk er eit mindre brukt språk, påverkar truleg ikkje *Syn og Segn* så mykje den allmenne norske språkmarknaden. Eg gjorde så ei kvantitativ analyse av innhaldet i tidsskriftet og ei kvalitativ gransking av dei naturvitskaplege artiklane i mellomkrigstida. I den kvantitative analysen slo eg fast at det naturvitskaplege stoffet har vore ein stabil del av innhaldet i tidsskriftet dei første 75 årgangane.

I ei kvalitativ gransking av dei naturvitskaplege artiklane i mellomkrigstida peika eg på fleire tydelege pedagogiske trekk ved artiklane. Dette var eit fruktbart perspektiv som viste

fram fleire sider ved artiklane. Det blir ofte hevda at grunnen til at nynorske tekstar har talemålsnære strukturar og helst nyttar norske ord er på grunn av ideala om det puristiske, reine språket. Då tenkjer eg på purisme knytt opp til nasjonalisme. Det kan vere sant, men i mitt tekstmateriale kan dette like gjerne vere uttrykk for eit pedagogisk omsyn. Dette peikar Brunstad på òg når han skriv om purismeomgrepet, at å halde språkleg «heimleg» kan vere motivert ut frå ein demokratisk tanke som går ut på at språket skal vere tilgjengeleg for flest mogleg, uavhengig om dei er røynde lesarar (Brunstad 2005: 55). Er artiklane vellukka som pedagogiske tekstar? Min konklusjon er at dei er det. Dei har eit enkelt og forståeleg språk, og nyttar få framandord. Når dei nyttar framandord, er dei oftast godt forklart i teksten. Difor fungerer artiklane òg opplysende, og har kanskje noko demokratisk ved seg: alle kan forstå dei. Dei fleste artiklane er motiverte ut frå at dei skriv om emne som er aktuelle i tida, andre igjen ber preg av å vere litt umotiverte. Som om dei skriv berre for å skrive – eller for å prøve ut nynorsk på nye tema?

Artiklane oppfyller langt på veg dei fleste av dei nynorske litterære ideala som Brunstad har lista opp i sin artikkel om nynorsk språkføring, dei har ein verbal uttrykksmåte med korte, enkle setningar og restriktiv passivbruk. Ein slik stil kan vere passande for slike populærvitskaplege framstillingar som i desse artiklane, men høver nok ikkje like godt for meir akademiske tekstar om naturvitskap.

Utvida desse artiklane grensene for å kunne skrive om naturvitskap på nynorsk? Ein nynorskbrukande masterstudent i fysikk vil nok finne lite hen kan bruke som ideal for naturvitskapleg vitskapsspråk i slike tekstar. Dei bidreg ikkje til å utvikle ein fagterminologi og ein fagleg stil som kan fungere utover den populærvitskaplege forma. Og i dette ligg det kanskje eit paradoks og eit problem: Nynorsken er bunde av normer og haldningar til korleis språket skal vere, og desse haldningane og normene kan vere eit hinder for nynorsk når det kjem til å utvikle nye stilnivå, til dømes det stilnivået som naturfagleg fagspråk treng. For å

utvikle eit godt og fungerande fagspråk på nynorsk innan naturvitskap, treng ein grundige oppslagsverk og ordlister med fagterminologi. Men fagspråk er meir enn berre orda, det er òg ein stil og ein sjanger som må utviklast i tekst av språkbrukarar. Då trur eg at det må meir til enn underhaldande, populærvitskaplege artiklar. Eg trur ikkje artiklane har hatt som føremål å vere noko anna enn det dei gjer seg ut for å vere, som er ein type populærvitskap. Men eg konkluderer likevel med at om målet med å trykke slike tekstar har vore eit forsøk på å utvide det nynorske vitskapsspråket, er det andre strategiar som hadde fungert betre. Dette er minst like aktuelt i dag, med tanke på at norsk tapar terreng i akademia i høve til engelsk – og då spesielt i naturvitskaplege fag.

Nynorsken mangla mange ord i 1894, året det første nummeret av *Syn og Segn* kom ut. Publiseringa av nynorske tekstar om filosofi, historie, teologi, teknikk, medisin, naturfag og litteratur i *Syn og Segn* var med på å auke ordtilfanget, men òg ideen om kva det gjekk an å skrive om på nynorsk. Dette var eitt av dei språkpolitiske måla for tidsskriftet. Dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* var ein teksttype som vaks fram som eit svar på problemet om manglane tekstar på nynorsk om eit breiare spekter av emne. Dei hadde sjølvsagt ein opplysende funksjon, men dei hadde òg ein funksjon av å berre vere til. *Syn og Segn* er eit tidsskrift som har skrive om «det som gjeng gjøno Tia», for å bruke Olaus Fjørtoft sine ord, i over 120 år. Eg har med denne oppgåva gjeve eit lite bidrag til å forstå korleis ein dei naturvitskaplege artiklane i *Syn og Segn* og konteksten han vart til i, i mellomkrigstida.

Artiklane vart til på eit språk som stod i ein mindretalsposisjon til eit anna, dominerande språk i samfunnet. Sjølv om artiklane vart skrivne i ei tid med framgang for nynorsken, var makta skeivt fordelt. Det er ikkje mogleg å lausrive artiklane frå denne tospråklege konteksten dei vart skrivne i. Fleire av forfattarane var fleirspråklege, og tekstane vitnar om at dei nynorskspråklege førebileta deira i hovudsak var skjønnlitterære tekstar. Som eg har vist i den første hovuddelen, skjedde det ei oppblomstring av nynorske aviser og blad i

tida etter 1910, men så lenge nynorsk er mindretalsspråket er det likevel bokmål som var det dominerande skriftspråket i samfunnet.

I arbeidet med denne oppgåva har det etter kvart vist seg fleire område som eg meiner er interessant for vidare forskning, og fleire spørsmål kan stillast til det store tekstmaterialet som er publisert i *Syn og Segn*. Spesielt spennande hadde det vore å sjå på artiklane frå tiåra etter den andre verdskrigen. Frå slutten av 50-talet og fram til 80-talet auka opplaget og vi veit at tidsskriftet vart mykje brukt i skulen. Dette er ikkje uventa ut ifrå det pedagogiske tilsnittet i artiklane som eg har påvist også før 1940. Her hadde det vore interessant å lese artiklane i dette tidsrommet som pedagogiske tekstar og undersøke om innhaldet tilpassa seg denne bruken, og eventuelt på kva måte. Fungerte *Syn og Segn* som ein normagent og førebilete for nynorsk i skulen?

Heilt frå starten av, har målrørsla sitt arbeid vore todelt: Det har handla om å produsere og gjere nynorsk litteratur tilgjengeleg, og det har handla om utvikle og spreie ideologien som ligg til grunn for målarbeidet. Kjell Haugland kallar det for dei to dimensjonane i målarbeidet (Haugland 1985:33). *Syn og Segn* har tradisjonelt vore ein del av den første dimensjonen. Likevel er det vanskeleg å *setje* eit skarpt skilje mellom dei to dimensjonane. Det å skrive og gje ut tekst på nynorsk er i seg sjølv ei politisk handling, og ideologien ligg innbakt i sjølv handlinga, sjølv om temaet er relativitetsteori, samtidslitteratur eller utgreiingar om dei politiske tilhøva i Russland. Det at ei slik handling er implisitt politisk, kan vi mellom anna sjå på reaksjonane som har følgd handlingane. Folk har late seg provosere av dei som skriv nynorsk, og til ei viss grad gjer folk det enno. Dei er ikkje provosert på grunn av innhaldet i teksten, men på grunn av språket teksten er skriven på. I dag fins det kanskje område der nynorsken har eit hegemoni, der nynorskbruken er sjølvsgd for nynorskbrukarane, og der språkbruken ikkje treng å vere politisk. Men for eit tidsskrift som *Syn og Segn* er det nynorske språket ein del av eksistensgrunnlaget, og det er ikkje noko

sjølvsagt eller tilfeldig med å gje ut eit reint nynorskblad i hovudstaden, heller ikkje i dag. Det var heller ikkje sjølvsagt for skribentane i *Syn og Segn* å skrive på nynorsk i mellomkrigstida. Dei aller fleste var tospråklege og publiserte mykje på bokmål. Det var ei aktiv handling å velje å skrive på nynorsk.

Referansar

- Askeland, Norunn. 2010. «Metaforar, politisk retorikk og pedagogiske tekstar» i (Red.) Knudsen, Susanne V. og Aamotsbakken, Bente. *Teoretiske tilnærmingar til pedagogiske tekster*. Høyskoleforlaget AS: Kristiansand.
- Brunstad, Endre. 2000. «Språknormer som forskningsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskinga», i (Red.) Brodersen, R B. *Språkvitskap og vitskapsteori*. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg. Ariadne forlag: Oslo.
- Brunstad, Endre. 2005. «Det reine språket. Eit riss av purisme-omgrepet» i (Red.) Sandøy, Helge, Brodersen, Randi og Brunstad, Endre. *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 15. Høgskulen i Volda: Volda.
- Brunstad, Endre. 2005. «Purismeomgrepet gjennom to tusen år.» i (Red.) Sandøy, Helge, Brodersen, Randi og Brunstad, Endre. *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 15. Høgskulen i Volda: Volda.
- Brunstad, Endre. 2009. «Kva er god nynorsk språkføring?» i (Red.) Omdal, Helge og Røsstad. *Språknormering – i tide og utide?* Novus forlag: Oslo
- Djupedal, Reidar. 1968. «Ei framtid på borg». I (Red.) Birkeland, Bjarte. *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Dysvik, Sylvi. 2009. *Frå songvegjer til høgfartsbanar: om nynorsk fagspråk og terminologi i lys av norsk fagleksikografi*. Høgskulen i Volda: Volda.
- Flo, Rasmus. 1969. [1894]. «Syn og Segn». I (Red.) Rue, Olav Hr. *Syn og Segn 75. Norsk tidsskrift 1894–1969. Ein antologi ved Olav Hr. Rue*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Grepstad, Ottar. 1998. «Sakprosaens linjer», i (Red.) Johnsen, Egil Børre og Eriksen, Trond Berg. *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa frå 1750–1995. Bind II 1920–1995*. Universitetsforlaget: Oslo.
- Grepstad, Ottar. 2005. *Nynorsk faktabok 2005*. Nynorsk kultursentrum: Ørsta.
- Grepstad, Ottar. 2006. *Viljen til språk*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Grepstad, Ottar. 2010. *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Grepstad, Ottar. 2010. *Språkfakta 2010*. Nynorsk kultursentrum: Ørsta.
- Grønvik, Oddrun. 1987. *Målbruken i offentleg teneste 1930–1940. Ein studie i vilkåra for å få gjennomført målbruksreglane i lov og føresegner frå 1930–1931*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Gundersen, Dag. 2009. «Fagspråk». I Store norske leksikon. Henta 21. desember 2014 frå <https://snl.no/fagspr%C3%A5k>.

- Haugen, Einar og Gundersen, Dag (omsetjing). 1969. Kapittel 1 i *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Universitetsforlaget: Oslo.
- Haukaas, Kaare. 1950. *Syn og Segn. Innholdsliste for årgangane 26–50. 1920–1944*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Haugland, Kjell. 1985. *Striden om skulespråket: frå 1860-åra til 1902*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Hellspong, Lennart og Ledin, Per. 1997. *Vägar genom texten. Handbok i brukstextanalys*. Studentlitteratur: Lund.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 1996. *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Noregs forskingsråd: Oslo.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 2011. *Mål og modernisering 1868–1940*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Hyvik, Jens Johan. 2009. *Språk og nasjon 1739–1868*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Knudsen, Susanne V. og Aamotsbakken, Bente. 2010. «Refleksjoner over pædagogiske tekster» i (Red.) Knudsen, Susanne V. og Aamotsbakken, Bente. *Teoretiske tilnærmingar til pedagogiske tekster*. Høgskoleforlaget AS: Kristiansand.
- Lundeby, Einar. 1994. «Om prioritering i norsk språkplanlegging». I (Red) Jahr, E. H. og Wiggen, G. *Norsk og nordisk. Femten studier i språkhistorie og språknormering: Festskrift på 80-årsdagen 3. oktober 1994*. Novus forlag: Oslo.
- Midttun, Olav. 1968. «1868–1918». I (Red.) Birkeland, Bjarte. *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Midttun, Olav. 1971. *Livsminne*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Nilssen, Olaug. 2008. «Målkvinner med såpevaska fjes.» Kronikk i *Bergens Tidende*, publisert 27. juni 2008. Bergen.
- Nyrnes, Aslaug. 1985. *Det (ny)norske mennesket. Ein litterær analyse av familiebladet For bygd og by*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Rue, Olav Hr. 1969. «Målmenn og froskelår 1894–1969». I (Red.) Rue, Olav Hr. *Syn og Segn 75. Norsk tidsskrift 1894–1969. Ein antologi ved Olav Hr. Rue*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Rue, Olav Hr. 1971. *Syn og Segn. Register 1945–1969. 51.–75. årgangen*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Rytter, Olav. 1968. «Tidsskriftet». I (Red.) Birkeland, Bjarte. *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Sandøy, Helge. 1997. *Lånte fjører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord*. Utgreiing

- for Kulturdepartementet og Norsk språkråd.
- Sandøy, Helge. 2003. «Den norske normeringsstriken» i (Red.) Omdal, H. og Røsstad, R. *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Høyskoleforlaget: Kristiansand.
- Sandøy, Helge. 2005. «Språkomgrepet, språkholdningar og purisme.» i (Red.) Sandøy, Helge, Brodersen, Randi og Brunstad, Endre. *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 15. Høgskulen i Volda: Volda.
- Skard, Sigmund. 1968. «Det Norske Samlaget» I (Red.) Birkeland, Bjarte. *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Språkplanlegging. 2009. I Store norske leksikon. Henta 21. desember 2014 frå [https://snl.no/spr%C3%A5kplanlegging]
- Stenseth, Nils Chr. 2009. «Bondeviks mislykkede kamp» på trykk i Klassekampen 14.02.2009.
- Svennevig, Jan. 2009. *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. 2. utg. Cappelen Akademisk Forlag: Oslo.
- Suuonuti, Heidi. 2001. *Termlosen . Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid*. Språkrådet: Oslo.
- Torp, Arne og Vikør, Lars. 2003. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 3. utg. Gyldendal Akademisk: Oslo.
- Tusvik, Sverre. 2009. «Syn og Segn». Henta frå alkunne.no 21. desember 2014 frå [http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=30&id=1038]
- Tønnesson, Johan L. 2012. *Hva er sakprosa*. 2. utg. Universitetsforlaget: Oslo.
- Vigeland, Bjørn. 2004. *Funksjonell grammatikk og tekstanalyse*. Unipub forlag: Oslo.
- Vikør, Lars. 2007. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus Forlag.
- Johansen, Nils Voje. 2010. *Einstein i Norge*. Res Publica: Oslo.
- Keilhau, Wollert. 1920. *Syn og Segn. Register til årgang I–XXV (1894/95–1919)*. Det Norske Samlaget: Oslo.
- Østberg, Dag. 1999. *Det moderne. Et essay om Vestens kultur 1740–2000*. Gyldendal: Oslo.
- Aasen, Ivar. 1836. *Om vort Skriftsprog*. Første gong prenta i *Syn og Segn* 1909, s. 1-5. Her frå Eskil Hansen (red.): *Om norsk språkhistorie. En antologi*. s. 218-222. Universitetsforlaget, 1970. Elektronisk utgåve ved Nynorsk kultursentrum 2006

Referansar i *Syn og Segn*:

Røstad, Anton. 1929. «Naturgranskinga og åndslivet vårt». I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Fem og trettiande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Røstad, Anton. 1921. «Ljosgangen i romet». I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Sju og tjugande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Røstad, Anton. 1929. «Tankane um heimsens opphav» I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Fem og trettiande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Mjøen, Heljar. 1926. «Livslæra i forvengjing» I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Tvo og trettiande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Rosseland, Svein. 1936. «Livstilhøvi utanfor Jordi» I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Tvo og fyrstiande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Røstad, Anton. 1931. «Dei øvste luftlaga». I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Sju og trettiande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Viksjø, Hans. 1923. «Ymse prov på den daglege jordrørsla». I (Red.) Midttun, Olav. *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift. Ni og tjugande aargangen*. Det Norske Samlaget: Oslo

Artiklane som er vist til, men ikkje referert spesifikt til, er henta frå innbundne årgangar av *Syn og Segn*, utgjevne av Det Norske Samlaget mellom 1919–1939.

Søk i nynorskkorpuset

Nynorskkorpuset. http://no2014.uio.no/korpuset/conc_enkeltsok.htm

Samandrag

Kva skjer når ein skriv om eit tema ein ikkje har ord for på det språket ein skriv? Denne oppgåva er ei undersøking av dei naturvitskaplege artiklane i tidsskriftet *Syn og Segn* i den nynorske utbyggingsfasen fram til 1940. Det er ei gransking av den historiske konteksten desse artiklane vart til og kom ut i med eit gjennomgåande blick på den tospråklege røynda. Det er gjort ei kvantitativ analyse av det tematiske innhaldet i dei 75 første årgangane av *Syn og Segn* for å kunne gjere greie for naturfaget sin plass i tidsskriftet. Ei kvalitativ analyse går ut på lese og tolke utvalde artiklar i *Syn og Segn* i den bestemte perioden, og har ført til ei syntetisk framstilling av ein sjanger, og ein partikulær presentasjon av fire representative artiklar. Med ei kulturfagleg tilnærming blir det lagt vekt på å forklare framvoksteren og grunnlaget til den norske målreisinga, og på kva måte *Syn og Segn* var eit produkt av denne striden.

Granskinga viser at artiklane er eit middel for å nå eit språkpolitisk mål om å skrive på nynorsk om eit breitt spekter av tema i ei tid der nynorsken fekk fleire brukarar. Språket gjekk frå ein etableringsfase og over i ein utbyggingsfase der det var viktig å vise at nynorsk kunne vere eit fullverdig bruksspråk. Framstillinga viser at det er fruktbart å løfte fram andre motivasjonar enn purisme og omsynet til det nasjonale som ideologi som styrer det nynorske stilidealet. Det er knytt utfordringar til å skrive om «nye» fagfelt på eit språk utan ein etablert terminologi for fagfeltet, og forfattarane i dei naturvitskaplege artiklane løyser dette ved å nytte ei rekkje pedagogiske grep. Artiklane var med på å utvide rommet for kva det går an å skrive om på nynorsk, men dei er problematiske som normdannande for eit nynorsk naturvitskapleg fagspråk. Det er fordi forma, stilen og sjangeren ikkje legg til rette for det.

Vedlegg

Vedlegg A: Naturvitenskaplege artiklar i *Syn og Segn* 1919–1939

1919

Røstad, A. *Noko um livet og energilovene.* (Naturfilosofi – ymist)

1920

Røstad, A. *Elektronstråling* (Fysikk)

- *Frå det moderne eventyrland* (Fysikk)
- *Krystallbygningen* (Fysikk)

Danielsen, D. *Professor de Geer og den geologiske tidsrekninga hans* (Mineralogi og geologi)

- *Voksterliv i Norig fyrr og no* (Botanikk)

1921

Røstad, A. *Atommet og atomkjernen* (Fysikk)

- *Ljosgangen i romet* (Fysikk)
- *Molekyldans* (Fysikk)

Viksjø, H. *Korleis er det inne i jorda?* (Mineralogi og geologi)

Mohr, O. L. *Er det raad aa yngjast uppatt?* (Biologi)

1922

Danielsen, D. *Frå Lista til Åna-Sira. Ei fire dagars geologisk utferd* (Mineralogi og geologi)

Kolsrud, S. *Nye granskingar etter opphavet til det norske folket* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)

Nummedal, A. *Den eldre steinalderen vår* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)

1923

Viksjø, H. *Ymse prov for den daglege jordrørsla* (Fysikk)

1924

Danielsen, D. *Arv og utvikling* (Naturfilosofi – ymist)

- *Darwinlæra. Stutt svar på merknadane til Johan Huus* (Naturfilosofi – ymist)

Huus, J. *Er Darwins lære avleggs? Nokre merknader* (Naturfilosofi – ymist)

- Fagermo, M.** *Nærmare um Einsteins relativitetsteori* (Fysikk)
Røstad, A. *Var det auking i luftstrøyminga?* (Meteorologi)
– *Verumskiftet fyre nedgangstida i Noreg* (Meteorologi)
– *Frå «Yellowstone national park»* (Zoologi)

1925

- Røstad, A.** *Luftvæta* (Meteorologi)
Haslund, S. *Grønland og klimat-teorien* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)
Skard, E. *Pompeii* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)
Strand, E. *Sjælelivet hjaa insekti* (Zoologi)

1926

- Mjøen, H.** *Livslæra i forvringjing. Kristiske merknader til propagandaskriftene aat Otto Lous Mohr* [«Arvelærens grundtræk»] (Naturfilosofi – ymist)
Røstad, A. *Gull av kviksyly?* (Mineralogi og geologi)

1927

- Lima, S.** *Um utviklingslæra, mannelekamen og kroppskultur.* (Naturfilosofi – ymist)
Visted, K. *Atlantis* (Naturfilosofi – ymist)
Danielsen, D. *Røyster frå gravene* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)
Handagard, I. *Vaarvokster som veks og blømer i snø og is. Eterrøkjingar* (Biologi)

1928

- Rosseland, S.** *Soga um solflekkane* (Astronomi)
Røstad, A. *Um nordljøsgranskinga* (Astronomi)

1929

- Røstad, A.** *Naturgranskinga og åndslivet vårt. Tankar etter den 18de nordiske stemna for naturgranskarar* (Naturfilosofi – ymist)
– *Tankane um heimsens upphav* (Naturfilosofi – ymist)

1930

- Fagermo, M.** *Fargane i fysikken* (Fysikk)

1931

- Danielsen, D.** *Jordalder, jordvarme, radioaktivitet og fastlandsflytting* (Mineralogi og geologi)
Røstad, A. *Dei øvste luftlaga* (Meteorologi)

1932

- Fagermo, M.** *Kva er tid? Tankeleik på ein nyårskveld* (Kronologi)
Jerstad, J. *Jordyta og jordinna* (Mineralogi og geologi)
Røstad, A. *Den jordmagnetiske uro* (Mineralogi og geologi)
Øverås, A. *Gamal-europearen. Ein glytt attende mot farne tusundår* (Mineralogi og geologi)

1933

- Freundlich, E.** *Det moderne synet på verdsbygnaden* (Astronomi)
Røstad, A. *Gamle tankar og truer um nordljoset* (Astronomi)
Undheim, B. *Er det liv på andre klotar?* (Astronomi)

1934

- Røstad, A.** *År og månad* (Kronologi)
Goksøyr, H. *Budde det folk i Noreg under den siste istida og korleis har dei klimatiske tilhøva vore etter istida?* (Forhistorisk arkeologi - etnografi)

1935

- Knoche, W.** *Korleis Sahara-øydemarki hev vorte til* (Naturfilosofi – ymist)
Moe, O. *Litt um radiobylgjer og andre etersvingingar* (Fysikk)
Danielsen, D. *Frå fjell og jord på Agder. Drag av den geologiske saga* (Mineralogi og geologi)
Huus, J. *Korleis såg neandertalaren ut?* (Forhistorisk arkeologi - etnografi)
– *Neandertalaren i Europa. Nokre fund-data* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)
Marstrander, S. *Kvar tok dei til med jarvinnna?* (Forhistorisk arkeologi – etnografi)

1936

- Rosseland, S.** *Livstilhøvi utanfor Jordi* (astronomi)
Røstad, A. *Vervarsling og næringsliv ut gjennom tidene* (Meteorologi)

1937

- Øye, A.** *Livet elsker variasjon. Tankar frå nedervingslæra I* (Naturfilosofi – ymist)
– *Ved Urdar brunn. Tankar frå nedervingslæra II* (Naturfilosofi – ymist)
– *Vyrnad for det personlege. Tankar frå nedervingslæra III* (Naturfilosofi – ymist)
- Danielsen, D.** *Uppsteikningar um år og aldrar i fjell og fjord og tre* (Mineralogi og geologi)
- Røstad, A.** *Harde og milde vintrar* (Meteorologi)
- Goksøyr, H.** *Vikster og dyreliv på øyane* (Biologi)
- Lyngnes, R.** *Fuglar som døydde ut i nyare tid* (Zoologi)
– *Sumarliv ved eit norsk fjellvatn* (Zoologi)
- Løyning, P.** *Forsvarsvåpen i dyreriket* (Zoologi)

1938

- Øye, A.** *Eugeniske synsmåtar. Tankar frå nedervingslæra IV* (Naturfilosofi – ymist)
- Huus, J.** *Dyrelivet vårt om vinteren. Fugl, krypdyr og pattedyr* (Zoologi)

1939

- Hjulstad, O.** *Bor, kopar og mangan som plantenæringsemne* (Biologi)
- Heintz, A.** *Kva veit vi om utviklinga av dyrelivet?* (Zoologi)